

Kulturmiljøplan Time kommune

Med fortid og nåtid inn i framtida



Høyringsutkast

Rev. august 2025



Time kommune

Forord

Denne planen gir informasjon, prioriteringar og strategiar for kulturmiljø og kulturminne i Time kommune. Planen skal nyttast som eit strategisk dokument og han skal vera eit kunnskapsgrunnlag i vidare planarbeid, òg eit grunnlag for forvaltinga av kulturminna i kommunen.

Planen er ein temaplan, og han er ein revisjon av kommunedelplanen *Kulturminneplan Time kommune 2008 - 2019*, som vart vedteken av Time kommunestyre 04.11.2008. Kulturmiljøplanen vil bli lagt til grunn for vurdering av omsynssoner og føreseigner for bevaring ved rullering av arealdelen i kommuneplanen og kommunedelplan for Bryne sentrum.

Samanlikna med *Kulturminneplan 2008-2019* er planen endra på nokre område. Nokre kulturminne er tekne ut, for eksempel fordi dei har vorte rivne, eller at dei gjennom regulering er blitt gitt løyve til å rivast, mens nye er lagde til. I teksten er dei nye objekta viste med raud skrift. Den største endringa er likevel at planen fokuserer på og løftar fram kulturmiljø, og ikkje bare enkeltminne.

Asplan Viak har vore engasjert av kommunen i arbeidet med kulturmiljøplanen. Dei har kome med forslag til nye objekt og nye kulturmiljø. Asplan Viak har òg hatt ansvar for å arrangera to medverknadsverkstader. Den første verkstaden omfatta innspel, den andre konklusjonar. På den første verkstaden deltok Rogaland fylkeskommune, representantar frå ulike avdelingar innanfor tenesteområde Samfunn i Time kommune, Time historielag, Fortidsminneforeininga –Jæren lokallag, Jæren Bonde- og småbrukarlag, Time Bondelag og Jærmuseet. I den andre verkstaden deltok kommunale representantar frå verksemdene under tenesteområdet Samfunn.

Medverknadsverkstadane med gruppearbeid har gitt viktige innspel til arbeidet med kulturmiljøplanen. Me takkar deltakarar på medverknadsverkstaden, og ikkje minst Sigbjørn Reime, for alle gode innspel.

ordførar

Andreas Vollsund

kommunedirektør

Trygve Apeland

Innhald

1.	Innleiing	3
1.1.	Innleiing	3
1.2.	Om kulturminne og kulturmiljø	4
1.2.1.	Kvifor ta vare på kulturminne?	4
1.3.	Stortingsmelding 16, Nye mål i kulturmiljøpolitikken	5
1.4.	Arbeid med planen - avgrensing og prosess	6
1.5.	Forholdet til eksisterande planar og lovverk	6
2.	Status, utfordringar, mål og strategiar for forvalting av kulturminne og -miljø i Time kommune	8
2.1.	Dagens situasjon	8
2.1.1.	Automatisk freda kulturminne i Time	9
	9	
2.1.2.	Freda bygg	10
2.1.3.	Listeførte kyrkjer og anlegg	10
2.1.4.	Krigsminne	10
2.1.5.	Kulturlandskap av nasjonal interesse	10
2.1.6.	SEFRAK-registreringar	11
2.2.	Prioriterte miljø, bygningar og anlegg i Time kommune	11
2.3.	Utfordringar for kulturminne og kulturmiljø i Time	12
2.4.	Mål og strategiar	14

3.	Prioriterte tema, miljø og objekt i Time kommune	15
3.1.	Den eldste historia.....	15
3.2.	Tettstadene i Time og stasjonsbyen Bryne.....	20
3.3.	Kyrkjer og kyrkjestader	24
3.4.	Samfunnsinstitusjonar	25
3.5.	Landbruksbygg og Jærhus.....	27
3.6.	Samferdsel.....	31
	31	
3.7.	Industri og vassdrag	33
3.8.	Bustad- og forretningsbygg.....	35
3.9.	Kulturlandskap.....	37
3.10.	Prioriterte kulturmiljø	40
3.10.1.	Træe	42
3.10.2.	Knudaheio.....	43
3.10.3.	Garborgheimen	44
3.10.4.	Gamle Kverneland fabrikk med smie	45
3.10.5.	Område i Njåskogen	47
3.10.6.	Serigstad, Kvernelandsvegen 611	48
3.10.7.	Norheim, Krossavegen 43, inkludert jærhus	49
3.10.8.	Lye – område ved gamle Time prestegard	50
3.10.9.	Fotland kraftstasjon og Fotland mølle	52
3.10.10.	Hadland og Sæland - Lyngaland landskapsvernområde	53
3.10.11.	Undheim - område ved kyrkja og bustadområde	54
3.10.12.	Kartavoll - Raunefjell gardstun	55
3.10.13.	Hognestad – område rundt «Arkjå».....	56
3.10.14.	Bryne sentrum – område langs Bryneåna og Storgata	57
3.10.15.	Bryne sentrum - Festiviteten og trehusmiljø på Solhøgda.....	58
3.10.16.	Bryne sentrum - Gymnashøgda.....	59
3.10.17.	Bryne sentrum - trehusmiljø i Meierigata/Gamle Hognestadvegen61	
3.10.18.	Bryne sentrum – gammal sveisehall og verkstad i Hetlandsgata	62

3.10.19.	Bryne sentrum – bustadmiljø i Arne Garborgs veg og Alvevegen....	63
3.10.20.	Bryne sentrum – rådhusområdet.....	64
3.10.21.	Bryne sentrum – område ved gamle Bryne Mek.	65
3.10.22.	Bryne sentrum - trehusmiljø Hetlandsgata	66
3.10.23.	Bryne – Kringsjø bustadområde	67
3.11.	Høgt prioriterte objekt	68
3.12.	Andre prioriterte bygningar og anlegg (SEFRAK B).....	94
4.	Handlingsprogram	96
5.	VEDLEGG.....	100
	Vedlegg 1- Forslag til føresegner og retningslinjer i kommune(del)planar.....	101
	Vedlegg 2: Oversikt endringar i Kulturmiljøplanen i høve til Kulturminneplan	104
	2008-2019.....	104
	Vedlegg 3: Høgt prioriterte synlege fornminne i Time.....	106
	Vedlegg 4: Registrerte kulturminne langs Orrevassdraget og Håelvvassdraget....	108
	Vedlegg 5: Aktørane i kulturmiljøforvaltinga.....	112
	Vedlegg 6: Definisjonar og ordforklaringar	114
	Vedlegg 7: Tilskotsordningar (per november 2023).....	118
	Vedlegg 8: Rammar for planen.....	120

Alle bilete og illustrasjonar utan kjeldetilvising er tekne eller laga av Asplan Viak og Time kommune

1. Innleiing

1.1. Innleiing

For å vidareføra kommunen sitt lokale særpreg, mangfald og identitet ønsker me å ta vare på dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa.

Time kommune er rik på kulturminne frå førhistorisk tid. Fleire tusen år med jordbruksdrift har gitt viktige kulturminne og rike fortidsfunn. Time er framleis ein av landets største landbrukskommunar. Landbruksdrift har forma landskapet gjennom generasjonar. Også bygningar kan vera viktige kulturlandskapselement, men det er få verneverdige bygningar att i kommunen. Steingardar, geilar, åkerholmar, rydningsrøyser, kantvegetasjon langs vassdrag og andre restareal gir eit variert og vakkert kulturlandskap som òg er viktig for å sikra det biologiske mangfaldet.

Bryne vart eit naturleg sentrum i kommunen etter at Jærbanen kom i 1878, og vart med åra ein historisk viktig stad på Jæren, tufta på industri- og landbrukstradisjonar; læring og kultur.

Kverneland, med smia og fabrikk til Ole Gabriel Kverneland, viser kor viktig landbruket, og industrien knytt til landbruket, har vore.

Mangfaldet av alle kulturminna er vitnesbyrd som fortel historia om hendingar og den innovative krafta som gav grunnlaget for utviklinga i Time, men òg i andre kommunar langs Jærbanen.

I juni 2020 vedtok regjeringa Meld.St.16 (2019-2020). I denne stortingsmeldinga innførte regjeringa omgrepet «kulturmiljø» som ei samlenemning for «kulturminne, kulturmiljø og landskap». Stortingsmeldinga set dei enkelte kulturminna i ein større samanheng. Det er ikkje nødvendigvis bare sjølve kulturminnet som er viktig å bevare, men den kulturhistoriske konteksten som finst rundt. Ved ei slik forståing er det heilskapen til kulturmiljøet det vert viktig å bevare.

Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035 har òg fokus på kulturmiljø, meir enn på enkeltobjekt. Planen viser tre område av regional interesse i Time kommune.

I rapporten “Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland” har Riksantikvaren gitt råd om forvalting av kulturmiljø og kulturlandskap av nasjonal interesse (tidlegare omtalt som KULA-område). Dette auka fokuset på kulturmiljø er ført vidare i denne kulturmiljøplanen for Time kommune.

Riksantikvaren sin strategi og faglege tilråding for by- og stadutvikling har fokus på at byane skal opplevast som attraktive bymiljø og ha kvalitetar i omgivnadane som bidrar til betre trivsel, oppvekstvilkår og inkludering. Strategien angir åtte mål og anbefalingar som er knytte til visjonen om at kulturminne, kulturmiljø og landskap i byar og tettstader skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv. Dei skal takast i bruk som ressursar og fellesgode i ei

berekraftig samfunnsutvikling.

Vern inneber ikkje bare avgrensingar. Kulturminne utgjer ein berekraftig ressurs i by- og stadutviklinga, og gir bulyst og byliv. For å sikra langtidseffektar for kulturminneverdiane i Time kommune er det viktig at det vert arbeidd med haldningsskaping og kunnskapsformidling. Gjennom bevisstgjerjing og auka kunnskap om kulturvern, kulturminne- og kulturmiljøverdiar, vil ein leggja til rette for ei god kulturminneforvaltning og positive haldningar til kulturminnevernet som ein ikkje-fornybar ressurs for kommunen og lokalmiljøet. Dette gjeld både for saksbehandlarar, politiske organ og innbyggjarane i kommunen.

Formidling av kulturminne- og kulturmiljøverdiar er eit viktig mål med denne planen. Som del av kulturmiljøplanen er det utarbeidd ei [kartløysing](#). Her vil bygg, anlegg og miljø som vert viste i planen verta framheva, og det vil vera enklare å sjå kulturminna i ein større samanheng. I kartløysinga vil ein òg finna kort informasjon om dei enkelte objekta og kulturmiljøa. Tanken er at kartløysinga jamleg skal oppdaterast etter kvart som det føreligg ny informasjon om viktige kulturminne og -miljø. Nye kulturminne vil verta lagde fram for politisk behandling før dei verta lagde inn på kartet. Kulturmiljøplanen, inkludert kartløysinga, vil etter kvart kunna verta utvikla vidare og verta oppdatert etter føringar frå for eksempel politiske vedtak og overordna myndigheiter.

Planen skal òg vera eit verktøy for kommunen si saksbehandling i plan- og byggesaker. For å sikra ei god og kunnskapsbasert kulturmiljøforvaltning, er det viktig med eit felles kunnskapsgrunnlag, med ei heilskapleg oversikt over kommunen sine kulturminne og kulturmiljø. Kulturmiljøplanen er eit kunnskapsgrunnlag som må implementerast som eit verktøy i saksbehandlinga.

I kulturmiljøplanen inngår òg eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet omfattar prioriterte tiltak for komande tolv årsperiode. Tiltaka skal årleg vurderast i samanheng med økonomiplanen. Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale føringar, regionale mål og kommunen sine eigne ambisjonar og ressursituasjon. Tiltaka er fordelt på innsatsområda bevaring, forvaltning, verdiskaping og formidling.

1.2. Om kulturminne og kulturmiljø

1.2.1. Kvifor ta vare på kulturminne?

Kulturmiljø og -minne gir eit bilete av korleis menneska har teke landet i bruk, og korleis utviklinga i levesett har forandra seg. Men ikkje alle kulturminne kan eller skal vernast. I forvaltninga av kulturminne vert det lagt vekt på at mangfaldet av kulturmiljø og kulturminne skal takast vare på, og at eit representativt utval skal prioriterast for vern. Det skal leggjast vekt på kulturhistoriske samanhengar framfor enkeltobjekt. Grunnlaget for å verna kulturminne og kulturmiljø er at dei har verdi som kjelde til kunnskap, som grunnlag for opplevingar og som ressurs for bruk.

Kjelde til kunnskap: Ved vurdering av eit kulturminne sin kunnskapsverdi skal representativitet, samanheng/miljø, autentisitet og fysisk tilstand vurderast. Kva kunnskap kan kulturminna gje oss?

Grunnlag for oppleving: Menneska opplever kulturminne og kulturmiljø på kvar sin måte. Opplevinga heng blant anna saman med kunnskap, haldningar, tilknyting til staden og kva sosiale eller etniske grupper ein høyrer til. Kulturminna er med på å visa kontinuitet og endring i det fysiske miljøet, og gir staden karakter. Kva opplevingar kan kulturminnet gje oss?

Bruksressurs: Mange kulturminne og kulturmiljø er i dagleg bruk, og har slik sett verdi som bruksressurs i seg sjølv. Eldre bygningar har oftast eit materialval og ei handverksmessig utføring som gir soliditet og varigheit. Kulturminne har bruksverdi i den forstand at eldre bygningar og bygningsmiljø kan brukast i ein ny og moderne samanheng. I samanheng med friluftsliv og turisme inngår kulturminne som ein del av opplevinga, og kan dermed også ha ein pedagogisk verdi. Kulturminna er med andre ord ein indirekte ressurs som gir grunnlag for næringsutvikling. Kva bruk kan kulturminnet ha?

1.3. Stortingsmelding 16, Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Stortingsmeldinga set dei enkelte kulturminna inn i ein større samanheng. Det er ikkje nødvendigvis bare sjølv kulturminnet det er viktig å bevare, men den kulturhistoriske konteksten som finst rundt sjølv kulturminnet. Ved ei slik forståing vert det heilskapen til kulturmiljøet som det er viktigast å bevare.

I stortingsmeldinga kjem regjeringa med tre nasjonale mål, som utgjer eit viktig grunnlag for å forstå kvifor me skal ta vare på kulturminna i kommunane:

- Alle skal ha anledning til å engasjera seg og ta ansvar for kulturmiljø
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapeleg samfunnsplanlegging
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

Dei tre måla er utdjupa slik:

Om engasjement: Frivillig engasjement og innsats frå ressurspersonar og eldsjeler er avgjerande for å halda interessa for kulturmiljø levande.

Om berekraft: Det er viktig at forvaltinga av kulturmiljø vert sett i samanheng med og er ein integrert del av den heilskapelege klima- og miljøforvaltinga. Vern av bygningar og bygningsmiljø kan vera med på å bidra til reduksjon av klimagassutslepp og til vekst i den sirkulære økonomien. Det vert presisert kor viktig det er å sjå miljømessig, sosial og økonomisk berekraft i samanheng. Riksantikvaren sin rapport «Bevaring er mest berekraftig» (2021) gir råd for klimateffekt av bevaring og gjenbruk. Forskningsrapportar

har vist at bruk av eldre bygg kan vera eit godt alternativ til å bygga nytt. Klimafotavtrykk av eldre hus er alt sette, og dei er ofte bygde av materiale med lang levetid.

Om mangfald: Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom einskapleg samfunnsplanlegging. Nye bevaringsstrategiar skal bidra til å sikra at kulturmiljøa speglar mangfaldet i samfunnet.

I stortingsmeldinga sitt mål om mangfald inngår bevaringsverdige trehusmiljø (bevaringsprogram 6). Kommunen har ei viktig rolle i å vurdere og setta tydelege rammer for tettstadutviklinga i eit kulturmiljøperspektiv. Ein bør ha fokus på korleis kulturminne og kulturmiljø kan bidra til god utvikling der folk bur og ferdast.

1.4. Arbeid med planen - avgrensing og prosess

Dei materielle kulturminna av lokal, regional og nasjonal verdi har hovudfokus i planen. I kulturmiljøplanen er det i tråd med statlege føringar arbeidd vidare med store og små kulturmiljø, i tillegg til enkeltminne.

Som grunnlag for planen er det tatt utgangspunkt i føreliggande registreringar i Riksantikvaren sin database Askeladden, SEFRAK-registeret og kommunen sine eigne registreringar. Informasjon frå synfaring og medverknadsmøte har òg danna eit viktig grunnlag.

Planen inneheld også ei oversikt over høgt prioriterte synlege fornminne i Time (vedlegg 3). Oversikta er vidareført uendra frå Kulturminneplan 2008-2019.

Musea ivaretek ein viktig del av kulturarven til Time kommune. Museumsfeltet er ikkje ein del av kulturmiljøplanen, men dei faste kulturminna som knyter seg til samlingane inngår. Den immaterielle kulturarven er òg å rekna som ein del av kulturminna våre, men inngår ikkje i planen.

Denne rulleringa av kulturmiljøplanen har ikkje omfatta arbeid med kulturlandskap. Dei prioriterte kulturlandskapa frå førre plan er vidareførte. I tillegg er Riksantikvaren sine definerte kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA, 2021) lagde til.

Opplistinga av monument og minnesmerke frå førre plan er ikkje tekne med i denne planen. Oversikta kan sjåast på kommunen sine nettsider: [Monument og minnesmerke - Hovudportal \(time.kommune.no\)](https://monument-og-minnesmerke-hovudportal.time.kommune.no)

1.5. Forholdet til eksisterande planar og lovverk

Kulturmiljøplanen skal avklara kommunen sin strategi for forvaltning av kulturmiljøet og bidra til samarbeid og felles forståing. Kulturmiljøplanen skal vera eit styringsverktøy for å sikra nasjonale og

lokale målsettingar i kulturmiljøpolitikken. Planen vert utarbeidd som ein temaplan. Det vil seia at han ikkje inneheld juridiske føringar. Desse er, eller vil verta, ivaretekne i arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplan for Bryne sentrum.

Det er i hovudsak to lover som ivaretek kulturminne – Kulturminnelova og Plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova er det fremste verktøyet for vern av kulturminne og -miljø. Kulturminnelova som særlov gjeld derimot før Plan- og bygningslova.

Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035

Regionalplanen gir oversikt over viktig kulturarv i Rogaland, og set rammer for den regionale kulturmiljøpolitikken. Planen inneheld både oversikt over kulturmiljø, mål, planretningslinjer og eit handlingsprogram som viser planlagde tiltak. Regionalplanen viser tre område av regional interesse i Time kommune: 'Bryne sentrum', 'Gymnashøgda' og 'Fotland'.

Kommuneplan Time kommune

Time kommune sin samfunnsdel 2022-2034

Samfunnsdelen peikar på at kulturmiljø, som kulturminne og kulturlandskap, er viktige miljøressursar i eit berekraftsperspektiv. Samfunnsdelen seier òg at kommunen skal ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, og at dei har betydning for folks identitet, trivsel og tilknytning.

Arealdelen til kommuneplanen 2018-2030

Arealdelen har i Kap. 20 generelle føresegner og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø. Føresegnene i kommuneplanen er ikkje knytte til bestemte areal, men det er gitt føresegner som viser til Kulturminneplanen 2008-2019. Planen gir ikkje bindande vern for kulturminne og kulturmiljø, men seier kva omsyn som skal vurderast når kommunen saksbehandlar plan- og byggesaker. Kulturmiljøplanen med kunnskapsdel og [digital kartløyving](#) vil vera eit godt verktøy og utgangspunkt for planlegging og vurdering av byggesaker.

Planen vil vera eit viktig grunnlag for neste rullering av kommunen sin overordna kommuneplan og kommande reguleringsplanar, der innarbeiding av nye rettsleg bindande omsynssoner vil verta vurderte. For å sikra intensjonane i Kulturmiljøplanen vil kommuneplanen sine omtalar av kulturmiljø og kulturminne, samt føresegner og retningslinjer verta justerte.

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035

Kommunedelplanen gjeld i sentrumsområdet på Bryne, og planen har meir konkrete føresegner og retningslinjer enn Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030. Kommunen skal føra ein særleg restriktiv politikk med omsyn til riveløyve og ombygging av bygningar og anlegg oppførte på kommunedelplan sitt temakart nr. 10 «Bevaringsverdige bygningar og anlegg». Alle tiltak som medfører krav om plan eller løyve som omtalt i pkt. 21.1 i kommunedelplanen sine føresegner skal vurderast særskilt med vekt på verdi som kulturminne. Verneverdige enkeltbygg og bygningsmiljø skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og settast i stand. Søknad om løyve til tiltak skal innehalda ei kulturhistorisk, arkitektonisk og estetisk utgreiing som forklarar korleis tiltaket held seg til verneomsyna. Krav til

opphaldsareal ute kan fråvikast dersom søknaden omhandlar bygningar med kulturhistorisk eller arkitektonisk høg verdi, der krav ikkje kan oppfyllast utan vesentleg tap av kvalitetar til bygningen. For bygningar med bevaringsverdi, kor det vert søkt om attføring til bustadformål eller andre søknadspliktige tiltak etter Plan- og bygningslova § 20-1, vert det ikkje stilt krav til nye parkeringsplassar.



*Figur 1: Steinkvelvbrua på Undheim frå 1901, med det gamle meieriet i bakgrunnen. Fotograf ukjend.
Kjelde: Jærmuseet*

2. Status, utfordringar, mål og strategiar for forvalting av kulturminne og -miljø i Time kommune

2.1. Dagens situasjon

Det finst fleire kulturmiljø og kulturminne med ulik vernestatus i Time kommune. Eit verna kulturminne eller kulturmiljø kan vera verna med heimel i lov eller gjennom andre verkemiddel.


Bygningar og bygningsmiljø kan vera formelt verna etter Kulturminnelova, Kyrkjebyggforskrifta o.a. Kulturminne og kulturmiljø kan òg vera formelt verna etter Plan- og bygningslova og Naturmangfaldlova. I tillegg kan bygningar og miljø vera registrerte som verneverdige av kommunen. Andre verkemiddel for vern er for eksempel statlege verneplanar eller listeføring. Tilskotsordningar kan òg bidra til at verneverdige bygningar og miljø vert tekne vare på.

2.1.1. Automatisk freda kulturminne i Time

Det er eit stort mangfald av automatisk freda kulturminne (såkalla fornminne) frå før reformasjonstida (1537) i Time. Desse kulturminna er automatisk freda. Funna omfattar ulike spor frå førreformatorisk tid, som hustufter, gravminne og spor etter forhistorisk jordbruksdrift, jakt og fangst.

Time middelalderkyrkjegard rundt kyrkja er òg automatisk freda. Dei arkeologiske spora ligg i bakken, men mange av dei er synlege på markoverflata. Både mangfaldet og tettleiken av slike kulturminne i Time vitnar om stor aktivitet over svært lang tid.

Databasen Askeladden inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova. Det er ikkje alle automatisk freda kulturminne som er registrerte, og det er ikkje ei fullstendig registrering av alle kulturminna. Det betyr at sjølv om Askeladden viser at det ikkje er registrert kulturminne, er det ingen garanti for at det ikkje er kulturminne i det området



Figur 2: Utsnitt frå Riksantikvaren sin database Askeladden, som viser omfanget av freda kulturminne i Time per januar 2024.

2.1.2. Freda bygg

Omfattar alle bygningar som er vedtaksfreda (§ 15a) eller forskriftsfreda etter Kulturminnelova (§ 22a). I Time er det bare Garborgheimen som er freda (forskriftsfreda). Rogaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde er delegert forvaltingsansvaret for freda bygg.

2.1.3. Listeførte kyrkjer og anlegg

Listeførte kyrkjer er alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850, og ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850. Alle saker som gjeld endringar i eller på ei listeført kyrkje, også istandsettings- og vedlikehaldstiltak, skal sendast til Riksantikvaren som rette kulturminnemynde etter Kulturminnelova for uttale. Saker om listeførte kyrkjer sine omgivadar skal sendast Rogaland fylkeskommune. I Time kommune er bare Time kyrkje listeført.

Demninga ved Storamos er statleg listeført teknisk industrielt kulturminne frå tidleg 1900-talet. Demninga er nemnd i NVE sin verneplan «*Dammer som kulturminner*». Sidan demninga er statleg listeført og har nasjonal interesse, vil også Rogaland fylkeskommune, gjennom vurdering og uttale i plansaker og konsesjonssaker, ha ei rolle og eit ansvar i ivaretakinga av anlegget.

2.1.4. Krigsminne

Det finst nokre få krigsminne frå 2. verdskrig i Time kommune, men ei systematisk oversikt manglar. Minnelunden på Time kyrkjegard for falne under andre verdskrigen er eit eksempel. Minnelunden består av to gravsteinar. Den eine er frå 1947 for dei fem timebuane som vart avretta i Trandumskogen i 1942. Bronseplaketten er eit nyare minnesmerke over andre timebuar som gav livet sitt for Noreg under andre verdskrigen.

2.1.5. Kulturlandskap av nasjonal interesse

2.1.5.1. «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland»

Det er to landskapsområde av nasjonal interesse i Time: 16. Hadland – Sæland – Undheim og 18. Høg-Jæren. Verdiane og heilskapen i desse områda kan vera viktige for lokalsamfunn om dei vert ivaretekne på ein god måte. Riksantikvaren har gitt råd om forvalting av kulturmiljø og kulturlandskap av nasjonal interesse (tidlegare omtalt som såkalla KULA-områda)i rapporten «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland» (2021). Rapporten gir ein omtale av mellom anna landskapskarakter, vurdering av landskapet sin verdi og sårbarheit, og viktige punkt for planlegging og forvalting av desse landskapa. Rettleiaren for kommunal og regional forvalting [«Korleis forvalta kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse»](#), gir kunnskap om kva verdiar som finst i kulturmiljøa og landskapa våre, og kva som skal til for å ta vare på dei.

2.1.5.2. Nasjonal registrering av gamle kulturlandskap

I 1993 vart det i regi av dåverande Fylkesmannen gjennomført ei registrering av gamle kulturlandskap

som eit ledd i den nasjonale registreringa av "Verdfulle kulturlandskap i Noreg". Registreringa syner at Time er rik på slike landskapstypar. I denne kartlegginga vart følgjande område peika på som viktige:

- Taksdalsvatnet
- Tjensvoll - Mossige
- Nordre Kalberg

2.1.6. SEFRAK-registreringar

SEFRAK står for «**S**ekretariatet **F**or **R**egistrering av **F**aste **K**ulturminne i Noreg».

SEFRAK-registeret er først og fremst eit generelt kulturhistorisk register som særleg har verdi som kjeldemateriale for den lokale historia. Registeret vert også brukt av forvaltinga for å finna verneverdige bygningar i lokalmiljøet og i det kommunale planarbeidet.

SEFRAK-registreringa vart gjennomført i åra 1975-1995. Bygningar bygd før 1900 vart registrerte over heile landet. Kulturminna vart kartfesta, oppmålte og fotograferte. I alt er det i Noreg registrert omlag 515 000 einingar. Etter 1990 vart SEFRAK-materialet til Time kommune vurdert av Rogaland fylkeskommune, og objekta vart graderte frå A, B til C. I kulturminne- og kulturmiljøplanlegginga dannar SEFRAK-registeret eit viktig grunnlagsmateriale. Evaluering av materialet har gjort registeret meir rasjonelt ved praktisk bruk. Bygningen sin verneverdi er gitt etter ein tredelt gradering frå A til C:

Klasse A: Bygg i denne klassen er ein indikasjon på potensiell nasjonal eller høg regional verdi

Klasse B: Bygningar som er aktuelle for vern gjennom plan- og bygningslova

Klasse C: Bygningar som bare bør underleggast Plan- og bygningslova sine generelle føringar

Registreringane ligg inne i Riksantikvaren sin database Askeladden og er viste i [kartløysinga](#). Rogaland fylke har gjort ei evaluering av kulturminna i 1996. I Time kommune vart det registrert 400 objekt, derav 182 bygningar. Nokre av dei har forsvunne med åra .

Det er kommunen som har ansvaret for å oppdatera registeret, for eksempel dersom ein SEFRAK-registrert bygning skal slettast (viss han er riven, brent eller liknande).

2.2. Prioriterte miljø, bygningar og anlegg i Time kommune

Ei rekke bygg og kulturmiljø i heile kommunen er prioriterte i kulturmiljøplanen. Dette er ei blanding av offentlege bygg, bustadområde og einebustader, gardstun, tekniske bygg, nærings-, kontor- og industrimiljø i kommunal og privat eige.

Til saman omfattar Kulturmiljøplanen 95 kulturminne og 23 kulturmiljø.

Nye kulturminneobjekt som er tatt inn i Kulturmiljøplanen:

Objekt	Gnr./Bnr.	Adresse
Undheim kyrkje	46/223	Bruavegen 2, Undheim
Bryne kyrkje	1/571	Brynevegen 9, Bryne
Hognestad gamle skule	9/25,40	Hågenholen 1, Hognestad
Bryne skule	1/193	Ola Barkveds veg 16, Bryne
Jærhus «Raunefjell»	51/4	Buevegen 1206, Undheim
Jærhus på Herigstad	11/2	Herigstadvegen 67, Hognestad
Jærhus på Tunheim	54/115	Tunheimvegen 20, Undheim
Vasstårn ved Bryne stasjon	1/646,	Bryne stasjonsområdet
Midgardsormen bru		
Trafo Herigstad	11/20	Herigstadvegen 98, Hognestad
Trafo Løge	16/2	Løgevegen/Timevegen
Trafo Årrestad	55/24	Sælendsvegen 727, Undheim
«Klokkargarden» på Time	17/26	Vestlyvegen 6, Vestly
«Sollyset» (Frelsesarmeen)	1/131	Meierigata 8, Bryne sentrum
Stavanger Aftenblad-bygget	1/654	Storgata 27A, Bryne sentrum
Direktørbustad	28/783	Hauabakkvegen 6, Kvernaland
«Sagatun»	2/42	Arne Garborgs veg 62, Bryne
Torget 5	1/199 og 1/275	Torget 5, Bryne sentrum
Funkis bustad (Rudin Ree)	1/437	Kvernhusbakken 9, Bryne sentrum

Kulturmiljø vert omtalt i kapittel 3.10, og i kapittel 3.11 og vedlegg 1 vert det gitt meir utfyllande informasjon om kulturminneobjekta som er vidareførte, tekne inn og tekne ut.

2.3. Utfordringar for kulturminne og kulturmiljø i Time

Time har hatt ein høg befolkningsvekst, frå ca. 5200 innbyggjarar i 1950 til vel 20 000 i 2024. Veksten med utbygging av sentrumsbusetnad, infrastruktur og bustadfortetting, samt krav til høg arealutnytting, har lagt press på område med viktige kulturhistoriske verdiar. Erfaringar viser at det er krevjande å verna kulturhistoriske verdiar. Nye tiltak på, og nær, eksisterande verneverdig busetnad har vorte godkjend, sjølv om dette har gått på kostnad av kulturminneverdiar. Samanhengen rundt og mellom bygga kan òg verta trua, noko som gjer at heilskap og historieforteljande element forsvinn. Høgt press i planleggings- og byggeprosessar kombinert med avgjerande vekt på tekniske og økonomiske forhold har fleire stader ført til at kulturminne/kulturminneverdiar dessverre er gått tapt.

Modernisering i landbruket har resultert i større driftseiningar, større bygningar og bruk av større reiskapar. Areal er ein knapp ressurs og tettstadsutvikling og utviklinga i landbruket har skapt behov for nydyrking. Landbruket sitt kulturlandskap endrar seg på grunn av denne utviklinga, og verdfulle kulturlandskap kan gå tapt.

Hovudutfordring

Krav om fortetting, effektiv arealutnytting, lønnsemd som gir behov for større

driftseiningar med meir kan gjera det krevjande å ta vare på prioriterte bygningar og kulturmiljø.

Utfordringar

Manglande kunnskap

- Det er mangel på kunnskap om kulturminne, og mange viktige verdiar går tapt fordi ein ikkje har kjennskap til eller kunnskap om dei.
- Utover dei områda som er avmerkte i nasjonale kartleggingar, er det liten kunnskap om verdiane som ligg i kulturlandskapet i Time.
- Det er ikkje gjort ei systematisk registrering av krigsminne i Time kommune og dermed manglar føringar for bevaring, eller for å kunna ta omsyn til desse.

Fornminne

- Automatisk freda kulturminne har opp gjennom åra vorte fjerna i forbindelse med eldre og nyare jordbruksdrift, infrastrukturtiltak og andre byggetiltak.
- Stort utbyggingspress og endring og utvikling i jordbruket, for eksempel auka fokus på matsikkerheit, kan medføre ønske om dispensasjon, og frigjeving av kulturminne.
- Det er ei utfordring å få registrert fornminne som ikkje er kjende, og å hindra tap av automatisk freda kulturminne, slik at den eldste historia seinare kan verta forstått og formidla på ein god måte.

Bygningar og verdiar i kulturlandskapet

- Modernisering i landbruket, saman med restriksjonar i talet på bygningar på garden har medført tap av kulturminne i landbruket.
- Så langt ein veit er det bare elleve av dei tradisjonelle jærhusa att i Time.
- Mange utdaterte driftsbygningar vert rivne eller endra, og det er ei utfordring å finna ny bruk av desse.
- Effektivisering av landbruket fører til at steingardane er under stadig press.

SERFAK- registrerte bygg

- Fleire SEFRAK-objekt i ulike klassifiseringar har etter kvart vorte rivne, eller ikkje blitt vedlikehaldne.
- SEFRAK-bygningar har òg vorte vesentleg transformerte eller rivne som følge av at det har vore lita merksemd rundt verdien av desse bygningane.

Økonomiske og menneskelege ressursar

- Drift og vedlikehald av både private og kommunale bygg og anlegg krev økonomiske midlar.
- Kommunen har behov for ressurspersonar med kunnskap og forståing av kulturminnet/miljøet sin verdi. Ressurspersonar er òg viktige for å formidla identitet og kommunen si historie. Begge deler

kan vera vanskeleg å ha tilgang til.

- Bevaringsverdige bygg tilfredsstiller ofte ikkje krav til lønsam drift. Vern gjennom bruk kan derfor vera krevjande.
- Det er ei utfordring å balansera stadig meir intensivt drivne jordbruksområde med bonden sitt ønske om større og meir samanhengande teigar og meir effektiv drift mot omsynet til verdiane i kulturlandskapet, slik som steingardar og randsoner.

Engasjement og haldningar

- Vern av kulturminne er òg avhengig av at eigarane er interesserte i ta vare på dei. Det er ei oppgåve å skapa engasjement og interesse for kulturmiljø og kulturminnevern.

2.4. Mål og strategiar

Kulturmiljøplanen viser dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa i Time. Kulturmiljøplanen vil vera eit grunnlag for målretta vern gjennom vedlikehald, planlegging, god informasjon *om* og tilrettelegging *av* prioriterte kulturminne og -miljø. Planen vil vera eit viktig verktøy for auka forståing *for*, og dermed å sikra bevaring *av* prioriterte kulturhistoriske verdier som del av ei heilskapleg kultur-, miljø- og ressursforvaltning.

Kulturmiljøplanen utdjupar og styrker kunnskapsgrunnlaget knytt til politikken gitt i kommuneplanen sin Arealdel 2018-2030, Samfunnsdel 2024-2035 og Kommunedelplan for Bryne sentrum 2045-2035.

Mål

Overordna mål for forvaltning av kulturminne- og miljø i Time

- Ta vare på eit breitt utval av lokale kulturminne og kulturmiljø som middel til å formidla kunnskap om kulturhistoria som positive, identitetsberande element i nærmiljøet.
- Sikra at lokale, regionale og nasjonale kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert tekne omsyn til i kommunal planlegging.
- Sikra at kulturarven vert kjend for innbyggjarane.

Strategiar

- Time kommune skal løfta fram og bevare særtrekk og dyrka stoltheita over det lokale mangfaldet i kommunen.
- Time kommune skal i all planlegging og forvaltning søka å ivareta kulturmiljø, bygningar, anlegg og landskap som fortel om kommunen si historie, særleg dei som inngår i temaplanen.
- Time kommune sine kulturmiljø skal vera levande stader der kulturminna vert brukte.
- God kunnskap skal leggjast til grunn for behandling av kulturmiljøa våre.
- Time kommune skal samarbeida med andre styremakter og rettleia om verkemidlar for berekraftig

kulturmiljøforvaltning.

- Time kommune skal vera bevisst på målkonfliktar der omsyna til kulturmiljø som ikkje fornybare ressursar står i fare for å verta sette til side. Eksempel på slike konfliktar er kulturlandskap versus rasjonell drift, vern gjennom bruk i små hus versus krav om tilgjenge, arbeidsmiljølov med meir, og fortetting versus bevaring i sentrumsnære område med fleire.

3. Prioriterte tema, miljø og objekt i Time kommune

I arbeidet med å prioritera kulturminne og kulturmiljø, er område og objekt delte inn i 9 kategoriar.

Følgjande kategoriar er brukte:

- Den eldste historia
- Tettstadene i kommunen og stasjonsbyen Bryne
- Kyrkjer, kyrkjegardar og bygg knytte til religiøs verksemd
- Samfunnsinstitusjonar
- Landbruksbygg og jærhus
- Samferdsel
- Industri og vassdrag
- Bustadhus og forretningsbygg
- Kulturlandskap

Informasjon om områda er gitt i kap. 3.10 og omtale om enkeltobjekta finst i kap. 3.11 og i kartportalen. I kapitla under er viktige trekk i Time si historie, dei ulike kategoriane og sentrale verdiar beskrivne.

3.1. Den eldste historia

Delmål:

Time kommune vil, i samarbeid med dei regionale styremaktene, sikra område med store verdiar og fornminna mot øydelegging, og nytta dei som kjelde til oppleving og kunnskap om fortida for innbygarane i kommunen og regionen.



Fig. 3: Funn ved utgraving av eit område på Frøylund, 2023

Steinalder (ca. 9000 – 1800 fvt.)

9000 - 4000 f.Kr.	ELDRE STEINALDER (MESOLITICUM – MESOLITTISK TID)
9000 - 8200 f.Kr.	Tidligmesolitikum (TM)
8200 - 6300 f.Kr.	Mellommesolitikum (MM)
6300 - 4000 f.Kr.	Senmesolitikum (SM)
4000 - 1750 f.Kr.	YNGRE STEINALDER (NEOLITICUM – NEOLITTISK TID)
4000 - 3400 f.Kr.	Tidligneolitikum (TN)
3400 - 2700 f.Kr.	Mellomneolitikum A (MN A)
2700 - 2400 f.Kr.	Mellomneolitikum B (MN B)
2400 - 1750 f.Kr.	Senneolitikum (SN)
1750 - 500 f.Kr.	BRONSEALDER (BRA)
1750 - 1100 f.Kr.	Eldre bronsealder (EBRA)
1100 - 500 f.Kr.	Yngre bronsealder (YBRA)
500 f.Kr. - 1000 e.Kr.	JERNALDER (JA)
500 f.Kr. - 570 e.Kr.	Eldre jernalder (EJA)
500 f.Kr. - Kr.f.	Førromersk jernalder (Keltertid)
Kr.f. - 400 e.Kr.	Romersk jernalder (Romertid)
Kr.f. - 200 e.Kr.	Eldre romertid
200 - 400 e.Kr.	Yngre romertid
400 - 570 e.Kr.	Folkevandringstid
570 - 1000 e.Kr.	Yngre jernalder (YJA)
570 - 800 e.Kr.	Merovingertid
800 - 1000 e.Kr.	Vikingtid
1000 - 1537 e.Kr.	MIDDELALDER (MA)
1537 e.Kr. –	NYERE TID (ETTERREFORMATORISK TID)

Tabell. Tidstabell med periodebenevnelser og dateringer (etter Indrelid, 2009).

Jæren vart tidleg isfri, og Time kommune er mellom dei rikaste kommunane i Rogaland når det gjeld fornminne. I Time er det registrert over fem tusen automatisk freda enkeltminne. Dei er rekna å ha nasjonal verdi som unike kjelder til forhistoria. Kulturminna ligg samla i større lokalitetar eller som enkeltminne i landskapet. Desse spora er den viktigaste kjelda vår til å forstå dei om lag 10 000 åra det har vore busetting her.

Det er kjent og undersøkt få buplassar frå eldre steinalder i Time, men det er gjort lausfunn av gjenstandar fleire stader. Dei eldste buplassane ein kjenner til i kommunen ligg langs bredda av Storamos på Høg-Jæren. Desse er spor etter kortvarige stopp av jegerar og sankarar med eit mobilt levesett. Det er òg kjent at det var bufaste jordbrukarar på Frøyland for knappe 4000 år sidan, i ei overgangstid mellom steinalder og bronsealder.



Figur 4: Bronsealdergravhaugen på Vestly. Kjelde: DigitalMuseum

Bronsealder (ca. 1800 – 500 fvt.)

Frå yngre steinalder og bronsealder, ved overgangen til jordbruket, auka funntilfanget, både av gjenstandar og av spor i jorda. Frå denne perioden har me òg nye gjenstandstypar, for eksempel keramikk, slipte flintøkser og stridsøkser. Då folka var meir bufaste endra òg gravskikken seg. Dei store gravhaugane frå bronsealderen er særleg karakteristiske og godt synlege kulturminne knytte til jordbruksbusettinga. Det finst mange slike graver på Jæren, og fleire av dei ligg i Time - så som Lye og Vestly, på Ramshaug og på Holen. Storhaugane vitnar om konsentrasjonar av makt og rikdom, og kan vera mellom 15-25 meter i diameter. Gravhaugen på Ramshaug måler heile 32 meter. Tingvollen på Lye er mellom dei mest kjende og best bevarte haugane. Her har det truleg vore ein tingstad i historisk tid, ikkje bare for Jæren, men for heile fylket. Staden vart truleg brukt som fylkesting, rettssamling, merknad og slektsstemne.

Jernalder (ca. 500 fvt. – 1000 evt.)

Rundt 500 fvt. vart jern teke i bruk til våpen og reiskapar, og på denne tida var det gode vilkår for å driva med jernframstilling, også på Jæren. Malm vart henta ut frå myrområda og brensel vart henta frå skogane. I Time er det kjende jernframstillingsplassar på Frøyland, Sæland, Undheim og Grødem (Haavaldsen, 1997).

I jernalderen oppstod òg ein nær samanheng mellom fast gardsbusetting og gravhaugar. Gravhaugar i utmarka eller langt borte frå tuna vitnar om forsvunne gardar, eller gardar som har vorte lagde under andre. Gravene inneheld både breie og ubrende gravferder, og har varierende størrelse. Slike gravhaugar og gravrøyser, med unntak av årøyser, høyrer alle til i hundreåra etter vår tidsrekning. Dei gjekk av bruk omkring år 1000 evt. då kristendommen begynte å få alminneleg utbreiing. Dei fleste faste fornminna, først og fremst gravhaugar og gardsanlegg, skriv seg frå denne tida. Den siste delen av eldre jernalder er den rikaste perioden i Time si forhistorie. Truleg skriv dei fleste av dei 700 gravhaugane i kommunen seg frå denne tida. Ingen stad i Rogaland er det gjort fleire og større gullfunn enn i Time. Funna, mellom anna frå Oma og Re, vitnar om stader der rike hovdingslekter heldt til, og om nære kontaktar mot kontinentet.

Gullsmedgrava («Smedagrava») på Vestly er særleg kjend. Glasbegeret og gullbrakteaten som vart funne

her vert rekna som nokre av praktstykkja frå Rogaland si forhistorie.

I Time finst mange spor etter jordbruksdrift gjennom fleire tusen år. Større og mindre felt med forhistoriske rydningsrøyser og stakketufter, stader der dei lagra slått, finst fleire stader. Særs verdfulle og viktige er gardsanlegga frå jernalder og mellomalder. Desse anlegga, med strukturar av stein som gjer at dei framleis er synlege på markoverflata, er særmerkte for Rogaland. Dei har òg særleg stor verdi i internasjonal målestokk. Hustufter, fegater, gardfar, gravhaugar- og røyser, åkerreiner og rydningsrøyser ligg spreidde i landskapet som synlege vitnesbyrd om korleis dei organiserte gardane. Lyngaland er blant dei best bevarte gardsanlegga i Rogaland, saman med Hanaland på Re.

Mellomalder (1000-1537 evt.)

Innføringa av kristendommen markerte overgangen til mellomalderen. Gjennom heile mellomalderen var det tekniske nivået i jordbruket svakt, og produktiviteten liten. Busettinga spreidde seg utover det som i dag er dyrka mark i bygdene. I tillegg til korndyrking og husdyrhald, nytta ein seg også av dei ressursane skogen og myrane kunne tilby.

Skogen gav viktige produkt som tømmer til hus og bygningsmateriale til båtar, og ein brukte skogen til produksjon av kol, til utvinning av jern frå myrmalm og til å vinna ut tjøre.



Figur 5: Time kyrkje med mellomalderkyrkjegarden i framgrunnen. Bilete er teke frå sør. Foto: Mittet. Kjelde: Jærmuseet (1986.4TIM.6.021).

Frå denne perioden har me ei rekke kulturminne i Time, mellom anna gravminne, rydningsrøyser, gardsanlegg og enkeltfunn som reiskap, våpen og smykke. I overgangen til kristendommen endra gravskikken seg tydeleg. Gravhaugar vart ikkje lenger brukte, og praksisen vart meir uniform og streng. Gravene skulle vera på kyrkjegarden, nær kyrkja. Kyrkjegarden til Time kyrkje er eksempel på ein

kyrkjegard med historie tilbake til mellomalderen. Fram til Svartedauden kom i 1349 var det ein jamn befolkningsvekst og ekspansjon av gardane landet rundt. Med Svartedauden døydde mellom femti og syttifem prosent av det norske folket av pesten. Rogaland var mellom dei områda som vart hardest ramma. Heile grender og bygder vart heilt eller delvis lagt øyde («øydegardar»), mens det var dei største og mest sentrale gardane som tolte krisa best. Det synes ikkje å ha gått føre seg noka nyrydding i Rogaland mellom 1350 og 1600. Først eit stykke ut på 1600-talet var folketalet oppe på same nivå som før pesten.

Arkeologiske kartleggingar har vore gjennomførte i Rogaland sidan slutten av 1800-talet. Men det er ennå store område som ikkje er blitt undersøkte, og derfor er mange av dei eldste kulturminna ennå ikkje kjende. I Time vert det stadig registrert nye kulturminne, mellom anna som følge av undersøkingar knytte til nye tiltak (kml § 9), og gjennom metallsøk.

Prioriterte objekt og område i denne kategorien:

Alle fornminne er automatisk freda gjennom Kulturminnelova. Kjende automatisk freda kulturminne er til ei kvar tid registrerte i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden(jf. Kartutsnittet i figur 7). Det er ikkje gjort noka prioritering mellom desse, og dei er ikkje lista opp her.

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kap. 3.10, er det teke med område der det er fleire viktige fornminne. Det gjeld særleg:

- Område i Njåskogen
- Serigstad, Kvernelandsvegen 661
- Norheim, Krossavegen 43
- Lye - område ved tidlegare Time prestegard
- Hadland og Sæland- Lyngaland landskapsvernområde



Figur 6: Hustuftene og gravrøysene på gardsanlegget Lyngaland på Sæland. Foto: Lars Sørgaard Sørensen, Rogaland fylkeskommune. Kjelde: Rapport Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland, Riksantikvaren.

3.2. Tettstadene i Time og stasjonsbyen Bryne


Delmål :

Time kommune har som mål å ta vare viktige kulturmiljø og identitetsberande element av offentlege og private bygg i Bryne sentrum og i tettstadene



Figur 7: «Aarresmiå» i Storgata, Bryne

Garden Bryne, Gnr. 1, Bnr. 1, fekk det endelege namnet sitt i 1723. Brynegarden låg lengst nordvest i Thime Herred, og var eit godt stykke frå det som i mange år var sentrum i bygda, Mossige. Men då den smalspora Jærbanen frå Stavanger til Egersund opna i 1878 vart stoppestaden nord i heradet bygd på Gnr. 1, Bryne. Den fekk heradet sitt namn: Thime Station. Men jernbanen skulle endra statusen til området ved elva i sørenden av Frøylandsvatnet, og same året vart det første bedehuset på Jæren bygt like ved jernbanestasjonen. Som så mange bedehus seinare, fekk det namn frå Bibelen; Saron. Namnet kjem frå ei kystslette i Israel, og tyder skog. Etter kvart kom det krambu, og det vaks fram ein jordbruksorientert industri ikkje langt frå jernbanelinja. Sven Jonsen Bryne (1840-1907) på Gnr. 1 var ein markant person i si tid, som m. a. var drivkrafta bak det første skulehuset, etter at staden vart eigen skulekrins i 1884. Sven var sentral i utviklinga av Bryne. Han var den første frå krinsen som blei vald inn i heradsstyret, og var med på etableringa av Jæren Uldvarefabrik i 1897 og Jæren Meieri i 1897/98. Etter kvart skulle Thime Station òg bli eit senter for utdanning, med meieriskule frå 1906 og Rogaland Lands gymnas frå 1924. Men namnet var stadig «Time stasjon». Etter ein lang prosess, mellom anna med folkeavstemming og dialog mellom fleire partar, vart det til slutt Posten som skulle avgjerda namnet til den veksande stasjonsbyen. Postkontoret skulle heita Bryne postkontor, kanskje sidan det låg på Brynegarden. Jernbanen følgde etter og endra namnet til Bryne stasjon 1. februar 2021. «Bryne» skulle med åra verta den største tettstaden, og endå seinare den første byen (2001) på Sør-Jæren. Store deler av Storgata og Meierigata har behalde det opphavlege gateløpet, med enkelte små bustadhus frå ulike periodar. Trekantkvartalet ved torget består av busetnad frå perioden 1918 til 1965.



Figur 7: Thime Station 1900-1913 med stasjonsbygning, godshus og vasstårn med nærområde. Fotograf er ukjent. Kilde: Norsk Jernbanemuseum (JMF-OB-1154).



Figur 8 : Bryne sett frå «Geidahodnet» som er nede til høgre. Jæren Meieri med "gamle Saron" til venstre. Videre Reebygget og Bryne stasjon. Brødrene Hetland ligg på andre sida av jernbanelinja. Foto: Otto Hansen, mai 1957. Kilde: Jærmuseet (TIM2013.01.106660).

Tettstaden vart òg eit knutepunkt for foredling og sal av mat, og hadde i ein periode m. a. tre slaktarbutikkar og to fiskehandlarar. Hovudvegen gjekk tvers igjennom kvartalet i austenden av stasjonsbyen. Bryne fekk bystatus 1. januar 2001, og er ein av dei yngste byane i Noreg.

Vestly, som ligg sørvest for Lyefjell, har ei lang historie som lokalsenter. Her fann ein tingstad i jernalderen, og prestegarden i Time frå 1300-talet. Vestly er ein del av Lye skulekrins. Lyefjell bustadområde er nyare, og er nå ein liten tettstad som vaks fram på starten av 1980-tallet som eit jordverntiltak. Det meste av busetnaden skriv seg frå 80- og 90-talet, men ein kan òg sjå nyare busetnad i nokre område. Lyefjell har flest bustader, med eit mindre næringsområde ved Ålgårdsvegen. I nyare tid har det vore auka fokus på ei framtidig sentrumsutvikling på Lyefjell. Tettstaden har i dag (2025) 2357 innbyggjarar.

Kverneland dannar ein samanhengande tettstad med Orstad i Klepp, og vaks i stor grad fram som følge av utviklinga av Kverneland fabrikk på slutten av 1800-talet. Timesida av tettstaden har 3525 innbyggjarar. Tettstadsutviklinga begynte med at O. G. Kverneland kjøpte opp parsellar for arbeidarane, i starten store tomter på opp mot 10 mål med moglegheit for sjølvdyrking. Tanken var at arbeidarane skulle ha noko å falla tilbake på. Frøyland vert ofte rekna som det «gamle» namnet på staden; begge har sitt opphav frå gamle gardsnamn. Frå Frøyland har me truleg den eldste førekomsten av bufaste jordbrukarar i Time. Namnet Kverneland kan tyda på at garden hadde ei eller fleire viktige kverner/møller for lokalområdet frå gammalt av; kverner til kornmaling.

Hognestad vart på 1800-talet rekna som den mest sentrale garden i den sørvestre delen av Time, og var heimstaden til fleire sentrale lokalpolitikarar i samtida. Då Jærbanen skulle byggast ville heradsstyret i Time ha hovudstasjonen på Hognestad, men jernbanedirektoratet hadde bestemt seg for at denne skulle ligga på Bryne. Hognestad såg lite utvikling, og haldeplassen vart lagt ned i 1992. Kommunen sitt eldste skulebygg var bygd på Line i 1865 og vart etter kvart flytta til Hognestad, der det fungerte som skule og seinare forsamlingshus fram til 2017. Bygget er nå flytta, men ligg framleis på Hognestad.

Undheim, som lokalt vert kalla «den grøna bygdå», er ein mindre tettstad med 588 innbyggjarar per 2023. Tettstaden ligg på garden Store Undheim (Gnr. 46), og bygda vart tettstad i 1980. Ein kunne sjå noko sentrumsutvikling på 1910- og 1920-talet med bustader og meieri ved brua. I det gamle meieriet er det i dag samfunnshus med bygdemuseum. Undheim hadde eige kapell frå 1921, men dette brann i 1998. Den nye kyrkja og området omkring utgjer eit kulturmiljø. Den kjende villaen i sveitserstil «Elverhøy», som tidlegare stod på Bryne, er nå flytta til Undheim, der han blir pietetsfullt restaurert.

Prioriterte objekt og område i denne kategorien:

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kapittel 3.10. er det teke med følgande kulturhistoriske soner innafor Bryne sentrum og i tettstadene:

- Område langs Bryneåna og Storgata
- Festiviteten og trehusmiljøet på Solhøgda

- Gymnashøgda
- Trehusmiljø i Meierigata og Gamle Hognestadvegen
- Gammal sveisehall og spønehus i Hetlandsgata
- Bustadmiljø i området Arne Garborgs veg / Alvevegen med m.a. to hus teikna av Gustav Helland
- Rådhusområdet
- Området ved Gamle Bryne mek.
- Trehusmiljø i Hetlandsgata
- Gamle Kverneland fabrikk med smie
- Område ved kyrkja og bustadområde på Undheim

Det er mange enkeltobjekt innafor tettstadane. Desse kjem inn under kategoriane i kapittel 3.3-3.9, og er vidare omtala der. Bygg med næring i første etasje og bustad i etasjar over er tekne med under kategorien bustad og forretningsbygg.

3.3. Kyrkjer og kyrkjestader

Delmål

Time kommune har som mål å ta vare på kulturmiljø og faste kulturminne knytte til kyrkjer og kyrkjestader

«Heilag er den stille bygd; alle vegar fører til kyrkja. Og livet samlar seg der og vert vikt; og helg og høgtid legg seg ut over land og lei frå det kvite alter med stakane og det heilage staupet.

Og klokkene signar og syng, og på jorda er fred, og soning for sorg og synder.»

(Frå *Den bortkomne Faderen* [1899] av Arne Garborg)



Fig. 9 : Time kyrkje frå 1859

Det jærsk kristenlivet har hatt eit jordnært preg, den materialistiske og praktiske livsinnstillinga til jærbuen har gitt lite rom for sekter og svermeri. Jærbuen har med Garborg sine ord trudd på skillingen og trøysta seg til Gud (*Fred* 1892). Timekyrkja har stått sterkt blant timebuar flest, også Garborgfamilien, der far til diktaren var klokkar og kyrkjetenar.

Det finst tre kyrkjestader Time. Time kyrkje er ei listeført kyrkje frå 1859, mens kyrkjegarden rundt kyrkja er frå middelalderen. Bryne kyrkje frå 1979 og Undheim kyrkje frå 2001 har førebels ikkje vernestatus. Den første presten i Time flytta inn på den gongen Lye prestegard i 1329. Den siste flytta ut i 1932, då kommunen kjøpte prestegarden til kommunegard og sette opp ein ny bygning.

Garden vart nedlagd og eigedommen seld til private i 1956. Alle dei 10 bustadhusa som ein gong var knytte til Lye prestegard er borte.

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kapittel 3.10. er det tekne med følgande område med kulturminne knytte til kyrkjer og kyrkjestader:

- Lye - område ved Lye prestegard
- Område ved kyrkja og bustadområdet på Undheim

Følgjande kulturminne er prioriterte i denne kategorien:

- K1 Time kyrkje, Vestlyvegen 1, Lye – 17/9
- K2 Undheim kyrkje, Bruavegen 2, Undheim – 46/223
- K3 Bryne kyrkje, Brynevegen 9, Bryne – 1/571

3.4. Samfunnsinstitusjonar

Delmål:

Time kommune har som mål å ta vare på viktige kulturmiljø og faste kulturminne knytte til, administrasjon, undervisning og foreiningsarbeid



Figur 10: Hognestad skule. Gamlebygget er frå 1934.

Bryne er dagens administrative og politiske sentrum, og innafor sentrumsområdet der ligg dei viktigaste samfunnsinstitusjonane. Rådhusområdet ligg på ei utfylling i utlaupet av Frøylandsvatnet med storskala bygg i parkmessige omgjevnadar. Dei tre betongbygga knytte til rådhuset vart bygde frå 1963 til 1980; Kulturhuset Storstova i 1964 og Telebygget i 1963, og har alle karakteristiske trekk frå etterkrigstida sin byggestil.

Elles har kommunale skulebygg vore viktige samfunnsinstitusjonar i lokalsamfunna rundt omkring i kommunen. Fleire av dei eldste skulebygga er seinare tekne i bruk som grendehus og forsamlingslokale. Eitt eksempel på det er Gamle Vestly skule, som vart oppført rundt 1893, og seinare flytta lenger vest. Fire prioriterte skulebygg viser korleis skulen har utvikla seg over tid både i størrelse og byggemåte. «1900-huset», som historisk er Bryne sitt andre skulehus, er fint restaurert og er nå i bruk til fritidsaktivitetar av ymse slag. Gamlebygget ved Bryne skule frå 1922 er det eldste skulebygget i drift, mens gamlebygget ved Hognestad skule frå 1934 er det nest eldste nåverande skulebygget i Time i drift. Rogaland landsgymnas vart oppretta i 1924 som eit privat gymnas. Staten tok over gymnaset i 1926 og endra då namnet til Rogaland offentlege landsgymnas. Hovudbygget frå 1947 er eit prioritert bygg. Området Gymnashøgda er i tillegg eit prioritert kulturmiljø.

Det aktive kristne arbeidet førte til at det vart reist fleire nye bedehus på Jæren. Saron på Bryne vart som det første innvigd 9. juni 1878. Nesten hundre år seinare vart det rive, og nytt bedehus vart bygd i Parkvegen i 1974. Bedehuset på Line vart bygd i 1911. Det vart påbygd i 1956, og er i dag det eldste eksisterande bedehuset i kommunen. Fleire av forsamlings-/bedehusa på Jæren vart bygde på dugnad og er i privat eige.

Turnhallen i Hetlandsgata stod ferdig i 1908/10, og fungerte som forsamlingshus for både verdslege og religiøse aktivitetar, og var m. a. òg brukt som kino. Lokalet var dei siste åra kjent som «Misjonshuset», som vart rive i 1989. Dagens Misjonskyrkje vart reist på tomte.

Sollyset i Bryne sentrum, tidlegare Frelsesarmeen sitt lokale med leiarbustad, er det eldste forsamlingshuset i Bryne sentrum i dag. Festiviteten frå 1926 inneheldt opphavleg kino og festsal. I den eine enden på bakkenivå var det i mange år brannstasjon. I dag husar bygget kontor og leilegheit. Lensmannsgarden på Mossige frå 1824 er ein fin representant på 1800-talets embetsbustader. Den opphavelge prestegarden låg på Lye, men i 1932 vart det bygt ny prestegard nedanfor Timekyrkja.

Denne er prioritert som enkeltobjekt, og ligg innafor eit heilskapleg miljø.

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kapittel 3.10 er det teke med følgande miljø som inneheld samfunnsinstitusjonar.

- **Gymnashøgda**
- **Bryne sentrum - rådhusområdet**
- **Lye - område ved gamle Lye prestegard**
- **Bryne sentrum – Festiviteten og trehusmiljø på Solhøgda**

Følgande kulturminne er prioriterte i denne kategorien:

- Si1 Lensmannsgarden Mossige, Undheimsvegen 28, Tunheim - 60/24
- Si2 Gamle Vestly skule, Vestlyvegen 117, Lye (Vestly) – 22/29
- Si3 Tjåland grendehus, Skårlandsvegen 1, Undheim – 47/19
- Si4 Hognestad forsamlingshus, Hognestadvegen 276, Hognestad – 9/69,
- Si5 Line forsamlings- og bedehus, gnr. 5 Bnr. 3 (frå SI
- Si6 Time prestegard, Timevegen 33, Lye (Vestly) – 17/15
- **Si7 Klokkargarden, Vestlyvegen 6, Lye (Vestly) – 17/26**
- Si8 Sollyset (Frelsesarmeen) Bryne sentrum, Meierigata 8, Bryne – 1/131
- Si9 Hognestad skule, gamlebygget, Hågenholen 1, Hognestad – 9/25, 40
- Si10 Bryne skule, Ola Barkveds veg 16, Bryne – 1/193
- Si11 Steinbakken («Gymnaset»), Torkel Maulands v 2, Bryne – 1/290
- Si12 Solvang («1900-huset»), Gamle Hognestadvegen 12, 4340 Bryne - 1/71
- Si13 Brynevang - Festiviteten, Bryne sentrum, Torggata 2, Bryne – 1/218

3.5. Landbruksbygg og Jærhus

Delmål:

Time kommune har som mål å ta vare på eit utval kulturmiljø og identitetsberande element av landbruksbygg i kommunen, som våningshus, bustadhus og uthus. Time har eit særskilt ansvar for at dei jærhusa som er att i kommunen vert bevarte, og for at det ikkje vert gjort endringar på bygga som reduserer verdien.



Figur11: Jærhus på Serigstad med to skutar. Bygd i 1850.

Landbrukseigedommar

Omkring 1600-talet ser ein fleire nye små, avsidesliggande og skrinne, marginale gardar, noko som tyder på at det var eit hardt befolkningspress, og dei gamle gardane vart delte opp i fleire bruk. Det aukande folketalet og behovet for fleire bustader og mat var årsaka til at husmannsordninga kom til på 1600-talet. Husmannsplassane låg gjerne i randsona av garden sitt kjerneområde, eller på marginale jordbruksområde. Husmennene på Jæren var ofte yngre familiemedlemmer frå hovudgarden. Gjennom utskiftingane i første halvdel av 1800-talet var prosessen motsett. Små åkerlappar og teigar vart slegne saman til større einingar som vart delte mellom bøndene. Saman med nye reiskapar og dyrkingsmåtar skulle jordbruket effektiviserast. Gjennom utskiftingslova vart dei opphavlege klyngetuna delte opp i fleire enkeltbruk på starten av 1900-talet.

Dette endra tydeleg karakteren i landskapet, som nå vart dominert av einbølte bruk (bare eitt gards- og bruksnummer) og samanhengande jordvidder der lange rekkjer av steingardar mellom åker, eng og naboar vart eit dominerande trekk. Steingardane kan òg vitna om kor gamle grenser har gått. Denne perioden ga òg eit stadig tydelegare skilje mellom by og land.

Plasseringa av busetnaden vart bestemt først og fremst ut frå hovudvindretning, men òg frå terreng og utsikt. Før 1875 dominerte grindverkskonstruksjonen byggemåten. Denne er særeigen for distriktet,.

Løa er alltid den dominerande driftsbygningen på gardane, og ofte den einaste bygningen ved sida av våningshuset. Her er òg fleire eksempel på at fjøs og vognhus vart bygde opp med lødde vegger i tørrmurt naturstein. Etter 1875 vart løene meir moderne med fjøs i mur, reisverk eller bindingsverk i tre og med kledning i tre. I tillegg har mange gardar hatt frittstående stabbur, potetkjellarar og smier.

Jærhus

Jærhuset - namnet er truleg folkeminnegranskaren Eilert Sundt sitt frå 1860-åra - er sjølv karakterhuset

på Jæren. I storverket *Fred* frå 1892 skildrar Arne Garborg jærhuset slik: «... låge einhøgda hus, bygde på vanleg måte: Stova i den eine enden og bua (bestestova) i den andre; mellom desse "gangen" med utedøra, overbygd med eit bislag; i begge endar av huset påbygde torvskutar. Enok budde lengst i vest; i nye, tjørebreidde hus, tekte med pannestein».

Dei fleste jærhusa vart bygde «oppetter bakkar og rés» (*Fred*), der landskapet var turt og avrenninga god, og med møneretning nv/sa, slik at nordvesten trefte gavlen, der skutar av stein tok av for det verste. Gavlen kunne òg vera kledd med takpanner, som t. d. Garborgheimen. Skutane hadde gjerne skråtak og kunne verta nytta som lagringsplass for torv vinterstid. Slik fekk ein òg ekstra isolering mot naturkreftene inn mot stovedelen. Sjølve huset vart bygd av tre, men òg med deler kledde med stein. Bordkledninga mot sør var gjerne liggande panel; vestlandspanel. Slik var det lettare å skifta ut bord som kunne rotne nedst mot bakken i det våte klimaet. Mot aust var det ståande hunbordkledning, sidan den sida ikkje var så vêrutsett. I eldre tider vart gjerne bordkledninga tjørebreidd (jf. Garborgheimen, der austsida i dag er tilbakeført). Seinare tok ein til å måla med brun eller mørkeraud husmåling. Frå andre halvdel av 1800-talet vart fleire av husa kvitmåla, jf. *Fred*; «rundt om på gardane sette folk opp store gilde hus og måla dei kvite, så dei skein over landet». Kvitmåling var dyrt, slik at mange måla bare inngangssida. Taket vart først tekt med halm eller gras, og seinare gjerne tegl eller skifer; jf. det Garborg skriv i *Fred* ovanfor.

Hustypen vart mykje brukt fram mot starten på 1900-talet. Etter kvart vart jærhuset rekna som gammaldags, og mange jærhus vart rivne for å gje rom for meir moderne hustypar, m.a. den såkalla «Sandneskassa». (Namnet skuldast at mykje av materialen vart henta på brygga på Sandnes.) Det finst truleg bare omlag 100 jærhus att. Så langt ein kjenner til er det elleve av desse i Time. Få av dei er frå tida før 1800 (bare Træe), og få er tekne vare på i opphavleg stil. Etter år 2000 har to jærhus fått rivingsløyve: eitt på Nyland/Løge (2004) og eitt på Tjåland (2019).

Jærhusa er ein sentral del av jærsk identitet. Dei er særmerkte for området, og Time kommune har eit særskilt ansvar for at dei jærhusa som er att i kommunen vert tekne vare på for ettertida. Ein må òg arbeida for at det ikkje vert gjort endringar som reduserer kulturminneverdien deira.

Garborgheimen, Knudaheio og Træe er sikra gjennom musealt vern. Garborgheimen er freda etter Kulturminnelova. Dei andre jærhusa er i privat eige. Husmannsplassen Træe på Line frå 1780 er det eldste jærhuset i Time. Det er òg eit lite fjøs med to båsar i tillegg til bustadhuset. Træe er særleg viktig for forståinga av bygningshistoria i heile regionen. Tunet på Serigstad står òg i ei særstilling på grunn av heilskapen i tunet, med uthus og omliggande mark innramma av steingardar.



Figur 12: Træe på Line er var husmannsplass og kårstove frå ca. 1780. Det vesle jærhuset var i bruk fram til like etter 1900. I 1997 vart **anlegget** restaurert av sivilarkitekt Per Line, og er i dag museum.

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kap. 3.10, er det teke med følgande område med landbruksbusetnadar og jærhus

- Træe - Line
- Knudaheio
- Garborgheimen
- Kartavoll med Raunefjell gardstun
- Området rundt Hognestad forsamlingshus og «Arkjå» på Hognestad

Følgande kulturminne er prioriterte i denne kategorien:

Jærhus

- LJ1 Træe, Line, Hauglandsvegen 8, Hognestad -5/24
- LJ2 Knudaheio, Undheim, Sikvalandsvegen 72, Undheim – 46/42
- LJ3 Garborgheimen, Garborgvegen 597, Undheim – 62/13
- **LJ4 «Raunefjell» jærhus og tun, Kartavoll, Buevegen 1206, Undheim – 51/4**
- LJ5 Jærhus, Rossaland, Rosselandsvegen 27, Bryne – 2/470
- LJ6 Digerneshuset, Norheim, Krossavegen 62, Bryne- 19/3
- LJ7 Gardsanlegg, Serigstad, Kvernelandsvegen 611, Lye – 20/7
- LJ8 Jærhus, Haugland, Hognestadvegen 439, Hognestad – 8/1
- **LJ9 Jærhus, Herigstad, Herigstadvegen 67, Hognestad - 11/21**
- **LJ10 «Heimahuset», Tunheim, Tunheimvegen 20, Undheim - 54/115**
- LJ11 Jærhus, Undheim, Undheimsvegen 482, Undheim – 46/17

Busetnadar i landbruksområde

- LJ12 Arkjå, Hognestadvegen 278, Hognestad - 9/69
- LJ13 Gardshus Njågarden, Njåvegen 84, 4355 Kvernaland – 24/1
- LJ14 Norheimsgarden, gardsanlegg, Krossavegen, Bryne - 43/45

- LJ15 Våningshus, Fotland, Timevegen 268, Lye – 58/1
- LJ16 Gardshus, Tunheim, Undheimsvegen 269, Undheim – 54/4
- LJ17 Gardshus, Botn, Timevegen 601, Undheim – 60/3
- LJ 18 Våningshus Bergene, Buevegen 1084, Undheim – 51/1

3.6. Samferdsel

Delmål :

Time kommune har som mål å ta vare på viktige kulturminne knytte til samferdsel

Det har eksistert ferdselsårer i Time så lenge det har vore menneske på Jæren. Ferdsla gjekk mellom bustader, jaktområde og fiskeplassar. Veg kan definerast som ein trasé i terrenget, skapt av menneskeleg ferdsel. Utviklinga av vegar starta som tråkk eller stiar i terrenget. Dei eldste vegspora me kan sjå i dag er hòlvegar som er spor etter gamle ride- og gangvegar som gjekk gjennom bygdene frå gard til gard. Enkelte av dei skriv seg frå jernalderen.



Figur 13: Bilete frå den gamle ferdselsvegen frå Fosse til Tunheim, som tidlegare var ein del av hovudvegnettet på Jæren

Det er vel 200 år sidan ein fekk køyrevegar på Jæren. Arbeidet med hovudvegen mellom Stavanger og Egersund tok til i 1798, men først 40 år seinare vart vegen ferdig. I 1820 starta arbeidet av "øvve Jærvegen" frå Åse i Høyland til Tunheim i Time Tunheim (byvegen i Garborgs Fred: «Nå var han på Graveheia. Her lika han aldri å fara så seint. Her var audt og svart og langt til folk—;»). I den same perioden vart ridevegen frå Timekyrkja til annekskyrkja i Gjesdal utbetra til køyreveg (minneplakett ved vegen mellom Lyefjell og Åsen). Andre viktige ferdselsminne er den gamle steinbrua på Fosse (1899), og restane og brukara av Fotlandbrua.

Vegbygginga i Time skaut fart midt på 1850-talet. Amtmannen godkjende 10 nye vegar i kommunen og 18 rodemeistrar (vedlikehaldsansvarleg) som igjen skulle tilsetta folk til vegarbeid. Lensmann og veginspektør hadde overoppsyn. Fleire mindre vegstubbar vart bygde av bøndene sjølve, utan tilskot verken frå fylke eller kommune. Nokre vegar vart òg nedlagde, som for eksempel vegen frå Kvernelands fabrikk om Njå til Vestly, og frå Fosse om Mossige til. I 1919 kom den første bilen til Time, eigd av Kvernelands fabrikk.

I 1878 opna Jærbanen, bygd som smalsporsbane mellom 1874 og 1878, i 1944 ombygd til normalspor, og i 1956 elektrifisert. Jærbanen batt Jæren i større grad saman, og gjorde det mogleg å reisa lengre, og raskare enn før. Jærbanen vart førande for framveksten av stasjonsbyar og tettstader på Jæren, og næring og industri vart som regel lagt nær jernbanen for å kunna nytta denne til transport av råvarer, gods og arbeidadarar. Vasstårnet på austsida av linja i Bryne sentrum er eit viktig kulturminne frå tida då lokomotiva var dampdrivne og måtta kjølast av med vatn.

Midgardsormen er ei gangbru over Frøylandsvatnet, frå Lalandsholmen på Kleppside til Njåskogen. Brua vart opna i 2016. Brynes vel var initiativtakar, og prosjektet vart realisert gjennom eit dugnadsprosjekt, der organisasjonar, Klepp og Time kommunar, næringslivet og privatpersonar gjekk saman. Målet var å

gjera Frøylandsvatnet meir tilgjengeleg som turområde og å gje området ein attraksjon i form av eit flott bygg. Brua tek omsyn til fuglelivet i vatnet og ho glir fint inn i naturen og landskapet. Brynes vel mottok byutviklingspris for brua frå Time kommune.

Følgande faste kulturminne er prioriterte i denne kategorien:

- Sf1 Prestavegen frå Lye til Gjesdal kyrkje
- Sf2 Festesteinar for hestar, på nordsida av Time kyrkje, Vestlyvegen 1, Lye
- Sf3 Undheim bru, Bruavegen, Undheim – 46/216
- Sf4 Den gamle ferdselsvegen frå Fosse - Tunheim
- Sf5 Fosse bru, Fosse – 13/13 og 59/40
- Sf6 Vasstårn, Bryne stasjon, 1/646
- Sf7 Midgardsormen, bru over Frøylandsvatnet - 27/7 (Time) og 15/92 (Klepp)

3.7. Industri og vassdrag

Delmål:

Time kommune har som mål å ta vare på kulturmiljø og eit utval eldre bygg og bygningsmiljø knytte til handverks- og industrihistorie og straumforsyning.



Figur 14: Bryne mølle, eit industribygg i Bryne sentrum med tidstypisk arkitektur frå 1929.

Jæren har i uminnelege tider hatt dyktige handverkarar, anten det var smedar, møllarar, skomakarar, skreddarar, hovslagarar med fleire.

Smie fanst det på mest alle gardar. I 1930-åra var det 51 handverkarar i stasjonsbyen Bryne. Det er dokumentert mølledrift i Noreg sidan 1200-talet. Det er òg dokumentert "Maling til Profit" på Fotland sidan 1668, og at det har vore fleire kvernhus langs Mølledammen på Bryne. Fotland Mølle stod ferdig i 1847/48. Den vart bygd for å mala for andre, og er ei av dei første industrimøllene på Jæren. Smia i kjellaren er eitt av dei første mekaniske industriføretaka på Jæren. Drifta på mølla vart lagt ned i 1970. Eitt av dei første, større industritiltaka i Time var teglverket på Åsland, som kom opp i 1836, og var i drift fram til 1889. Bygningane vart rivne i 1920. Ein del av pannene på Garborgheimen skal vera frå Åsland.

I Time vaks det opp ein jordbruksrelatert industri med produksjon av plogar, slåmaskinar og fôrhaustarar. Seinare vart det òg produksjon av gravemaskinar, den verdskjende Brøyt-en. Ein av dei fremste og mest sermerkete industrileiarane Jæren har fostra var Ole Gabriel Kverneland, stiftaren av det som seinare vart til Kvernelandkonsernet. Han kjøpte ein part av vassfallet i Frøylandsåna, og i 1879 fekk han i stand ein liten fabrikk som produserte ljåar og sigdar. Andreas Serigstad tok i 1864 til å laga forskjellige jordbruksmaskinar heime på garden på Serigstad. Dette vert rekna som landets eldste fabrikk for produksjon av landbruksmaskinar. I 1938 kjøpte verksemda opp Jæderens Uldvarefabrikk midt i Bryne, og flytta støyperi og verkstad inn i desse lokala. Jæderens Uldvarefabrikk var den eldste industribedrifta i stasjonsbyen Bryne, grunnlagt i 1895. Fabrikken vart selt til Sandnes Ullvare i 1928 og var i drift til 1936. Den eldste delen med fabrikkpipe og kontorlokale er regulerte til spesialområde bevaring. Ullvarefabrikken og meieriet, sistnemnte opna i 1898, fekk mykje å seia for Bryne sin vekst.

Pinseaftan 1915 vart kraftstasjonen på Fotland opna. Det første året gav kraftstasjonen straum til lys, etter kvart òg til strykejern, koking m.m., og frå 1917 til oppvarming. Ved opninga vart det sagt at kommunen nå var sjølvforsynt med straum i all framtid. Etter tre år var «all framtid» over og kapasiteten sprengd, men produksjonen heldt fram heilt til 1972, då turbinen rauk. Då var produksjonen 2% av kommunen sitt behov. I 1977 vart stasjonen gjenopna som vasskraftmuseum.

Nyare jærseke bedrifter, fleire av dei med utspring i tidlegare primærføretak, tok etter kvart steget over i meir framtidsretta og moderne industri, og produserer i dag avanserte maskinar og utstyr for mellom

anna oljeindustri, bilindustri, oppdrettsnæring og medisin. Fleire av desse finn me her i kommunen.

Då straumforsyninga vart bygd ut på tidleg på 1900-talet vart det sett opp ulike trafobygg. Det er prioritert fleire mindre trafoar frå 1920 for å sikra eit utval av desse.

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kapittel 3.10, er det teke med følgande område med viktige næringsbygg

- Gamle Kverneland fabrikk med smie
- Fotland kraftstasjon og Fotland mølle
- Bryne sentrum – gammal sveisehall og spønehus i Hetlandsgata
- Bryne sentrum – området ved gamle Bryne mek.
- Bryne sentrum – område langs Bryneåna og Storgata

Følgande kulturminne er prioriterte i denne kategorien:

- N1 Gamle Kverneland fabrikk, Kvernelandsvegen, Kverneland - 28/171
- N2 Smiå, Kvernelandsvegen, Kverneland – 28/9
- N3 Stemmen, Kverneland - 28/750
- N4 Fotland kraftstasjon, Timevegen 187, Lye – 15/2
- N5 Fotland mølle, Fossevegen 176, Lye – 58/9
- N6 Demninga i Storamø, Buevegen 1109, Undheim – 51/1
- N7 Demninga på Skrudland, Stemmen, 16/1 og 4
- N8 Trafo, Høyland, Hadlandsvegen, Lye – 35/7
- N9 Trafo, Garborg, Garborgvegen 585, Undheim - 62/5_62/7
- N10 Trafo, Haugland, langs Hognestadvegen – 9/16
- N11 Trafo, Frøyland, Frøylandsvegen
- N12 Trafo, Løge, Løgevegen/ Timevegen 141, Lye- 16/2
- N13 Trafo Herigstadvegen 98, 11/12
- N14 Trafo, Årrestad, Sælandsvegen
- N15, Trafo, Biskop Hognestads gate 11, Bryne – 2/89
- N16 Bryne mølle, Reevegen 1, Bryne – 1/179
- N17 Kornmottak og siloar, Reevegen 3, Bryne – 1/180
- N18 Aarresmiå, Storgata 35, Bryne – 1/28
- N19 Tidlegare Jæren meieri med pipe, Jernbanegata 13, Bryne - 1/62
- N20 Holmen (Serigstadbygget), Arne Garborgs veg 22, Bryne – 1/188
- N21 Spønehuset, Hetlandsgata 12, Bryne – 1/789
- N22 Sveisehallen, Hetlandsgata 14, Bryne – 1/788
- N23 Aftenbladbygget, Storgata 27 A, Bryne –1/654

3.8. Bustads- og forretningsbygg

Delmål:

Time kommune har som mål å ta vare på eit utval av identitetsberande bustadhus, forretningsbygg og heilskaplege bustadmiljø.



Forretningsbygg / kombinasjonsbygg

Tidlegare vart det ofte reist bygg der ein både hadde ein næringsdel og bustad. Der budde den som dreiv næring i det same huset. Meierigata 4 er eit eksempel på dette. Dette huset vart bygd som apotek og bustad for eigaren.

Figur 15: Norabakken - i dag eit kontorbygg i Bryne sentrum. Bygd ca. 1920 som apotek/bustad av apotekar Arff. Ein spesielt fin representant frå tida i ei blanding av klassisisme og seinbarokk.

Det er framleis fleire bygg i Bryne sentrum som har næring i første og bustader i etasjane over. Ny næringsdrift og nye krav til bustader gjer at mange av desse bygga har vorte endra både interiør- og eksteriørmessig.

Særmerkte og godt bevarte bygg med nærings- og bustadfunksjonar er prioriterte.

Bustadhus/ villa

Villaene famnar ulike stilartar frå sveitserstilen (1850-ca 1910), jugend (1890-1920), 1920-talsklassisisme eller nyklassisisme 1920-1930, funksjonalisme 1930, gjenreising og husbank 1940-1955 og fram til den nyare tida frå 1955 og til i dag.

Byggeauken på slutten av 1800-talet kom i ein periode då sveitserstilen dominerte trehusa. Jugendstilen som følgde etter hadde ein kortvarig, men viktig innverknad på norsk arkitektur. I tida etter 1910 vart det på ny interesse for klassisk arkitektur, og det vart bygd mange murhus og større villaer av tre med detaljar og utsmykking som var henta direkte frå antikke førebilde. Frå ca. 1920 vart også bustadhus av tre prega av ein meir enkel og stram nyklassisisme. Funksjonalismen frå 1930 tok eit kraftig oppgjær med manglande samanheng mellom form og funksjon. Bygningane skulle først og fremst vera funksjonelle.

Etter andre verdskrig var bustadnauda stor, og det vart sett i gang store utbyggingsprosjekt i offentleg regi. Nye "revolusjonerande" byggemateriale som mineralullisolasjon, eternit, isolerglass, nye typar papp og foliar vart vanlege utover i 1950-åra. Samtidig var ferdighusa under utvikling, og 1955 markerer overgangen til det som kan karakteriserast som den moderne byggeverksemda. Bustadområdet på Kringsjø vart etablert på 60-talet, og dette området er framleis einskapleg med karakteristisk hovudform som i det store og heile er lite endra frå byggeåra.

Etter kvart gleid funksjonalismen over i det som vert kalla seinmodernismen. I vår tid har me i stor grad ferdighus, typehus og mange versjonar av prefabrikkerte hus. Fram til midten av 1970-åra var stilen hovudsakleg funksjonalistisk. På 1980-talet vart husa større med meir utbroderte fasadar.

I dei utvalde kulturmiljøa som er beskrivne i kapittel 3.10 er det teke med følgande område med bustader :

- Bustadmiljø i Arne Garborgs veg / Alvevegen
- Bryne sentrum – trehusmiljø i Hetlandsgata
- Bryne – Kringsjø bustadområde


Følgande kulturminne er prioriterte i denne kategorien

- TB1 Dalheim. bustadhus, Leirfenvegen 5, Kvernaland – 28/68
- TB2 Direktørbustad, Kvernaland, Hauabakkvegen 6, Kvernaland – 28/783
- TB3 Elverhøy, "Haugstadhuset", Undheim, Smedavegen 7, Undheim -46/112
- TB4 Svensenhuset, bustadshus, Hulda Garborgs veg 7, Bryne – 1/70
- TB5 Steinborg, Hetlandsgata 17, Bryne – 1/209
- TB6 Hetland vestre, Hetlandsgata 19, Bryne – 1/644
- TB7 Soltun, Hetlandsgata 21, Bryne – 2/39
- TB8 Heimly, Lendehuset, Arne Garborgs veg 31, Bryne - 2/23
- TB9 Bustadhus Hognestad, Alvevegen 4, Bryne -2/41
- TB10 Sagatun, bustadhus m/ uthus, Arne Garborgs veg 62, Bryne -2/42
- TB11 Bustadhus Erland, Bryne, Arne Garborgs veg 60, Bryne – 2/43
- TB12 Brynevoll, Haugehuset, Brynevegen 23, Bryne – 1/177T
- TB13 Solheim, Torggata 10, Bryne -1/134
- TB14 Solhøgda, Norderhov, Dalhuset, Brynevegen 21, Bryne – 1/178
- TB15 Natvighuset, Solhøgda 4, Bryne – 1/206
- TB16 Varatun, Ørnahaugen 3, Bryne – 1/175
- TB17 Ingelin, bustadhus, Bryne, Tinghaugvegen 4, Bryne – 1/243
- TB18 Storåker, bustadhus Brynehaugen, Brynevegen 5B, Bryne – 1/227
- TB19 Sælandshuset, Øgårdsbakken 6, Bryne -1/154
- TB20 Solhaug, Storgata 39, Bryne – 1/873
- TB21 Nerdal, Haualandshuset, Hulda Garborgs veg 2, Bryne – 1/173
- TB22 Grand hotell, Hulda Garborgs veg 4, Bryne -1/68
- TB23 Målfridstua, "Kjos Hansen huset", Storgata 17 , Bryne- 1/42
- TB24 Kårhaug, Storgata 18, 4340 Bryne –1/24
- TB25 Bellesenhuset, Storgata 16, 4340 Bryne – 1/24
- TB26 Torget 3, Torget 3, 4340 Bryne – 1/196
- TB27 Torget 5, 4340 Bryne – 1/199 og 1/275
- TB28 Eiden, Storgata 7, 4340 Bryne – 1/19
- TB29 Norabakken, Meierigata
- TB30 Oppheim, Gamle Hognestadvegen 9, 4340 Bryne
- TB31 Østerlide, Gundersenhuset, Gamle Hognestadvegen 9, 4340 Bryne
- TB32 Rudin Reehuset, funkishus, Kvernhusbakken 9, Bryne -1/437

3.9. Kulturlandskap

Delmål:

Time kommune har som mål å ta vare på eit utval av heilskaplege kulturlandskap som har særst høg verdi med omsyn til landskapsbilete, opplevingsverdiar, biologisk mangfald og lokal historie. Steingardar er eit viktig element i kulturlandskapet i Time som det skal takast vare på.



Figur 16 : Moderne kulturlandskap på Lye (Biletet er henta frå Kulturminneplan 2008-2019.)

Kulturlandskap vil seia landskap forma av menneskeleg aktivitet. I ein kommune som Time der jordbruket har vore viktigaste næringsvegen, er det naturleg at landskapet ber merke etter dette.

Kulturpåverknadar frå ulike tidsepokar har vore med og forma landskapet i Time. I deler av kommunen har kulturlandskapet vore mest det same sidan bronsealderen, det vil seia i meir enn 2500 år. Spesielt i det siste hundreåret har det vore ei stor endring av kulturlandskapet på Jæren. Vatn er tappa ut, og torvmyrar er oppdyrka, det same er gras- og lyngheiane som før vart nytta til beite.

Jæren er kjend for steingardane, og dei er eit synleg kjennemerke i det jærsk kulturlandskapet. Dei deler opp kulturlandskapet, og fortel om slitet med å dyrka jorda. Steingardane markerte grenser frå jernalderen til slutten av 1700-talet. Då vart nye, høgare steingardane eit symbol på moderniseringa av jordbruket. Dei synte at jærboendene var eit hardt arbeidande folk. På denne tida fekk steingardane også ein annan og praktisk funksjon; dei vart nyttige lager for all steinen som elles var i vegen for plogane. Dessutan var dei høge nok til å halda husdyra på plass, og bøndene kunne slutta å gjeta. Utover 1900-talet vart steingardane til hinder for moderniseringsprosjektet. Dei var i vegen for dei nye, større maskinane og måtte vekk. I staden vart steinen graven ned. På slutten av 1970-talet fekk steingardane ein renessanse på Jæren, og dei vart igjen ein del av moderniseringsprosjektet. Store, breie steingardar vart sette opp i grensene mellom eigedommane. Dei vart ofte sett opp av entreprenørar med steinarbeid som leveveg. Steingardane fekk igjen verdi som praktisk lager for stein. Samtidig var dei estetiske objekt som gjorde jærlandskapet vakrare, og laga eit band til ein gammal tradisjon og slitet for å dyrka denne jorda. Men dei gamle steingardane var framleis i vegen, dei måtte ofte fjernast. Steingardane og det opne lendet med vidt utsyn frå hei til hav bør også i framtida prega det jærsk kulturlandskapet. Det er viktig å ta vare på restane av det som er att.

Det naturlege biologiske mangfaldet og variasjonen i plante- og dyrelivet må ein òg halda i hevd for komande generasjonar. Time har saman med nabokommunane Bjerkreim, Gjesdal og Hå nokre av dei største samanhengande områda med kystlynghei i Noreg. Det er ei utfordring å oppretthalda heieområde og utmarksbeite til beitebruk, slik at områda ikkje gror att.

Det bølgende landskapet er eit viktig element i kulturlandskapet. Den intensive jordbruksdrifta i dei lågare delane av Time har òg ført til at det er få eksempel att frå kulturlandskapet i tidlegare tider. Effektivisering av produksjonen ved for eksempel masseuttak og massefyllingar kan over tid føra til utflating av landskapet.


Den gamle gardsstrukturen med tunskipnad er det heller ikkje mange igjen av på Jæren. Tuset på Serigstad (Gnr. 20/7) er i så måte eit særskilt tidsdokument frå omkring 1850, med jærhus, uthus, steingardar, geilar, tunte og driftsbygning. Det autentiske gardstuset som er med i verneklasse SEFRAK A, har også fått Time kommune sin kulturvernpris (1998).

Driftsrasjonaliseringar og nye tankar om husdyrhald har ført til "overflødige" driftsbygningar på fleire gardar. Det vil vera ei utfordring og eit mål å ta vare på dei beste av desse tidsdokumenta for ettertida.

Prioriterte kulturlandskap i Time

Riksantikvaren har kartlagt kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. KULA-prosjektet har hatt som mål å synleggjera korleis busettingar, næringar og ferdsel har prega landskapet. Viktige fasar og hendingar i historia, historiske strukturar og ulike etniske og sosiale grupper sin bruk av landskapet har sett sine spor. Frå og med 2023 inngår KULA i den felles oversikta Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse som eit kunnskapsgrunnlag. Følgande KULA-område ligg i Time kommune.

Hadland – Sæland – Undheim (område nr. 16) har eit landskap som spanner frå Låg-Jæren sitt moderne jordbrukslandskap til Høg-Jæren sine lyngheiar. Dei store samanhengande gardsanlegga, grav- og røysfelta frå jernalder, i kombinasjon med kulturmark, kystlynghei og naturbeitemark gjer området aust for Håelva unikt. Sør i området ligg Knudaheio, som er eit historisk minnesmerke i den nasjonale historia. Den tette eikeskogen i fjellsida på Sæland, som avgrensar landskapet mot aust, er eit sjeldan eksempel på det tidlegare skogkledde Jæren. Kontrastane og tidsdjupna i området er stor.



Figur 17: Avgrensing av dei to prioriterte KULA-områda i Time kommune



Høg-Jæren (område nr. 18) omfattar utmarksslått og beitelandskap i kystlynghei. Kystlyngheiane er ein del av ein felles europeisk kystkulturarv, og landskapstypen er i dag sterkt trua. Kystlyngheiane langs norskekysten hadde i tida før oppdyrkinga si aller største utbreiing på Jæren, og er eitt av dei største, òg i nasjonal samanheng. Spora etter tidlegare tidars bruk, mellom anna etter stølsdrift og stakking av hø, er tydelege.

Kulturlandskap som er vidareført frå førre kulturminneplan.

Denne rulleringa av kulturminneplanen har ikkje omfatta arbeid med kulturlandskap. I Kulturminneplanen 2008-2019 vart områda som er lista opp under, peika på som viktige. Desse er ikkje vurderte eller gjennomgått i forbindelse med denne rulleringa.

Ved seinare rullering av kulturmiljøplanen vert det anbefalt at det vert sett nærare på temaet kulturlandskap. Dei kulturlandskapa som tidlegare har vorte prioriterte i Time bør då verta gjennomgått, og områda bør avgrensast på kart, slik at dei kan vurderast for omsynssone i neste kommuneplan sin arealdel.

1. Kalberg/Åsland. Forutan den særskilde rike myra på Søre Kalberg, er området først og fremst prega av dei sjeldne og verdfulle kvartærgeologiske landskapselementa. Heile området har i tillegg ein rik konsentrasjon av gravrøyser og gamle gardsanlegg. Gravrøyser, eller òg gammal hagemark er eksempel på sjeldne og særskilde sårbare miljøskapande element i området. Nordre del av området er i seinare år omdisponert og kulturlandskapet sterkt påverka.
2. Njømrådet er uvanleg rikt på naturelement og naturmiljø. Vekslinga mellom vatn, variert skog, bekker og vegetasjonsdrag gir eit godt grunnlag for mangfald og artsrikdom. Her finst det hustuffer og gardsanlegg som vitnar om historisk kontinuitet og tilknytning til nåtida sitt rike kulturlandskap.
3. Hellandsmyr - Skjæret er eit flott kulturlandskap med utsikt over heile Låg-Jæren. Det representerer det tradisjonelle opne beitelandskapet på Jæren. Utanom myrområda er vegetasjonen dominert av tørre grasheiar i aust og vitale røsslyngheiar i vest.
4. Litlamos - Trollhaugknuten. Her finst grasheiar, lyngheiar, myrar og mange småvatn i eit knause landskap som gjer dette til eit variert naturområde. Her er det få eller ingen tekniske inngrep.
5. Lyngaland. Stort gardsanlegg frå folkevandringstida. Landskapsvernområde med kulturbeite og litt lynghei. Mange eldre kulturminne i området mot Håelva.
6. Garborg - Tunheim - Mossige er eit frodig florarikt kulturlandskap som er unikt i jærregionen. Landskapet vekslar mellom opne eikehagar, tettare eikeskogar, bjørkehagar, open ugjødsla beitemark, grashei og kulturbeite.
7. Mossigemarkene - Lendemyrane. Dette er kanskje det største myr- og utmarksområdet på Låg-Jæren med små tekniske inngrep. Området ligg som eit lågt ope platå med låge moreneryggar. Her finst det framleis restar etter torvskjering, og det er større område med røsslynghei.
8. Serigstad er eit flott gammalt kulturlandskap og gardsmiljø, gardstun med hovudbygning og løe frå 1850. Det gir eit autentisk miljø saman med uthus, steingardar, tuntre og trelunnar. Dei tilgrensande områda langs Frøylandsvatnet har òg ein fin kombinasjon av kultur- og naturelement.

9. Synesvarden kystlynghei. Stort område med kystlynghei i Time og Hå kommunar. Det meste av området ligg innafor Synesvarden landskapsvernområde, oppretta i 1993. Lyngheia innafor landskapsvernområdet er trua av attgroing og treng skjøtsel.

3.10. Prioriterte kulturmiljø

Prioritering av enkelte bygningar er viktig, men samanhengen mellom dei er òg viktig, i tråd med stortingsmelding 16 om kulturmiljøpolitikken.

Time kommune prioriterer 23 kulturmiljø. Det er utarbeidd kort omtale for kvart av desse områda. Intensjonen er å avsetta omsynssoner for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel ved seinare rullering.

- | | |
|-------------------------------------|---------------------------------------|
| 1. Træe | 14. Bryne sentrum - område langs |
| 2. Knudaheio | Bryneåna og Storgata |
| 3. Garborgheimen | 15. Bryne sentrum - Festiviteten og |
| 4. Gamle Kverneland fabrikk med | trehusmiljø på Solhøgda |
| smie | 16. Bryne sentrum – Gymnashøgda |
| 5. Område i Njåskogen | 17. Bryne sentrum - trehusmiljø i |
| 6. Serigstad, Kvernelandsvegen 611 | Meierigata og Gamle |
| 7. Norheim, Krossavegen 43 inkl. | Hognestadvegen |
| jærhus | 18. Bryne sentrum – gammal sveisehall |
| 8. Lye – område ved gamle Time | og spønehus i Hetlandsgata |
| prestegard | 19. Bryne sentrum - bustadmiljø Arne |
| 9. Fotland Kraftstasjon og Fotland | Garborgs veg / Alvevegen |
| mølle | 20. Bryne sentrum – rådhusområdet |
| 10. Hadland og Sæland - Lyngaland | 21. Bryne sentrum – område ved Gamle |
| landskapsvernområde | Bryne Mek. |
| 11. Undheim – område ved kyrkja og | 22. Bryne sentrum - trehusmiljø i |
| bustadområde | Hetlandsgata |
| 12. Kartavoll - Raunefjell gardstun | 23. Bryne – Kringsjå bustadområde |
| 13. Hognestad – område rundt Arkjå | |

Område med høg konsentrasjon av kulturhistorisk busetnad og kvalitetar bør forvaltast i tråd med retningslinjene i denne planen. Dette er eit viktig ledd i arbeidet med å styrka kulturminnevernet i Time. Formålet med omsynssoner for kulturmiljø er at kulturhistorisk verdfulle bygningar og særprega område vert bevarte og at heilskapen rundt kulturmiljøa vert sikra. Forslag til avgrensa omsynssoner er utarbeidd med bakgrunn i at områda skal få styrka vern og at folk får ei større forståing for at områda er viktige og at dei er rekna som svært viktige å vareta for framtida. Nokre av dei føreslegne omsynssoneområda omfattar også automatisk freda kulturminne. For forklaring på “automatiske freda kulturminne” og andre omgrep, sjå vedlegg 4.



Figur 18: Garborgheimen


3.10.1. Træe

Træe (av plass å gå, eller inngjerda jordstykke) er ein husmannsplass og kårstove frå ca. 1780.

Der er eit tradisjonstru jærhus som har sidtøke med torvskut mot nord, og steinmur på tre av sidene. Kjøkkenet har jordgolv og stor grue. Til vern mot isande vintervindar var steinveggene der klinte med leire på innsida.

Huset, som først låg ca. 30 meter lenger aust, er bygt ca. 1780 på skrin jord. Det var husmannsplass under Line iallfall fram til 1863, og det høyrde femten-tjue mål dårleg jord til.

Huset er eit jærhus som var i bruk fram til like etter 1900. I 1997 vart huset gjennomgåande restaurert av sivilarkitekt Per Line, og fungerer i dag som museum.




Grunngjeving for vern	Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi, særleg knytt til Træe. Området inngår i kategori «Innlandsslettelandskap under skoggrensa med tett bebyggelse og jordbruksdominans» jf. Temakart Rogaland. Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).
Forvalting	For å ta vare på miljøet er det viktig at jærhuset og kulturlandskapet det står i, vert skjøtta og forvalta som eit heilskapleg kulturmiljø. Alle nye tiltak må godkjennast av Rogaland fylkeskommune. Det vert anbefalt at det vert utarbeidd ein forvaltingsplan for området.
Vernestatus	Bustaden og område rundt er sikra med bandleggingssone og omsynssone «Bevaring Kulturmiljø» i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030

3.10.2. Knudaheio

Lite jærhus på ca. 50 kvadrat med 2 skutar. Autentisk grunnform og - plan. Innreieing og inventar er autentisk.

Knudaheio var diktaren Arne Garborg (1851-1924) si sommarstove på Jæren frå 1899. Han reiste hit for å skriva nesten kvart år fram til 1923. Han døydd i 1924.

Utvendig framstår huset slik det gjorde i 1909, då det vart kledd med ståande panel og pannelagt.



Time kommune overtok eigedommen som g ve fr  enka Hulda Garborg i 1924, mot at ho fekk gravlegga ektemannen der. I forbindelse med Garborg ret 2001 vart det sett opp to minnesmerke ved Knudaheio: steinansiktet "All denne fagre utsyn" av Hugo Frank Wathne, og varden "Tek kvar og ein sin vesle stein" av barna i krinsen.



Grunngjeving for vern	Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi, særleg knytt til Knudaheio. Området inngår i «Kulturmiljø og kulturlandskap av nasjonal interesse (tidlegare omtalt som KULA-område) Hadland-Sæland-Undheim og fell inn under kategori « <i>Grunne daler i ås- og fjellandskap under skogsgrensen med bebygde områder</i> » jf. <i>Temakart Rogaland</i> . Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).
Forvaltning	For å ta vare på miljøet er det viktig at jærhuset og kulturlandskapet det står i, vert tekne vare på og forvalta som eit heilskapleg kulturmiljø. Alle nye tiltak må godkjennast av Rogaland fylkeskommune. Det vert anbefalt at det vert utarbeidd ein forvaltingsplan for området.
Vernestatus	Bustaden og området rundt er sikra med omsynssone «Bevaring Kulturmiljø» i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030. Nasjonalt viktig landskap, jf. Temakartportal Rogaland

3.10.3. Garborgheimen

Garborgheimen er dikteren Aadne – seinare – Arne Garborg (1851-1924) sin barndomsheim. Huset vart bygd i 1848 av Ane Oline og Eivind Aadneson Garborg, dikteren sine foreldre. Huset var i familiens eige og bruk til 1869. Det vart gitt til Time kommune i 1940. Det budde av og på folk i huset til 1947. Ved hundreårsjubileet for dikteren i 1951 vart det museum.

Bustaden er freda og i kommuneplanen sikra med bandleggingssone. Området rundt er vist med omsynssone «Bevaring Kulturmiljø»

Garborgheimen er eit godt bevart jærhus, og med innreiing og møbler frå 1850-åra gir det eit godt bilde av den kulturelle og sosiale bakgrunnen til dikteren og samtida hans.



Grunngjeving for vern	Kulturmiljø med lokal, regional og nasjonal verdi. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi, særleg knytt til Garborgheimen. Området inngår i slettelandskapet på Låg-Jæren. Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time, Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).
Forvalting	For å ta vare på miljøet er det viktig at det freda jærhuset og kulturlandskapet det står i, vert tekne vare på og forvalta som eit heilskapleg kulturmiljø. Alle nye tiltak må godkjennast av Rogaland fylkeskommune. Det vert anbefalt at det vert utarbeidd ein forvaltingsplan for området..
Vernestatus	Bustaden og område rundt er sikra med bandleggings-sone og omsynssone «Bevaring Kulturmiljø» i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030. Regionalt viktig landskap, jf. Temakartportal Rogaland

3.10.4. Gamle Kverneland fabrikk med smie


Kulturmiljø med fabrikkbygningar mot Frøylandsvatnet og smia på andre sida av Kvernelandsvegen.

Fabrikkområdet vart etablert av Ole Gabriel Kverneland i 1879, då han bygde den vesle smia. Han kalla bedrifta sin "O. G. Kvernelands Fabrik", og starta med å produsera ljåar. Det vart etablert eit aksjeselskap i 1894, og på 1920-tallet hadde det blitt Noregs største leverandør av landbruksprodukt, spesielt innan plogar. I 1964 flytta Kvernelands Fabrik A/S Plogfabrikken til Øksnavad i Klepp kommune.

Området har hatt bygg frå ulike tidsepokar. Dei største industribygga er nå rivne, og det står i dag att fem bygg i området ned mot Frøylandsvatnet. Området er sett av til sentrumsområde i kommuneplanen, og det er lagt opp til at området skal regulerast. I forbindelse med at det vart gitt løyve til riving, vart det stilt vilkår om ein skal sjå på kva for nokre av dei gamle bygningane som skal takast vare på, korleis dei kan integrerast i ein framtidig reguleringsplan for området.

Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

1. Smiå (Gnr. 28/9 SEFRAK ID 1121-0006-056) (Gnr./Bnr. 28/9)
2. Smiebygget, 1895 (Gnr./Bnr. 28/171)
3. Industribygg frå 1929 (Gnr./Bnr. 28/171)
4. Industribygg frå 1931 ((Gnr./Bnr. 28/171)
5. To andre industribygg med p.t. ukjent årstal




To av dei fem bygga som ikkje har fått rivingsløyve og står att i området

Grunngjeving for vern	Del av eit større miljø med «Smiå», eldre og nyare industribusetnad. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi knytt til industriverksemde på Kverneland frå 1879 til 1964.
Forvalting	Kverneland fabrikk er blant kommunen sine viktigaste industrikulturmiljø. I dag står bare seks av dei eldste bygga att, kor bare smia er godt bevart. For å bevare miljøet er det viktig at eit representativt utval av dei bygningane som er att, vert tekne vare på, og det anbefalast ei nærare analyse og teknisk gjennomgang av dei fem bygga som er att i fabrikkområdet. Vernet omfattar bygningane sitt opphavslege eksteriør. Ei eventuell framtidig fortetting bør ta omsyn til dei kulturhistoriske bygnadane i skala/høgde, struktur og materialbruk

Vernestatus	Smia har omsynssone i gjeldande KPA. Det vert foreslått ei noko større omsynssone ved rulling av kommuneplanen sin arealdel, og i kommande reguleringsplanarbeid for å sikra ein større samanheng i kulturmiljøet.
-------------	--

3.10.5. Område i Njåskogen

Kulturmiljø som er uvanleg rikt på naturelement og naturmiljø. Vekslinga mellom vatn, variert skog, bekker og vegetasjonsdrag gir eit godt grunnlag for mangfald og artsriksdom. Her finst det hustuffer og gardsanlegg som vitnar om historisk kontinuitet og tilknytning til nåtida sitt rike kulturlandskap. Området ved Frøylandsvatnet ligg elles i eit område som i stor grad er påverka av menneskelege inngrep. Skogsområdet vert brukt som friluftsområde og området elles er jordbruksland.



Figur 1 Freda gravfelt på Tegle

Viktige busetnadar og lokalitetar i/ nær kulturmiljøet:

- Stort omfang av automatisk freda kulturminne; gravfelt, hustuffer, diverse andre spor av busetting.
- Eldre gardstun, med ein SEFAK-B registrert gammalt båthus (1121-0003-002) . To SEFRAK-registrerte bygningar i kategori C - ruin etter eit våningshus 1121-0006-059) og ruin etter ei tørkeløe 1121-0006-025.

Grunngjeving for vern	Kulturmiljø med lokal, regional og nasjonal verdi. Område med stort omfang av automatisk freda kulturminne. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi, særleg knytt til kontinuerleg bruk av området gjennom lang tid. Området inngår delvis i slettelandskapet på Låg-Jæren.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at kulturlandskapet med vegetasjon og dei mange automatisk freda kulturminne vert tekne vare på og forvalta som eit heilskapleg kulturmiljø. Omfanget av alle dei førreformatoriske kulturminna gjer området sårbart for nye tiltak som krev middels eller store inngrep i terrenget, eller vert brukt på ein måte som gjer store inngrep i terrenget. Det vert anbefalt at det vert utarbeidd ein forvaltingsplan for området.
Vernestatus	Forslag til omsynssone ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel, og i eventuelt kommande reguleringsplanarbeid. Nasjonalt viktig landskap, jf. Temakartportal Rogaland

3.10.6. Serigstad, Kvernelandsvegen 611

Kulturmiljøet omfattar eit gardsanlegg med eit jærhus og løe med omgjevnadar. Området er heilt ope ned mot Frøylandsvatnet. Gardsanlegget ligg i eit område som er rikt på automatisk freda kulturminne, noko som kan fortelja om historisk kontinuitet i bruk av området. Andre område ved Frøylandsvatnet er elles i stor grad utbygde eller påverka av menneskelege inngrep.

Viktige bygningar og lokalitetar i/ nær kulturmiljøet:

- Våningshus, Serigstad, jærhus (Gnr. 20/7), SEFRAK ID 1121-0003-010. (Sefrak A)
- Løe, Serigstad, SEFRAK ID 1121-0003-009. (Sefrak A)
- **Steingardar**
- Automatisk freda kulturminne; hustuft, gardsanlegg




Grunngjeving for vern	Spora av busetting har òg nasjonal verdi. Gardstun med jærhus frå ca. 1850 i eit landbruksområde som er rikt på kulturminne, og som på grunn av fornminna har stor tidsdjupn. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi. Jærhuset er oppført som midtgangshus med to skutar, av den såkalla utvida typen. Løe er bygd ca. 1850 i ei blanding av tegl og naturstein. Nær på autentisk grunnform/ plan. Løe er gjennomgåande og svært pietetsfullt restaurert. Autentisk miljø med jærhus, uthus, steingardar / «træe», tuntre og driftsbygning. Gardsdrifta var òg «gammaldags», umotorisert og med hest, og både fjøs og løe er så historisk bevarte at m.a. Jærmuseet kopierte dei til restaureringar i andre museale anlegg. Kulturvernprisen i 1998. Området inngår i slettelandskapet på Låg-Jæren i Temakart Rogaland.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga, og det opne landskapet med fornminne, steingardar og vegetasjon vert forvalta slik at verdiane i både tun og nære omgjevnader ikkje går tapt. Autentisk materiale i bygningane bør bevarast så langt dette er mogleg. Det opne landskapet ned mot vatnet er viktig for opplevinga av kulturminne i landskapet, og bør ikkje verta bygd igjen. Området toler ikkje mykje endring før verdiar går tapt.
Vernestatus	Dei to eldre gardsbygnadene har omsynssone kulturmiljø (H570) i gjeldande kommuneplanens arealdel (ID 152 og 133). Det vert foreslått ei større omsynssone ved rullering av kommuneplanen sin arealdel/eventuelt reguleringsplanarbeid for å sikra heilskapen i kulturmiljøet. Nasjonalt viktig landskap , jf. Temakartportal Rogaland

3.10.7. Norheim, Krossavegen 43, inkludert jærhus

Kulturmiljø som omfattar fleire gardsanlegg med omgjevnader, mellom anna eitt gardsanlegg med eit jærhus. Gardane ligg i eit område som er rikt på automatisk freda kulturminne, noko som fortel om historisk kontinuitet i bruken av området.

Viktige bygningar og lokalitetar i/nær kulturmiljøet:

1. Våningshus/ jærhus Norheim, (Gnr. 19/3), SEFRAK ID 1121 0003 063 (Sefrak B)
Driftsbygning Norheim, (Gnr. 19/3), SEFRAK ID 1121-0003-064 (Sefrak C)
 2. Verkstad/garasje Norheim, Lensmannsgard, (Gnr. 19/1), SEFRAK ID 1121 0003 062
Våningshus Norheim, Lensmannsgard, (Gnr. 19/1), SEFRAK ID 1121 0003 061 (begge Sefrak B)
- Steingardar
 - Automatisk freda kulturminne; gravfelt, hustuft



Grunngjeving for vern	Busettingsspora har nasjonal verdi. Ein lensmannsgard og eit gardstun (Kulturvernprisen i 2001) og nabogard med jærhus utan skutar (Byggeskikkprisen i 2021 og Fortidsminneforeininga sin vernepris 2024); i samanheng med fornminne, som viser kontinuitet og stor tidsdjupn. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi. Norheim lensmannsgard (2) er ein stor gard som fortel om ein viktig samfunnsinstitusjon i Time. Bygningane er tidsrett sette i stand. Jærhuset (1) er gjennomgåande tilbakeført og i god stand. Området ligg inn mot slettelandskapet på Låg-Jæren i Temakart Rogaland.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga, samt landskapet med steingardar, vegetasjon med meir vert tekne vare på. Autentisk materiale bør bevarast. Opent område ned mot vegen er viktig for opplevinga av kulturminnet i landskapet. Kulturmiljøet må oppretthaldast som landbruksområde. Ved behov for riving/oppføring av ny gardsbusetnad må det gjerast eigne vurderingar. Plassering og utforming av nye bygg bør tilpassast nåverande tun, terreng og omgjevnader. Området er sårbart og toler ikkje mykje endring før verdiane går tapt.
Vernestatus	Dei eldre bygningane er ikkje sikra vern. Det vert anbefalt ei omsynssone ved rullering av kommuneplanen sin arealdel/eventuelt reguleringsplanarbeid for å sikra enkeltbygningar og heilskapen i det kulturhistoriske jordbrukslandskapet.

3.10.8. Lye – område ved gamle Time (Lye) prestegard

Heilskapleg område med eit svært stort omfang av automatisk freda kulturminne som, saman med gammal kyrkjestad og eldre vegfar viser kontinuerleg bruk av området gjennom lang tid.

Prestegarden inneheldt fleire forskjellige bygningar, mellom dei prestebustad frå 1329 til 1932. I dag er området i privat eige, med hus frå 1930-talet, utan særleg verneverdi. Slettelandskapet på Låg-Jæren er brukt som avgrensing jf. temakart Rogaland, Regionalt viktig landskap. I tillegg er det med ei kopling mellom kulturmiljøet og Prestavegen i aust. Prestavegen gjekk frå Lye over Åsen til Gjesdal kyrkje, som var anneks under Time. Prestavegen var rideveg fram til 1837. Seinare utbetra til køyreveg, og så til turveg frå 2003.



Viktige bygningar og lokalitetar i/nær kulturmiljøet:

- Time kyrkje med middelalderkyrkjegard
- Time prestegard frå 1932
- Gardsbygningane SEFRAK innafor området , våningshus Vestly SEFRAK ID 1121-0003-066, fjøs/løe Lauvdal SEFRAK ID 1121-0003-057
- **Klokkargarden**
- Stort omfang av automatisk freda kulturminne; Gravminne, kokegrop, funn av busetting
- Deler av Prestavegen
- Festesteinane på nordsida av kyrkjegarden

Grunngjeving for vern Her er mange automatisk freda kulturminne, særleg gravfunn. Miljøet har samla historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi knytt til kontinuerleg bruk av området gjennom lang tid. Området Vestly - Holen – Lye er regionalt viktig landskap, kategori *Dal- og heilandskap* i Temakart Rogaland. (Slettelandskap på Låg-Jæren)

Forvalting	Viktig å sikra koplinga mellom den gamle prestegarden og Prestavegen i framtidig planarbeid. Elles viktig at området vert forvalta heilskapleg som landbruks- og friluftslivsområde med verneverdige bygg og landskap med steingardar og vegetasjon. Ved behov for oppføring av nye bygg rundt kyrkjestaden skal desse tilpassast terreng og omgjevnadar på ein god måte. Høge bygg må vurderast særskilt. Tiltak som rører ved fornminne må godkjennast av Rogaland fylkeskommune. Det vert anbefalt at det vert utarbeidd ein forvaltingsplan for området.
Vernestatus	Forslag til omsynssone ved rullering av kommuneplanen sin arealdel og i eventuelt kommande reguleringsplanarbeid. Regionalt viktig landskap, jf. Temakartportal Rogaland

3.10.9. Fotland kraftstasjon og Fotland mølle

Kulturmiljøet omfattar Fotland mølle, bygd i 1845/48, og Fotland kraftstasjon, bygd i 1915. Området ved Fotlandsfossen har i uminnelege tider vore knytt til kvern- og mølledrift. Dagens mølle vart bygd i 1845/48, men det er dokumentert mølledrift her tilbake til midten av 1600-talet. Time kommune overtok området i 1972. Mølla vart då restaurert og gjenopna som museum i 1995. Arkitekt var Per Line. Fotland kraftstasjon vart opna i 1915, og skulle forsyne Time kommune med straum «i all framtid». Etter nedlegginga i 1972 vart det arbeidd for at stasjonen skulle verta museum (pådrivar var rektor Ola Barkved), og i 1977 vart stasjonen opna igjen som teknisk museum. I 1991 vart han gjort om til vasskraftmuseum for Jæren.

Viktige bygningar og lokalitetar i/nær kulturmiljøet:


1. Fotland kraftstasjon (Gnr. 15/2) inneheld demning, røyrgate og kraftstasjonsbygning. Time kommune overtok området i 1972.
2. Fotland mølle (Gnr. 58/9), ligg sør for Håelva og Fotlandsfossen og består av to kvernhus, mølle og torvhus.
3. Indre hovudveg, «gamlebrua» med steinkar etter eldre trebru.



Grunngjeving for vern	Del av eit større miljø med kraftstasjon, mølle, kvernhus og torvhus samt brukarrestar etter ei trebru over elva. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi knytt til kvern-/mølledrift og kraftproduksjon. Fotland kraftstasjon og mølle er eitt av kommunen sine viktigaste kulturmiljø. Området inngår i Slettelandskapet på Låg-Jæren.
Forvalting	Fotlandsfossen er av nasjonal verdi jf. "Important landscapes in Rogaland» For å bevare miljøet er det viktig at bygningane vert tekne vare på og haldne ved like, og at området vert forvalta i samarbeid med regional kulturminnemynde. Særleg kraftstasjonen er sårbar for forfall, til dels også busetnaden knytt til Fotland mølle. Bruk av busetnaden som sikrar vedlikehald vil vera positivt.
Vernestatus	Mølle og kraftstasjon er avsett med omsynssone i gjeldande kommuneplanen sin arealdel. Temakart Rogaland: Nasjonalt viktig landskapsområde

3.10.10. Hadland og Sæland - Lyngaland landskapsvernområde

Heilskapleg område med stort omfang av automatisk freda kulturminne som kan visa kontinuitet og stor tidsdjupn. Område strekker seg frå Sælandskogen til Melsvatnet i den nordre enden av Kulturmiljø og kulturlandskap av nasjonal verdi» område 16. Hadland-Sæland-Undheim. Kulturmiljøet ligg omkring den høgt prioriterte jernaldergarden "Lyngaland", og er svært rikt på fornminne.



Viktige bygningar og lokalitetar i/nær kulturmiljøet:

- Stort omfang av automatisk freda kulturminne; gravminne, gards- anlegg, vegfar med meir.
- Nokre få eldre gardsbygg innafor området:
 - Sauehus, Hadland Gamlestova (Gnr. 37/1), SEFRAK C ID 1121-0003-075
 - Garasje/reiskapsbu Hadland, Rinnå, (Gnr. 37/11), SEFRAK C ID 1121-0003-069.



Grunngjeving for vern	Området inngår òg i eitt av dei to områda «Kulturmiljø og kulturlandskap av nasjonal verdi» som er i Time kommune (tidlegare omtalt som KULA-område). Representativt eksempel på kulturlandskap på Jæren. Området ligg omkring den høgt prioriterte jernaldergarden «Lyngaland», og er elles svært rikt på fornminne i samanheng med kulturbeite og lynghei. Miljøet inneheld eit stort omfang av automatisk freda kulturminne som viser kontinuerleg bruk av området gjennom lang tid. Formålet med vernet er å ta vare på eit kulturlandskap frå folkevandringstida.
Forvalting	Området må forvaltast i tråd med føringar for KULA, og oppretthaldast som eit landbruks- og friluftsområde. Tiltak som gjeld fornminne må godkjennast av Rogaland fylkeskommune. Enkelte verneverdige eldre bygningar bør takast vare på gjennom vedlikehald eller tilbakeføring av til slik eksteriøret var opphavleg. Det vert anbefalt å utarbeida ein forvaltingsplan for området.
Vernestatus	Forslag til omsynssone ved rullering av kommuneplanens arealdel og i eventuelt i kommande reguleringsplanarbeid for å sikra lokale verdiar. Inngår i Kulturlandskap av nasjonal interesse (KULA) nr 16, jf. temakartportal Rogaland.

3.10.11. Undheim - område ved kyrkja, og bustadområde

Kulturmiljø som omfattar gjenverande del av det gamle sentrumsområdet på Undheim. Her står ei ny kyrkje (det gamle kapellet brann ned) saman med den gamle kyrkjegarden, samfunnshuset - oppført i 1956 som nytt bygg for meieriet i bruk fram til 1972, Undheim bru, ei gammal steinkvelvsbru frå 1901, og dessutan fleire einebustader/eldre småbruk. Det gamle posthuset og handelslaget er rivne. Bustaden Elverhøy, ein sveitservilla frå 1915, vart flytta frå Bryne sentrum til Undheim i 2020. Den vert pietetsfullt restaurert til gammal stordom (2025).



Viktige bygningar og lokalitetar i/nær kulturmiljøet:

1. Undheim kyrkje og kyrkjegard
2. Undheim samfunnshus (Gnr. 46/223)
3. Smiegarden (Gnr. 46/59)
4. Undheim bru, del av Fv201 (Gnr. 46/216)
5. Bustadhus Elverhøy, flytta frå Bryne sentrum (Gnr. 46/112)




Grunngjeving for vern	Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi. Samfunnshus og kyrkje med særleg stor grad av autentsitet. Undheim bru er vist i Temakart Rogaland. Kulturmiljøet fortel om sentrumsutvikling og Undheim som eit viktig tyngdepunkt i Time kommune. Det er få eldre bygningar att og derfor viktig å ta vare på dei som framleis finst. Bustadhuset Elverhøy er godt bevart og vert pietetsfullt restaurert, og har verneverdi i seg sjølv.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga vert tekne vare på gjennom vedlikehald eller tilbakeføring til slik dei opphavleg var. Riving bør ikkje tillatast. Autentisk materiale bør bevarast. Her er rom for fortetting mellom Bruavegen og Smedavegen. Nye kompakte, høge bygg, som bryt for mykje med den opphavlege bygningsskalaen, bør ikkje tillatast her. Området rundt kyrkja og kyrkjegarden bør framleis vera opent.
Vernestatus	Det vert anbefalt ei større omsynssone ved rullering/reguleringsplanarbeid for å sikra heilskapen i kulturmiljøet.

3.10.12. Kartavoll - Raunefjell gardstun

Raunefjell på Kartavoll er eit fråflytta gardsbruk med jærhus, låve, uthus og tun. Jærhuset er oppført i tømmer. Første byggetrinn skriv seg frå ca. 1830-talet.

Fortidsminneforeninga er i ferd med å setja anlegget i stand. Gardsanlegget ligg i eit ope område ved vatnet.



Viktige bygningar og lokalitetar i/ nær kulturmiljøet:

- Våningshus Raunefjell, Kartavoll Jærhus. SEFRAC B - ID 1121-0005-103.
- Løe, fjøs Raunefjell, Kartavoll. SEFRAC C - ID 1121-0005-104
- Sauefjøs Raunefjell, Kartavoll. SEFRAC B - ID 1121-0005-105




Grunngjeving for vern	Lite gardstun med godt bevart jærhus som er under istandsetting, samt to eldre uthus. Miljøet har historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi. Bevaring av Jærhus er eit satsingsområde i Rogaland. Jærhuset er omtalt i rapporten «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygningane, samt landskapet med steingardar, vegetasjon med vidare vert tekne vare på og forvalta vidare når restaureringsarbeidet er ferdig. Autentisk materiale bør bevarast. Opent område rundt husa og ned mot vatnet er viktig for opplevinga av kulturminnet i landskapet. Området er sårbart for alle nye tiltak i og omkring tunet.
Vernestatus	Det vert anbefalt ei omsynssone ved rullering av kommuneplanen sin arealdel/eventuelt i reguleringsarbeid for å sikra kulturmiljøet med bygningar og dei nære omgjevnadene.

3.10.13. Hognestad – området rundt «Arkjå»

Kulturmiljø som omfattar fleire eldre bygningar, derav ståande SEFRAK- bygningar og hus som er flytta til området. "Arkjå", er eit drygt hundre år gammalt våningshus, «Nedrebø», som er flytta frå Undheim store. Huset er bygd som ei «Sandneskasse» som etter renovering er tilført to skutar, og liknar nå meir på eit jærhus.

Arkjå vart flytta til der det står i dag i 2004. Hognestad gamle skule, oppført i 1865, er den eldste skulen i Time. Opphavleg bygd på Line, sidan flytta til Haugland og enda opp på Hognestad på 1890-talet. Vart flytta hit i 2020 frå Hognestad sentrum, og restaurert.



Viktige bygningar og lokalitetar i/nær kulturmiljøet:

- Jærhus/ bustadhus, Hognestad, (Gnr. 9/6), SEFRAK ID C- 1121-0002-003
- Stabbur Hognestad, (gnr. 9/6), SEFRAK C- ID 1121-0002-004 (Flytta frå Njå)
- «Arkjå», Våningshus Nedrebø, Undheim store, Jærhus, (Gnr. 9/69). SEFRAK ID 1121- 0005-094
- Hognestad gamle skulehus, (Gnr. 9/69)
- Steingardar og vegetasjon



Grunngjeving for vern	Eldre gardstun med jærhus og stabbur, gammalt skulebygg samt Arkjå, samla i eit tun. Jamvel om alle bygningane ikkje står på den opphavlege plassen sin, er dette eit interessant kulturmiljø ut frå at flyttinga skjedde for å hindra at bygningane vart rivne. Miljøet har samla sett historieforteljande verdi, aldersverdi og opplevingsverdi. Arkjå har mindre verneverdi i seg sjølv då det opphavlege bygget er ein god del endra. Bygningane synes alle å vera godt bevarte og i god stand.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med gjenverande autentisk materiale, samt omgjevnadene med steingardar vert tekne vare på og vedlikehalde slik dei er. Autentisk materiale bør bevarast. Vegetasjonen er òg viktig for opplevinga av kulturmiljøet. Området rundt tunet bør framleis vera opent, og det bør ikkje verta innebygt.
Vernestatus	Det vert anbefalt ei omsynssone ved rullering av kommuneplanen sin arealdel/i eventuelt reguleringsplanarbeid for å sikra heilskapen i kulturmiljøet.

3.10.14. Bryne sentrum – område langs Bryneåna og Storgata

Kulturmiljøet omfattar området ved og langs elva.

Kornmottaket og Bryne mølle dannar i dag eit lite miljø knytt til industri- og landbrukshistoria.

Trekantkvartalet ved torget består av busetnad frå perioden 1918 til 1965. Det var eit knutepunkt for foredling og sal av mat. Hovudvegen gjekk tvers igjennom kvartalet. Tidleg i 1870-åra vart kanalen utgraven, og to nye, større kvernhus med to kverner kvar vart bygd. I 1881 vart den første Bryne Mølle bygd. Mølledammen er ein viktig del av parken i Bryne sentrum.

Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

Mange enkelte bygningar, mellom anna mølle, kornmottak, bustadhus og forretningsgardar.



Grunngjeving for vern

Området representerer viktig historieforteljande verdi. Store deler av Storgata har behalde det opphavelge gateløpet, og kan opplevast som ei bygata med småhus frå ulike periodar. Bygga varierer når det gjeld materialbruk, farge, høgder og volum, men utgjer samla eit heilskapleg miljø med kvartalsbusetnad i 2-3 etasjars byggehøgde. Bygningane ved torget dannar den opphavlege trekantforma kvartalsstrukturen. Området inngår i *Temakart Rogaland*.

Forvalting

For å bevare kulturmiljøet er det viktig at dei enkelte bygga ikkje vert rivne, men vert tekne vare på og forvalta i samråd med regional forvalting. Formspråk og autentisk materiale bør bevarast. Det bør sikrast eit samspel mellom gammalt og nytt i kvartalsstrukturen. Fortetting i og i nærleiken av verneverdige bygg bør skje på kulturmiljøet sine premisser innanfor ramma av den opphavlege bystrukturen (volum, størrelse og høgde).

Vernestatus

Verneverdige bygningar er markerte med omsynssone i Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 (2016). Området inngår i Regional plan for kulturmiljø 2023-2035 . Det vert anbefalt ei litt større omsynssone ved rullering av kommunedelplanen for å sikra heilskapen i kulturmiljøet, og få med nokre fleire enkeltbygningar i tillegg til det som er vurdert i Regionalplanen.

3.10.15. Bryne sentrum - Festiviteten og trehusmiljø på Solhøgda

Heilskapleg kulturmiljø med bustadhus frå tidleg 1900-tal i Solhøgda/Brynevegen samt Festiviteten, Torggata 2. Bustadhusa er oppførte i sveitserstil og jugendstil. Solheim, Torggt 10, frå 1910-12 er eit sveitserhus med takspir og bevarte detaljar. Brynevegen 23 og Solhøgda 4 har begge mansardtak med svai og detaljar som er typiske for jugendperioden. Dei fleste av uthusa er opphavlege. Festiviteten frå 1926 inneheldt opphavleg kino og festsal. I eine delen av første høgda heldt brannstasjonen til i mange år.

Bustadhuset Elverhøy frå same miljø er flytta til Undheim.

Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Festiviteten, Torggata 2 (Gnr. 1/218)
- Bustadhus Solheim, (Gnr. 1/134), SEFRAK A 11210001031 og uthus SEFRAK C 11210001032,
- Torggata 10
- Bustadhus, Brynevoll Haugehuset, Brynevegen 23 (Gnr. 1/177)
- Bustadhus, Solhøgda – Norderhov - Dalhuset, Brynevegen 21 (Gnr. 1/178)
- Bustadhus, Natvighuset, Solhøgda 4 (Gnr. 1/206)



Grunngjeving for vern	Tidstypisk "finare" byarkitektur i stasjonsbyen Bryne med uthus og store hageareal med store tre. Miljøet har historieforteljande verdi og fortel om ein viktig periode med villabygging i Bryne sentrum. Stor grad av autentisitet på fleire bygningar. Bustadhusa er i bruk og i god stand. Nokre bygg har fått tilbygg som reduserer lesbarheita. Fleire trehus omkring har vorte rivne, og det vert viktig å ta vare på dei som er att i ein kulturhistorisk samanheng.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med autentisk hovudform, detaljar og originale materialar vert tekne vare på. Opne hagar og store tre er svært viktig for opplevinga av kulturminna. Området er sårbart for nye omkringliggende fortettingstiltak, større tilbygg og omfattande ombyggingar. Eplehagefortetting med nye bustader bør ikkje tillatast her.
Vernestatus	Dei nemnte bygga har omsynssone H570 i sentrumsplanen. Ei større omsynssone er foreslått ved neste rullering av kommunedelplan for Bryne sentrum/reguleringsarbeid, for å sikra kulturmiljøet med både enkelte bygg og dei nære omgjevnadene i ein heilskapleg samanheng.


3.10.16. Bryne sentrum - Gymnashøgda

Innafor dette området ligg tidl. Rogaland offentlege landsgymnas (1947), Bryne skule (1922) og 1900-huset, som er Bryne sitt andre skulehus, Solvang, bygd i 1900. Innanfor området ligg det òg ei privat einebustadtomt, som var bustaden til den første rektoren på landsgymnaset. Rogaland offentlege landsgymnas vart oppretta i 1924, men då som eit privat landsgymnas. Det første initiativet til skulen vart teke av rektor Jonas Line, med Arne Garborg som moralsk støtte.

Gymnaset fekk eksamensrett i 1929 og vart statleg i 1947. Rogaland offentlege landsgymnas vert nå brukt som kompetansesenter med språkopplæring og grunnskuleopplæring for vaksne.

Viktige bygninger i/nær kulturmiljøet:

- Rogaland offentlege landsgymnas (Gnr./Bnr. 1/290).
- Bryne skule (Gnr./Bnr.Bnr. 1/193)
- Solvang, det gamle skulebygget (gBnr. 1/71)
- Tidlegare rektorbustad Sefrak C
- -ID 1121 0001 005 (Gnr./Bnr. 1/483)
-



Grunngjeving for vern	Bygningsmiljøet på Gymnashøgda representerer utdanning i Rogaland på 1900-talet, heilt fram til dagens bruk med barne- og ungdomsskule. Miljøet fortel om eldre filosofi og politikk for utdanning, og har kunnskap og bruksverdi. Bygga i området er godt plasserte i landskapet, i forhold til kvarandre, og til uteromma. Dette gir eit innbydande område med fleire ulike, men samanhengande, landskapsrom. Den bevaringsverdige parkdelen Geidahodnet ligg øvst. Dette er også eit tydeleg høgdedrag i Bryne sentrum.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga vert tekne vare på og forvalta i samråd med regional forvalting. Originalt formspråk og autentisk materiale på dei verneverdige bygga bør bevarast. Framtidig fortetting bør verta gjennomført på kulturmiljøet sine premisser.
Vernestatus	Gymnaset, barneskulen og 1900-huset er markerte med omsynssone i Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 (H570), samt i reguleringsplanane 524.00 og 0461.00. Området inngår i Regional plan for kulturmiljø 2023-2035 Ved rullering av kommunedelplan for Bryne sentrum vert det anbefalt ei omsynssone

med same avgrensing som i regionalplanen, for å sikra heilskapen i kulturmiljøet.

3.10.17. Bryne sentrum - trehusmiljø i Meierigata og Gamle Hognestadvegen

Bygningsmiljøet ligg i ein tidleg regulert kvartalstruktur i Bryne sentrum, og omfattar gateløp og kvartal i Meierigata og Gamle Hognestadvegen med trebygg/forretningsbygg med bakgardar frå tida etter 1900. Området høyrer til den tidlegaste utviklinga av stasjonsbyen Bryne.

Kulturmiljøet er avgrensa av Meierigata i nord, Gamle Hognestadvegen i aust, Parkvegen i vest og eigedomsgrenser.

Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Apotek, Norabakken, Meierigata 4 (Gnr. 1/141), SEFRAK A ID 1121-0001-026
- Bustadhus, Oppheim, Meierigata 6, (Gnr. 1/99)
- SEFRAK B ID 11210001024 og Uthus, SEFRAK C 1121-0001-025
- Forsamlingshus/Frelsesarmeen, Meierigata 8, (gnr./Bnr. 1/99), SEFRAK C ID 1121-0001-027
- Forretningsgard, Gamle Hognestadvegen 9 (Gnr. 1/112)
- Gamle Hognestadvegen 7 (Gnr./Bnr. 1/324) og Meierivegen 10
- (Gnr./Bnr. 1/108) som miljøoppsluttande element. Ikkje SEFRAK-registrerte.



Grunngjeving for vern	Miljøet har samla sett historieforteljande verdi. Bygga har forskjellig alder. Området fortel om ei tidleg sentrumsutvikling som omfattar tidstypiske bustadhus, forretningsgardar med bustader i 2. etasje og forsamlingshus. Apoteket Norabakken er ein fin representant frå tida i ei blanding av klassisisme og seinbarokk med nær autentisk grunnform og ein del originale detaljar i eksteriøret. Fekk Kulturvernprisen i 2005. Nabobygga er forsamlings/bustadhus frå starten av 1900-talet, og Gamle Hognestadvegen 7 og Meierigata 10 har ein oppsluttande miljøverdi. Meierigata 4 og 6 og Gamle Hognestadvegen 7 og 9 er alle lite endra frå byggeåra, og er i god stand. Meierigata 8 og 10 er meir endra, og treng vedlikehald.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med hovudform, detaljar og materialar vert tekne vare på. Tidstypiske bygningsformer, detaljar og autentisk materiale bør bevarast. Kulturmiljøet, og deler av dei næraste områda rundt, er sårbart for riving, ombygging og nye fortettingstiltak og tilbygg.
Vernestatus	Ei omsynssone er foreslått ved neste rullering av kommunedelplan for Bryne sentrum/ reguleringsarbeid, for å sikra kulturmiljøet med både enkelte bygg og kulturhistorisk samanheng.

3.10.18. Bryne sentrum – gammal sveisehall og verkstad i Hetlandsgata

Kulturmiljø med tidlegare spønehus og sveisehall, som ligg like aust for jernbanestasjonen. Næringsbygg i funksjonalistisk stil oppført omkring 1930 og 1950. Begge bygga er oppførte av Br. Hetland.



Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Spønehus, Hetlandsgata 12 (Gnr. 1/789)
- Sveisehall, Hetlandsgata 14 (Gnr. 1/788)




Grunngjeving for vern	Karakteristisk arkitektur som fortel om ein viktig periode med verkstader og industrireising i Bryne sentrum ut over 1900-talet. Dette er gode representantar for si tid og verksemda, og det er få igjen av desse bygningane. Bygga er tilsynelatande i god stand. Eit tilbygg på taket har redusert lesbarheita på spønehuset i nokon grad.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med hovudform, detaljar og materialar vert tekne vare på. Autentisk formspråk og materiale bør bevarast. Bygga og kulturmiljøet er sårbart for nye fortettingstiltak, tilbygg og ombyggingar.
Vernestatus	Dei enkelte bygga er sikra med omsynssone H570 i sentrumsplanen. Heilskap mellom bygga bør sikrast med ei felles omsynssone H570 i neste rullering av kommunedelplan for Bryne sentrum/reguleringsplan

3.10.19. Bryne sentrum – bustadmiljø i Arne Garborgs veg / Alvevegen

Omfattar eit godt bevart og lite endra kulturmiljø med tre bustadhus oppførte tidleg på 1900-talet på store hagetomter mellom innfartsvegen til Bryne og elva. Alle er oppførte i tilknytning til stasjonsbyen Bryne omtrent 1920.

Arne Garborgs veg 60 frå 1919, har mansardtak med svai samt smårutete vindauge som er typisk for jugendstilen. Dei to andre, som er mindre, er i jugendstil med trekk frå sveitserstilen. Arne Garborgs veg 62 har opphavleg uthus.



Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Bustadhus Magdeborg / Erland i Arne Garborgs veg 60 (gnr. 2/43), SEFRAK A 11210007016.
- Bustadhus Nordstrand / Hognestad i Alvevegen 4 (Gnr. 2/41), SEFRAK A 11210007007.
- Bustadhus Sagatun, Solberghuset, i Arne Garborgs veg 62 (gnr. 2/42), SEFRAK C 11210007008 og uthus SEFRAK C 11210007009.



Grunngjeving for vern	Miljøet har kunnskapsverdi då det fortel om ein viktig periode med bustadreising med villabusetnad langs hovudferdselsåra inn til Bryne sentrum frå aust. Bustadhusa (to av dei er teikna av arkitekt Gustav Helland og har fått Kulturvernprisen) er autentiske i formspråk og materialbruk og i god stand. Dei store hagetomtene er framleis bevarte, særleg gjeld dette nr 60 og 62. To bustader er registrerte som SEFRAK A. Området omfattar òg to bygg i SEFRAK C inklusive eit attverande, opphavsleg uthus som bør bevarast.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med hovudform, detaljar og materialar ikkje vert rivne, men vert tekne vare på. Formspråk samt autentisk materiale og detaljar bør verta bevart. Opne hagar er svært viktig for opplevinga av kulturminna. Området er sårbart for nye fortettingstiltak, tilbygg og ombygging. Eplehagefortetting med nye bustader bør ikkje tillatast her.
Vernestatus	Bygga er kommunalt listeførte i kulturmiljøplan 2008-2019 (?), vil òg vera det i denne temaplanen. Ei omsynssone over heile kulturmiljøet er foreslått ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel/i eventuelt reguleringsarbeid, for å sikra både dei enkelte busetnadane og dei nære omgjevnadane i ein heilskapleg samanheng.


3.10.20. Bryne sentrum – rådhusområdet

Kulturmiljø med viktige samfunnsinstitusjonar ved Sandtangen i Bryne sentrum. Området er avgrensa av jernbanen i vest, Arne Garborgs veg i sør og elles av eigedomsgrenser og elva. Området vart utfylt før 1960, og utbygt med storskala bygningar i parkmessige omgjevnadar. Time rådhus er teikna av Retzius og Bjoland, og består av bygg A, B og C. Alle bygga er tidstypiske, med eit samspel mellom interiør og eksteriør. Dei tre delane er oppførte i tre byggetrinn frå 1963 til ca. 1980.

Saman med rådhuset ligg òg Telebygget frå 1963 og Kulturhuset Storstova frå 1964. Bygga har alle karakteristisk trekk frå etterkrigstida sine byggestilar: Store i skala, bygde i betong, og markerande ei sentral rolle i samfunnsutviklinga.

Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Rådhuset A, B og C-del, Arne Garborgs veg 30 (Gnr./Bnr.1/44)
- Kulturhus (Storstova), Arne Garborgs 26 (Gnr. 1/443)
- «Telebygget», Sandtangen 2 (Gnr. 1/439)



Grunngjeving for vern	Miljøet har historieforteljande verdi, og fortel om ein viktig periode med samfunns- og institusjonsbygging i Bryne. Bygningane er framleis lesbare og tilnærma autentiske frå byggeår. Dei er i god stand og anlegget er eit monument over Bryne sin arkitektur for samfunnsinstitusjonar frå etterkrigstida. To av bygningane er i bruk som rådhus. Kulturbygget og telebygget er òg gode representantar for si tids byggemåtar.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med hovudform, detaljar og materialar vert tekne vare på. Autentisk formspråk og materiale bør bevarast. Området er sårbart for nye fortettingstiltak, tilbygg og ombygging. Noko kan likevel vera mogleg, ettersom arkitekturen og skalaen på bygga er av robust karakter. Fortetting bør skje på kulturminna sine premisser (form, skala).
Vernestatus	Ei omsynssone er foreslått ved neste rullering av kommunedelplan for Bryne sentrum/ reguleringsplanarbeid, for å sikra kulturmiljøet med enkelte bygg, parkanlegg og samanhengen mellom desse.

3.10.21. Bryne sentrum – område ved gamle Bryne Mek.

Kulturmiljø med eldre industribygg, som ligg ved rådhusområdet, like aust for jernbanestasjonen. Området ligg mellom Kirsten Brynes veg og Arne Garborgs veg.

Martin Ø. Vagle var ein av pionerane i industriutviklinga på Bryne, og var med på å forma Bryne i åra rundt 1900. Verksemda hans vart vidareført av Bryne Mekaniske Verkstad frå rundt midten av 1920-talet av Hans Hauge. Verksemda var basert på mellom anna landbruksmaskinar, mekanisk verkstad og pumper; og jernstøyper. Dagens bygningsmasse er oppført over fleire etappar. Første del vart oppført i 1870-åra, og påbygd i 1948-50; vist på flyfoto frå 1953.

Lagerhallen er oppført mellom 1966 og 1974. Jæren politistasjon er oppført rundt 2000-talet, og det nye politihuset viser ei god tilpassing mellom ny og gammal bygningsmasse. Området er i dag kjøpesenter, legekontor, treningsstudio og politistasjon.



Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Det opphavlege verkstadbygget for Bryne Mek. verkstad, Arne Garborgs veg 15 (gnr. 1/104 m.fl.)
- Jæren politistasjon, Arne Garborgs veg 17 (del av Gnr. 1/104)

Grunngjeving for vern	Kulturmiljøet fortel om ein viktig periode med verkstader og industrireising i Bryne sentrum. Bygga har fått ny bruk, og er tilsynelatande i god stand. Det påbygde industribygget er relativt lite endra frå byggeår, og fasadane er framleis lesbare. Dei nyaste tilbygga og det nye politihuset har tilpassa fasadeuttrykk og størrelse som står til det eldste bygget. Politihuset har i seg sjølv arkitektonisk verdi. Det er særleg vestre del av anlegget som er av kulturhistorisk interesse, men dei nyare tilskota fortel om kontinuerleg bruk og utvikling av området gjennom ulike periodar frå 1900-talet og opp til i dag, noko som òg har ein historieforteljande verdi.
Forvalting	For å bevare kulturhistoriske verdier er det viktig at det det eldste bygget vert teke vare på. Autentisk formspråk, hovudform, detaljar og materialar i eksteriøret bør bevarast. Dei karakteristiske industrifasadane med funksjonalistisk uttrykk bør ikkje endrast eller rivast ved ei eventuelt vidare utvikling av området.
Vernestatus	Området bør sikrast med ei omsynssone H570 i ved revidering av kommunedelplan for Bryne sentrum)/ i eventuell Reguleringsplanarbeidet,

3.10.22. Bryne sentrum - trehusmiljø Hetlandsgata

Kulturmiljø med bustadhus i Bryne sentrum, oppført som del av utbygginga av stasjonsbyen. Kulturmiljøet består av bustadhus på begge sider av gateløpet. Hetlandsgata 17 og 21 er begge oppførte i jugendstil med mansardtak med svai. Nr 17, Steinborg med uthus, er oppført i 1918.

Hetlandsgata 20 er frå 1914 (SEFRAK C), men er endra ein god del frå byggeår. Hetlandsgata 19 er truleg ein etterkrigsbygning som har erstatta ein tidlegare jugendbygning ein gong mellom 1953-1963. Hetlandsgata 22 er oppført mellom 1945 og 1953.

Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Bustadhus Steinborg med opphavleg uthus, Hetlandsgata 17 (Gnr. 1/209)
- Bustadhus, Hetlandsgata 19 (Gnr. 1/644)
- Bustadhus, Hetlandsgata 21 (Gnr. 2/39)
- Bustadhus, Hetlandsgata 20 (Gnr. 2/39) SEFRAK C ID 1121-0007-015
- Bustadhus, Hetlandsgata 22 (Gnr. 2/86)



Grunngjeving for vern	Tidstypisk byvillaarkitektur med hageareal, frå den tidlege fasen av etableringa av stasjonsbyen Bryne. Miljøet fortel om ein viktig periode med bustadbygging i Bryne sentrum. Bustadhusa er tilsynelatande i god stand, sjølv om nr 20 er endra frå byggeår. Fleire trehus omkring er rivne i seinare år, og det vert derfor viktig å ta vare på dei som er att i ein god kulturhistorisk samanheng.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med hovudform, detaljar og materialar ikkje vert rivne, men vert tekne vare på. Autentisk formspråk og materiale bør bevarast eller gjenskapast. Store tilbygg og endringar bør ikkje tillatast på husa. Nye tiltak i nær omgjevnad bør ta omsyn til kulturmiljøet.
Vernestatus	Dei tre enkeltvis bygga på vestsida av Hetlandsgata er sikra med omsynssone H570 i sentrumsplanen, ikkje dei på austsida. Ei større omsynssone er foreslått ved neste rullering av kommunedelplan for Bryne sentrum /reguleringsarbeid, for å sikra heilskap i kulturmiljøet med bygg på begge sider av Hetlandsgata.

3.10.23. Bryne – Kringsjå bustadområde

Kulturmiljø som omfattar eit bustadområde frå 1960-talet. Området vert avgrensa av Erling Skjalgssons veg, Bakkevegen og Kringsjå. Kringsjå bustadområde er eit etablert område med 16 einskaplege, regulerte bustadhus utbygd i to etappar på 1960-tallet med i alt 32 familiebusader. Dei fire siste sto ferdig i 1966 (kjelde: 1881-kart). Bygga har ei karakteristisk hovudform, som i det store og heile er lite endra frå byggeår. Her er nokre tilbygg, særleg mot Kringsjå i sør. Bygga er orienterte i retning aust/vest, og plasserte diagonalt på kvar tomt.



Viktige bygningar i/nær kulturmiljøet:

- Bustader i Kringsjå 1- 20 (Gnr. 10/63 med fleire). I alt 32 vertikaldelte bustader med garasjar.

Grunngjeving for vern	Området har eit tydeleg og heilskapleg plangrep, som framleis er lesbart i strukturen i dag. Bustadhusa er samla sett lite endra frå byggeår, nokre få er påbygd utan å svekka lesbarheita. Miljøet har historieforteljande verdi og fortel om ein viktig periode med bustadreising i Noreg i etterkrigstida.
Forvalting	For å bevare miljøet er det viktig at dei enkelte bygga med autentisk hovudform, detaljar og originale materialar vert tekne vare på. Opne hagar og store tre er svært viktig for opplevinga av kulturminna og bør bevarast. Området er sårbart for nye omkringliggande fortettingstiltak, større tilbygg og omfattande ombyggingar. Eplehagefortetting med nye bustader bør ikkje tillatast her.
Vernestatus	Det anbefalast ei omsynssone ved rullering av kommuneplanen sin arealdel/ reguleringsplanarbeid for å sikra kulturmiljøet med bygg og dei nære omgjevnadane.

3.11. Høgt prioriterte objekt

Dei aller fleste objekta er allereie viste med omsynssoner i ulike planar. Intensjonen er å avsetta omsynssoner for dei 19 nye objekta (vist med rødt skrift) i kommuneplanen sin arealdel eller i kommunedelplan for Bryne sentrum. ved seinare rullering.

NR	Namn	Gnr./Bnr. Adresse	SEFRAK Objektnr. og status	Status	Foto	Omtale/Grunngjeving
K1	Time kyrkje og kyrkjegard	17/9 Vestly- vegen 1, Lye	85622-4 Kyrkje 85622-5 sikringssone kyrkjegard (automatisk freda)	Kyrkjegarden er automatisk freda og bandlagt etter Kulturminnelova. Kyrkja er listeført. I KPA 2018-2030 vist med formål "Offentleg og privat tenesteyting", samt regulert til kyrkje og gravlund i plan 0400.00. Kyrkja er både i KPA 2018-2030 og i reguleringsplan 0400.00 vist med omsynssone "bandlegging etter lov om Kulturminne.		Time kyrkje er ei listeført kyrkje frå 1859. Kyrkja er oppført i tre i ei rektangulær form, med 700 plassar. Arkitekt: Hans Ditlev Franciscus von Linstow. Altertavla frå 1666 er av Andrew Smith. Minnesteinar og tavler over falne frå krigen på sørsida av kyrkja. Påbygget i austenden i mur frå 2001 er teikna av sivilarkitekt Per Line. Påbygget fungerer mellom anna som kyrkjetorg.
K2	Undheim kapell	46/223 Brua- vegen 2, Undheim	85724-1 Undheim kapell, gammal kyrkjestad	I KPA 2018-2030 vist med formål "Offentleg og privat tenesteyting", Regulert til kyrkje/anna religionsutøving i plan 0446.00		Undheim kyrkje i stein og betong. Vart ferdig og vigsla i 2001. Avløyste kapellet frå 1921 som brann i 1998. Den nye kyrkja er flytta lenger nord, og har inngang frå sør. Teikna av Signatur Arkitekter. Minnestein på høgre inngangssida signert av Kong Harald V i 2001.
K3	Bryne Kyrkje	1/571 Bryne- vegen 9, Bryne	Ikkje SEFRAK registrert	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål "Offentleg og privat tenesteyting", Ikkje regulert		Bryne kyrkje er ei langkyrkje i murstein og betong frå 1979. Ho er teikna av arkitekt Per Stokholm. Store glasmåleri i sørveggen av Per Odd Aarrestad. Kyrkja er eit eksempel på moderne arkitektur.

	Namn	Gnr./Bnr. Adresse	SEFRAK Objektnr. og status	Status	Foto	Omtale/Grunngjeving
SAMFUNNSINSTITUSJONAR (Inkludert bedehus)						
Si1	Lensmannsgarden, Mossige	60/24 Undheimsvegen 28, Undheim	1121-0005-087 SEFRAK-klasse A	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", samt vist med omsynssone Bevaring kulturmiljø H570. Uregulert Meldepliktig		«Lensmannsgarden», Mossige. Bygd 1824 av lensmann og stortingsmann Ingebret Svensen Mossige. Flott og tidstypisk representant for embetsmannsbustad på 1800-talet. Restaurert i samarbeid med antikvariske styremakter. Stor grad av autenticitet, mellom anna med intakt tingstove og fengselscelle i kjellaren. Påbygd med kvist i 1930. Fekk kommunen sin kulturvernpris 1995. Eigedommen er prega av manglande vedlikehald.
Si2	Gamle Vestly skule	22/29 Vestlyvegen 117, Lye	ikkje SEFRAK-registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert		Vestly gamle skule frå 1893. Flytta frå opphavleg stad rundt 2000. Fekk kommunen sin kulturvernpris i 2002.
Si3	Tjåland grendehus	47/19 Skårlandsvegen 1, Undheim	1121-0005-096 SEFRAK-klasse B	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert		Tjåland grendehus ligg i enden av Tjålandsvatnet. Huset vart bygd i 1890, opphavleg som skulehus.
Si4	Hognestad forsamlingshus	9/69 Hognestadvegen 276, Hognestad	ikkje SEFRAK-registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert		Hognestad forsamlingshus er det eldste skulebygget i Time, bygd på Line i 1865. Flytta til Haugland i 1888 og vidare til Hognestad i 1893, der det vart påbygd. Fungerte som skule til 1933, og deretter som forsamlingshus i bygda fram til 2017. Bygget vart flytta, ligg til gnr./Bnr. 9/69 i 2020. (Flytta frå Gnr. 9/25,40 til Gnr.) Er i dag del av eit restaurert

						bygningsmiljø saman med andre restaurerte og flytta bygg. (Arkjåområdet)
Si 5	Line forsamlings- og bedehus	5/3 Hauglandsvegen 100, Hognestad	ikkje SEFRAK-registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert		Vart bygd i 1911
Si6	Time prestegard	17/15 Timevegen 33, Vestly	ikkje SEFRAK-registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert		Time (nye) prestegard vart bygd i 1932. Eigedommen ligg ved Timevegen på Time. Huset vart teikna i nyklassisistisk stil av arkitekt Eilert Smith. Bygningen med uthus og anneks ligg vakkert til nedafor kyrkja, med utsikt utover Jæren. Den opphavlege prestegarden på Lye vart nedlagd og jorda seld til private eigarar i 1956.
Si7	Klokkar-garden	17/26 Vestlyvegen 6, Vestly		I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert		Time. Vakkert og sjeldan intakt tun med nyklassistisk bustad og Norheimløe som ligg vakkert til og godt synleg i kulturlandskapet i samspel med Time kyrkje. Klokkar- og lærarbustad, bygd i 1923.
Si8	Sollyset, Bryne sentrum	1/131 Meierigata 8, Bryne	1121-0001-027 SEFRAK C	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål "Sentrumsformål". Uregulert		Sollyset. Det eldste gjenverande forsamlingshuset i Bryne sentrum, byggeår ukjent. Tidlegare Frelsesarmeen sine lokale, med seinare påbygt husvære. Hovudforma er bevart, men vindauger er endra, og kledninga er i plast.
Si9	Hognestad gamle skule	9/25,40 Hågenholen 1, Hognestad	ikkje SEFRAK-registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert		Hognestad skule, hovudbygning frå 1934. Autentisk utsjånad, med nyare påbygg.

Si10	Bryne skule	1/193 Ola Barkveds veg 16, Bryne	ikkje SEFRAK-registrert	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med omsynssone «Bevaring kulturmiljø». Bryne skule er i plan 0461.00 vist med omsynssone Bevaring Kulturmiljø. Inngår i Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035.		Bryne skule består av tre bygningar. Gamlebygget i mur, Sørbygget, er frå 1922. Området inneheld fleire andre bygg av nyare datoar, det nyaste på vestsida av gamlebygget.
Si11	Steinbakken, Lands-gymnas, Bryne	1/290 Torkel Maulands - veg 2, Bryne	ikkje SEFRAK-registrert	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med omsynssone «Bevaring kulturmiljø». Er i plan 0461.00 vist med omsynssone Bevaring Kulturmiljø. Inngår i Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035.		Steinbakken frå 1947 er hovudbygget til tidlegare Rogaland offentlege landsgymnas. Nyare bygg på sørvestsida. «Gymnaset» er flytta til Hetlandsgata, der som Bryne vgs ligg. Bygningane vert i dag brukte av Time kommune.
Si12	Solvang (1900-huset), Bryne	1/71 Gamle Hognestad -vegen 12, Bryne	1121-001-037 SEFRAK-klasse A	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med omsynssone «Bevaring kulturmiljø». Er i plan 0542.00 vist med omsynssone «Bevaring kulturmiljø» Inngår i Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035.		Solvang - "1900-huset". Tidlegare skulehus i Bryne sentrum. Brynes andre skulehus, bygd i 1900 (det første var "Barkvedhuset", som låg like ved). Bygningen har stor grad av autentisitet. Symmetrisk fasade med spissgavl over inngangspartiet.

Si13	Brynevang - Festiviteten , Bryne sentrum	1/218 Torggata 2, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål» og vist med omsynssone H570_3_ I plan 0499.00 regulert til «Bustad/forretning» og vist med omsynssone 570_01		Brynevang - Festiviteten er bygd av Brynes Vel i 1926. Tidlegare kino- og festlokale, nå kontor og bustad.
------	--	------------------------------------	--	--	--	--

	Namn	Gnr./Bnr. Adresse	SEFRAK Objektnr og klasse	Status	Foto	Omtale/Grunngjeving
Landbruksbusetnadar og Jærhus						
LJ1	Træe, Line	5/24 Hauglands- vegen 8, Hognestad	1121- 0002-032 Bustadhus SEFRAK-klasse A 1121- 0002-033 Uthus SEFRAK-klasse A	I KPA 2018-2030 vist med omsynssone «Bevaring kulturmiljø». Uregulert. Meldepliktig bygg. Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		”Træe”. Bustadhus med liten driftsbygning på Line. Bygd på 1780-talet i naturstein og laft med pannetak. Opphavleg husmannsplass og kårstove. Lite jærhus, samanbygd med lœe med skut i enden av bustaddelen. Torvtak på driftsbygning obj. 1121/002/033. Autentisk grunnform og plan. Stor verneverdi som husmannsplass og kårstove. Lite fjøs frå 1700-talet, med plass til to kyr. Gjennomgåande restaurert på dugnad i 1999, leia av sivilarkitekt Per Line.
LJ2	Knudaheio, Undheim	46/42 Sikvalands- vegen 72, Undheim	1121-0005-095 SEFRAK-klasse A	Knudaheio er i KPA 2018-2030 vist som «Offentleg eller privat tenesteyting» Knudaheia, inkludert større område på begge sider av vegen er vist med omsynssone		Knudaheio var sommarhuset til diktaren Arne Garborg. Bygd i 1899. Lite jærhus med 2 skutar. Autentisk grunnform og -plan. Time kommune overtok eigedommen som gåve frå enka Hulda Garborg i 1924, mot at ho fekk gravlegga ektemannen der. Ekteparet er hauglagde i hagen.


				«Bevaring Kulturmiljø». Uregulert. Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		
LJ3	Garborgheimen, Garborg	62/13 Garborgvegen, 597, Undheim	Vedtaksfreda ID 87065-1 FREDA	Er i KPA 2018-2030 vist med formål «Offentleg og privat tenesteyting». Bustaden og område rundt er sikra med bandleggingsone og omsynssone «Bevaring Kulturmiljø» Uregulert. Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		Garborgheimen vart bygd i 1848. Diktaren Arne Garborg sin barndomsheim. Jærhus med midtgangsplan og to skutar. Endevegg på eine skuten i naturstein. Autentisk grunnform og -plan. Freda i 1939. Overdrege til Time kommune i 1940. Austveggen tilbakeført til hunborkledning og tjørebreidd i 2022.
LJ4	Raunefjell (også kalt «Rognefjell»)	51/4 Buevegen 1206, Undheim	1121-0005-103 Våningshus SEFRAK-klasse B 1121-0005-105 Løe/fjøs SEFRAK-klasse B 1121-0005-104	I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Uregulert Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, klepp,		Jærhus og tun. Jærhus frå siste del av 1800-talet. Løe og sauefjøs frå 4. kvartal av 1800 talet. Våningshuset er under restaurering (2025) av Fortidsminneforeininga.

			Sæuefjøs. SEFRAK-klasse C	Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		
LJ5	Jærhus, Rossaland, Bryne	2/470 Rosselandsvegen 27, Bryne	1121-0007-005 SEFRAK-klasse A	Er i KPA 2018-2030 vist med omsynssone «Bevaring Kulturmiljø». I reguleringsplan 0045.00 regulert til «Offentleg busetnad». (med påskrift B) Meldepliktig Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		Rosseland. Jærhus med to skutar frå 1875 - Rossaland på Bryne. Bislag ved inngangsdør. Nær på autentisk grunnform, plan ukjend. Restaurert. Fekk Kulturvernpisen i 1999.
LJ6	Digerneshuset, Norheim	19/3 Krossavegen 62, 4346 Bryne	1121-0003-063 Våningshus SEFRAK-klasse B 1121-0003-064 Driftsbygning SEFRAK-klasse C	I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Uregulert		Norheim. «Digerneshuset» på Norheim er eit bustadhus, bygd i 1872. Godt bevart jærhus utan skutar. Huset ligg vakkert til i gammel hage med steingard på framsida. Ligg saman med driftsbygning frå første kvartal 1900. Gjennomgåande og pietetsfullt restaurert, utvendig og innvendig. Fekk kommunen sin byggeskikkpris i 2022 og Fortidsminneforeninga sin vernepris 2024.
LJ7	Gardsanlegg, Serigstad	20/7 Kvernelandsvegen 611, Lye	1121-0003-010 Jærhus SEFRAK-klasse A 1121-0003-009 Uthus SEFRAK-klasse A	Begge busetnadane er i KPA 2018-2030 vist med omsynssone «Bevaring kulturmiljø» H570. Uregulert Meldepliktige bygg.		Serigstad. Gardsanlegg. Jærhus med to skutar frå ca. 1850. Midtgangshus med endekammers, jærhus av den såkalla utvida typen. Stor grad av autentisitet. Autentisk miljø saman med uthus, steingardar, tunte og driftsbygning. Driftsbygning bygd ca. 1850, delvis i tegl, delvis i naturstein og tre. Nær på autentisk grunnform og -plan. Gjennomgåande

				Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		restaurert med fagleg kompetanse. Autentisk miljø saman med uthus, steingardar, tuntre og driftsbygning. Fekk kommunen sin kulturvernpris i 1998.
LJ8	Jærhus, Haugland	8/1 Hognestad-vegen 439	1121-0002-035 SEFRAK-klasse A	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert. Meldepliktig bygg. Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		Haugland. Jærhus, der midtre delen er frå 1700-talet. Bygd på 1800-talet. Autentisk grunnform. Skutane er nå del av buarealet. Bortsett frå det er grunnplanen nær på autentisk i forhold til utbygginga på 1800-talet. Ein del uheldige utskiftingar og innsettingar av vindauge, særleg i skutane, forringar lesbarheita.
LJ9	Jærhus Herigstad	11/2 Herigstad-vegen 67, Hognestad	1121-0002-008 SEFRAK-klasse B	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time , Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		Herigstad. Jærhus med to skutar. Hovudbygg oppført i 1865. Fjøs, stall og låve oppført i same år er rivne. Er med i Kulturminneplan 2008-2019, men då i kategori «Andre prioriterte bygningar og anlegg»
LJ10	Jærhus «Heimahuset», Tunheim	54/115 Tunheim-vegen 20, Undheim	1121-005-088 SEFRAK-klasse B	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert Meldepliktig		Tunheim. Jærhus frå 1829. Opphavleg bygd med 2 skutar som har vorte rivne i 1961 og 1975. Taket er kledd med aluminiumsplater. Er med i Kulturminneplan 2008-2019, men då i kategori «Andre prioriterte bygningar

				Jærhuset er omtalt i rapport «Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time, Gjesdal og Hå», Torunn Måseidvåg, 2000).		og anlegg»
LJ11	Bustadhus, Jærhus Undheim	46/17 Undheims-vegen 482, Undheim	1121-0005-039 SEFRAK-klasse C	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", samt med omsynssone «Bevaring Kulturmiljø» H570 Uregulert. Meldepliktig bygg		Slettene. Bustadhuset er eit jærhus utan skutar av den såkalla "utvida" typen. To familiehus med to inngangsparti, begge med bislag med spissgavl. Bygd ca. 1790. Vart flytta i 1876 og samtidig utvida. Tidlegare to skutar som vart rivne i 1957. Autentisk grunnform og -plan. Ny vindaugstype bryt med det opphavlege, og forringar lesbarheita.
LJ 12	Arkjå	9/69 Hognestad-vegen 278, Hognestad	1121-0005-094 SEFRAK-klasse B,	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF"		Sandneskassa Arkjå med påbygde skutar på Hognestad. Dette huset vart bygd på Undheim (Kålnes Gnr. 46/57) i 1912, men vart flytta "på rot" og fint restaurert på Hognestad i 2004. Uthus i same stil som huset. Arkjå fekk Kulturvernprisen i 2008.
LJ13	Njågarden, gardshus, Njå	24/1 Njåvegen 84, Kvernaland	1121-0006-085 SEFRAK-klasse B, men har ikkje med seg SEFRAK-identiteten sin der bygningen står i dag.	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF", Uregulert		Njå. Stort og staseleg gardshus, bygd i 1870. Restaurert av nåverande eigar. Fekk Kulturvernprisen i 2004.
LJ14	Norheims-garden, gardsanlegg	19/1 Krossa-vegen 43/45, Lye	1121-0003-061 våningshus SEFRAK-klasse B 1121-0003-062 Verkstad garasje SEFRAK-klasse B	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert Meldepliktig		Norheim. Gardsanlegg med driftsbygning og våningshus og uthus, bygd 1840. Høg identitetsverdi. Tidlegare lensmannsgard. Fekk Kulturvernprisen i 2001.
LJ15	Våningshus, Fotland	58/1 Timevegen	1121-0003-050 SEFRAK-klasse	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF".		Fotland. Staseleg gardshus, bygd 1846; pietetsfullt restaurert.

		268, Lye/Vestly	C	Uregulert Meldepliktig		Fekk Kulturvernprisen i 2006.
LJ16	Gardshus, Tunheim	54/4 Undheims- vegen 269, Undheim	ikkje SEFRAK- registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert		Tunheim. Gardshus, bygd i 1914. Godt bevart eksempel på Sandneskassa, det første ferdighuset på Jæren.
LJ17	Gardshus, Botn	60/3 Timevegen 601, Undheim	ikkje SEFRAK- registrert	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert		Botn. Gardshus, bygt ca. 1910. Sandneskassa. Svært pietetsfullt restaurert i 2008. Byggeskikk prisen i 2015
LJ18	Våningshus «Bergene»	51/1 Buevegen 1084, Undheim	1121.005.106	I KPA 2018-2030 vist med formål "LNF". Uregulert	 <i>Bilete: Google Street view</i>  <i>Bilete: Sefrak arkiv</i>	Våningshus frå ca. 1770. Før 1880 hette eigdommen «Varmevoll» Framskride forfall, jf. Sefrak registrering Original fasadekledning erstatta av plastpanel i 1976 (kjelde: Braarkiv)


NR	Namn	Gnr./Bnr. Adresse	SEFRAK objektnr	Status	Foto	Omtale/Grunngjeving
Samferdsel						
Sf1	Prestavegen	23/1 m.fl. Lyevegen- Ålgårdsve- gen- Eikeland- myrane		Deler av vegen ligg I KPA 2018-2030 med formål "LNF", Deler ligg innafor områdeplan 0541 og er regulert til friområde og LNFR område. Den delen som ligg innafor LNFR-området er regulert med omsynssone		Lye var prestegard i Time frå ca. 1330 til 1932. Fram til 1926 var Gjesdal kyrkje annekst til Lye prestegjeld. «Prestavegen» går frå Lye over Åsen og Edland til Gjesdal, og var fram til 1837 rideveg for presten - og "tilhaldsstad for skrubben". I 1837 vart han utbetra til køyreveg. I 1875 vart vegen utbetra på ny. Det er 18 km frå Lye til Gjesdal kyrkje.

				bandlegging etter lov om kulturminne. Områdeplan		Avstanden mellom kyrkjene er 20 km. Turveg frå 2003.
Sf2	Festesteinar for hestar, på nordsida av Time kyrkje	17/9 Vestly-vegen 1, Lye		I KPA 2018-2030 vist med formål offentlig og privat tenesteyting. Uregulert		Steinar - feste for hestar langs vegen på nordsida av Time kyrkje. Hellesteinane er festa i bakken, og har eit hòl øvst til å festa bindetauet i. Her stod hestane mens eigarane var i kyrkja.
Sf3	Undheim bru	46/216 Brua-vegen Undheim, Undheim		KPA . 2018-2030 vist med formål LNFR. Inngår i omsynssone «Bevaring Naturmiljø» (100 metersbelte langs vassdrag) H560 i KPA 2018-2030. Uregulert		Undheim bru vart bygd 1901. Steinbogebru i Undheim sentrum. Delvis skjult av dekket frå ny bru, som vart bygd over i 1959. Boge og brukar i kilt stein er heilt intakte. Godt eksempel på steinkvelvsbru.
Sf4	Den gamle ferdselsvegen frå Fosse til Tunheim	59/10 med fleire		I KPA 2018-2030 vist med formål LNFR. Regionalt prioritert ferdselsveg. Uregulert		Den gamle ferdselsvegen frå Fosse til Tunheim var ein del av det gamle hovudvegnettet på Jæren (Klepp, Time og Sandnes). Deler av vegen er ennå godt synleg på fleire stader, mens andre deler framstår som noko privatisert.
Sf5	Fosse bru, mellom Oma og Fosse	13/13 og 59/40 Fosse,		I KPA 2018-2030 vist med formål LNFR. Inngår i omsynssone «Bevaring Naturmiljø» (100 metersbelte langs vassdrag , H560.		Fosse bru mellom Oma og Fosse vart bygd i 1898. Brua har den største steinkvelven i enkelspenn på Jæren. Del av tidlegare riksveg. Brua har lengde 19 m, breidde 4,0 m. Ho er synleg, men vanskeleg tilgjengeleg.
Sf6	Vasstårn ved Bryne stasjon	1/646 Hetlands-gata, Bryne stasjon		I KDP Bryne sentrum 2015- vist med formål «jernbane». Uregulert		Vasstårnet ved Bryne stasjon. Er truleg bygd i 1940-åra. Bør vernast som minne om damplokomotiva som kryssa Jæren fram til 1956. Einaste gjenverande i sitt slag.
Sf7	Midgardsormen bru	Samband 24/7 i Time og 15/92 i Klepp Frøylands vatnet		Området er avsett til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i KPA 2018-2030. Det er lagt omsynssone bevaring naturmiljø (100-metersbelte) på tilgrensande areal. Sjølve brua er ikkje merka i kommuneplanen.		Midgardsormen gangbru bind saman Klepp og Time ved å kryssa over Frøylandsvatnet. Brua vart bygd på initiativ av Brynes vel i 2016 for å auka bruken av området. Brua er teikna av Asplan Viak. Ho er 2 meter brei og 230 meter lang.

				Regulert som gangbru i plan 309.00		
--	--	--	--	------------------------------------	--	--

NR	Namn	Gnr./Bnr. Adresse	SEFRAK Objektnr og klasse	Status	Foto	Omtale/Grunngjeving
Næring, industri og vassdrag						
N1	Gamle Kverneland fabrikk, Kverneland	28/171 Kvernelandsvegen, 63 og 65, Kverneland		I KPA 2018-2030 vist med formål «Sentrumsformål» I føresegna er det stilt krav om at noko av busetnaden skal takast vare på. Ligg i område regulert til industri i plan 0048. Bygga er ikkje sikra i reguleringsplan.		Fabrikkbygningar ved Kvernelands Fabrikk - Gnr. 28/171 på Kverneland. Det er etter rivingsløyve fem bygg att. Bygningane frå 1895, 1931 og 1929, og er tidstypiske for kvar sin periode.
N2	Smie, Kverneland	28/9 Kvernelandsvegen, Kverneland	1121-0006-056 SEFRAK-klasse A	+KPA 2018- 2030 vist med formål «Blågrønnstruktur», samt med omsynssone Bevaring kulturmiljø Regulert til friområde i plan 0049. Bygget er markert med symbol B i planen		Smie frå 1878/79, bygd av O. G. Kverneland for produksjon av landbruksreiskapar. Smia viser starten på ein av dei største landbruksindustriane i verda. Autentisk grunnform. Grunnlaget for produksjonen i smia var utnyttinga av vasskrafta frå Stemmen (Frøylandsåna). Er i dag bedriftsmuseum i privat eige.
N3	Stemmen, Kverneland	28/750 Gamle Åslandsvegen, Kverneland		I KPA 2018-2030 vist med formål «Blågrønnstruktur», Inngår i reguleringsplan 0048, «Frøyland-Kverneland, Nordre del av Time kommune» men er ikkje		Stemmen på Kverneland vart truleg bygd i slutten av 1870-åra. Vatn frå dammen skulle gje energi til smia som O. G. Kverneland bygde litt lenger nede. Eigar Time kommune.

				sikra med omsynssone.		
N4	Fotland kraftstasjon, Fotland	15/2 Timevegen 187, Lye	1121-0003-046 SEFRAK-klasse manglar	I KPA 2018-2030 vist med formål LNF, samt omsynssone Bevaring naturmiljø (H560) og bandlegging etter lov om kulturmil H570 og bandlegging etter lov om naturvern. Uregulert.		Fotland kraftstasjon, Skrudland, representativ og tidstypisk industriarkitektur, bygd i 1915. Verneverdi også som del av miljø med mølle, restar etter bru, ruinar og restaurerte kvernhus, samt laksetrapp. Eigd av Time kommune frå 1972. Noko ytre forfall.
N5	Fotland mølle, Fotland	58/9 Fossevegen 176, Lye	1121-0003-048 SEFRAK-klasse manglar	I KPA 2018-2030 vist med formål LNF, samt omsynssone Bevaring kulturmiljø - H570 Uregulert.		Fotland mølle. Miljø med kvernhus, mølle og ruinar av kvernhus og torvhus. Verneverdi også som del av lite vasskraftmiljø saman med Fotland kraftstasjon og laksetrapp. Eigd av Time kommune frå 1972. Vert brukt som museum og utstillingslokale for kunst.
N6	Demninga i Storamos, Undheim	51/1 Buevegen 1109, Undheim		Statleg listeført Askeladden ID: 178883-1. I KPA 2018-2030 vist med formål LNF. Ligg i omsynssonene «Bevaring Naturmiljø» (H560) og «Bandlegging etter lov om Naturvern» (H720)		Demninga i Storamos ligg i grensa med Hå. Demninga vart bygd i 1915 som hovudreservoar saman med bygginga av Fotland kraftstasjon same året. Storamos er hovudkjelda til Håelva, som renn ut på Nærland i Hå kommune. Demninga av kilte steinblokker har vist seg som eit solid stykke byggekunst, og er eit vakkert kulturminne.
N7	Demninga Stemmen, Skrudland	16/1 og 4 Timevegen, Lye		I KPA 2018-2030 vist med formål LNF, samt delvis omsynssone H560 Bevaring naturmiljø Uregulert		Demninga "Stemmen" på Skrudland vart bygd i 1915 i kilt stein, som dagsreservoar for Fotland kraftstasjon. Veggene står ennå, men området har ingen funksjon som demning.

N8	Trafo, Høyland	35/7 Hadlands- vegen, Lye		I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Uregulert		Frå 1920 åra.
N9	Trafo, Garborg	62/5 (dels på 62/7) Garborg vegen 585, Undheim		I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF», samt omsynssone Bevaring kulturmiljø H570 Uregulert		Frå 1920-åra
N10	Trafo, Haugland	9/16 Langs Hognestad- vegen, Hognestad		I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Deler av området er vist som bandlegging for regulering (dobbelspor jernbane). Uregulert		Frå 1920-åra.
N11	Trafo, Frøyland	28/1048 Frøylands- vegen 22		I KPA 2018-2030 vist med formål «Bustad». Regulert med formål «Energianlegg» i plan 0545.00 «Detaljregulering for bustader i BK3, Kvernaland»		Frå 1920-åra.
N12	Trafo, Løge	16/2 Løgevegen/ Timevegen, Bryne		I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Uregulert		Frå 1920- åra.

N13	Trafo, Herigstad	11/20 Sør for Herigstad-vegen 98, Hognestad		I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Deler av området er vist som bandlegging for regulering (dobbelspor jernbane). Uregulert		Frå 1920-åra
N14	Trafo, Årrestad	55/24 Sælends-vegen 727, Undheim		I KPA 2018-2030 vist med formål «LNF». Uregulert		Frå 1920-åra.
N15	Trafo, Bryne	2/89 Biskop Hognestad gate 11, Bryne		I KPA 2018-2030 vist med formål «Bustad») Regulert etter pbl i plan 0475.00 med omsynssone H570		Trafobygget hadde namnet Bryne sekundærstasjon og var den første innføringsstasjonen i Bryne. Bygget vart teikna av Gustav Helland, ein av dei meist renommerte og betydingsfulle lokale arkitektane. Trafobygget vart oppført i 1938/39 og sett i drift 19.02.39. Bygget var i ordinær drift til 1949. Det er eit fint eksempel på lokal funksjonalisme. Trafoen vart transformert og tatt i bruk som bustad i 2024.
N16	Bryne Mølle, Bryne sentrum	1/179 Reevegen 1, Bryne	1121-0001-029 SEFRAK-klasse A	I I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Offentleg og privat tenesteyting». Regulert etter pbl i plan 0427.00 med omsynssone H570. Bare deler av tilbygget har omsynssone.		Bryne Mølle - industribygg i Bryne sentrum. Tidstypisk industriarkitektur frå 1929. Monumentalt bygg med enkle, reine linjer og klassisistiske detaljar i eksteriøret. Autentisk grunnform, delvis også planløyning. I Time kommune si eige frå 1989. Husar kunstgalleri og forsamlingsrom. Den første mølla her kom i 1877.

N17	Korn-mottak og siloar, Bryne	1/180 Reevegen 3, Bryne	1121-0001-030 SEFRAK-klasse B	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål». Regulert etter pbl i plan 0427.00 med omsynssonen H570.		Kornmottak for tidlegare eigar Felleskjøpet Rogaland, Bryne sentrum. Bygd i 1933. Omfattar mottakssentralen og dei to kornsiloane.
N18	Aarresmiå, Bryne sentrum	1/28 Storgata 35, Bryne	1121-0001-013 SEFRAK-klasse B	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt med omsynssone H570_1. Regulert etter plan- og bygningslova i plan 0427.00, vist med omsynssone.		Storgata 35. «Aarresmiå» er eit tidlegare bustadhus og smie frå 1891. Gjennomgåande og pietetsfullt restaurert på opphavleg tomt i 2023. Byggeskikkprisen i 2024 saman med Steinslandhuset.
N19	Tidlegare Jæren Meieri med pipe, Bryne sentrum	1/62 Jernbanegata 13, Bryne.		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt med omsynssone bevaring kulturmiljø H570_1. I plan 0453, regulert til formål «Bustad» og vist med omsynssone bevaring kulturmiljø H_570.		Jæren Meieri frå 1949, med pipe frå 1897. Funksjonalisme. Fasadane er kledde med plater som skjuler det opphavlege murbygget. Bygget er midlertidig bunde saman med Torgsenteret på andre sida av gata.
N20	Holmen (Serigstadbygget) Bryne sentrum	1/888 Arne Garborgs veg 22, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt med omsynssone bevaring kulturmiljø H570_1.		Holmen - bedriftsbygning og kontorlokale i Bryne sentrum. Bygd som Jæderens Uldvarefabrik i 1896, modernisert i 1948. I Serigstadfamilien si eige som jordbruksreiskapsfabrikk og støyper i frå 1938 til det vart selt i 2004. Eldste

				I plan 0261.03,regulert til formål «Blanda formål»» og vist med omsynssone bevaring kulturmiljø H_570_1.		industribygning i stasjonsbyen. Fint restaurert.
N21	Spønehus, Bryne sentrum	1/789 Hetlands- gata 12, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt med omsynssone bevaring kulturmiljø H570_1 I plan 211.03 regulert til «Bustad/forretning/kontor» og vist som Spesialområde bevaring av bygningar.		Spønehuset er bygd ca. 1930 og 1950 av Br. Hetland. I dag kontor.
N22	Sveisehall, Bryne sentrum	1/788 Hetlands- gata 14, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt med omsynssone bevaring kulturmiljø H570_1 I plan 0211.03 regulert til «Bustad/forretning/kontor» og vist som Spesialområde bevaring av bygningar.		Sveisehall. Bygd ca. 1930 og 1950 av Br. Hetland. I dag keramikkverkstad

N23	Aftenblad- bygget	1/654 Storgata 27A, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», I plan 0071. regulert til formål «Forretning»		Det 390 kvadratmeter store bygget med store innvendige opne flater vart reist i 1991 for Stavanger Aftenblad. Vart i 1995 kåra som Noregs finaste næringsbygg, og fekk då Statens byggeskikkpris. Frå 2017 lokale for Brix Brygghus restaurant.
-----	----------------------	--	--	---	--	--

NR	Namn	Adresse	SEFRAK objekt nr	Status	Foto	Omtale/Grunngjeving
Tettstadsbygningar og bustadhus						
TB1	Dalheim - bustadhus	26/68 Leirfen-vegen 5, Kvernaland		Omsynssone H570 i kommuneplanen. Regulert etter plan- og bygningslova i plan 0273.01, vist som spesialområde bevaring av bygningar.		Dalheim. Særprega bustadhus i sveitserstil, bygd 1911. Fint restaurert. Har vore brukt som barnehage. Er i dag i bruk som frisørsalong.
TB2	Direktør-bustad Kvernaland	28/783 Hauabakk-vegen 6, Kvernaland		I KPA 2018- 2030 vist med formål «Bustad»		Hauabakken. Kvernaland. Staseleg og stilreint bustadhus - bygd i 1926. Tidlegare direktørbustad, Kvernlands Fabrikk. Bustaden ligg i eit parkliknande miljø, med utsikt over Frøylandsvatnet.
TB3	Elverhøy, "Haugstadhuset", Undheim	46/112 Smeda-vegen 7, Undheim	1121-0001-047 (opphaveleg ID- nr) SEFRAK-klasse A	Bygget er ikkje bandlagt, men SEFRAK A-statusen består. Det betyr at RFK kan fremja motsegn mot riving, flytting eller vesentleg fasadeendring.		Elverhøy. Haugstadhuset frå ca. 1915 låg tidlegare i Bryne sentrum (på gnr. 1/123), men vart flytta til Undheim. Spesielt fin sveitervilla. Tidlegare disponentbustad for Jæren Uldvarefabrik. Fine utskjeringar i gavlane. Delvis jugendvindaug. Autentisk grunnform. Plan ukjend.
TB4	Svensenhuset, bustadhus	1/70 Hulda Garborgs veg 7, Bryne	1121-0007-003 SEFRAK-klasse A	I KDP for Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt omsynssone Bevaring. Kulturmiljø H570_1. I plan 0173 regulert til offentleg formål, samt spesialområde bevaring. SOB		Vashus. "Svensenhuset" er eit tidlegare bustadhus i to etasjar i Bryne sentrum. Bygd i 1914 av fotograf Pauline Wiig som bustad og atelier. Vert brukt til fritidsaktivitetar for Time kommune, mellom anna som Bryne velferdssenter.
TB5	Steinborg	1/209 Hetlands-gata 17, Bryne.		I KDP for Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad», samt		Steinborg. Bygt i 1918 av Olav Lindland.

				omsynssone Bevaring. Kulturmiljø H570. I plan 0416.00, vist med omsynssone H_570		
TB6	Hetlands gata - bustadhus	1/644 Hetlands- gata 19, Bryne.		I KDP for Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Bustad», samt omsynssone Bevaring. Kulturmiljø H570_1 . I plan 0416.00, vist med omsynssone H_570		Hetland vestre. Bygt i 1917 av Jens Hetland, seinare ombygt fleire gonger. I dag husar det fleire husvære.
TB7	Soltun	2/39 Hetlandsg ata 21 A, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_3_ Omsynssone bevaring. Regulert etter plan- og bygningslova plan 0416.00, vist med omsynssone H_570		Soltun. Bustadhus i Hetlandsgata. Bygd i 1918 av Martin Oma.
TB8	Heimly - Lendehuset	2/32 Arne Garborgs veg 31, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Bustad» og vist med omsynssone H570_3. I plan 0098.00 regulert til formål «Bustad».		Heimly. Lendehuset vart bygt i 1917 av stasjons- og postmeister Jens Lende. Staseleg hus som nå er fint restaurert av nåverande eigar. Byggeskikkprisen i 2022.

TB9	Bustadhus i Alvevegen	2/41 Alve-vegen 4, Bryne	1121-0007-007 SEFRAK-klasse A	I KPA 2018- 2030 vist med formål «Bustad» og med omsynssone Bevaring kulturmiljø. H570		Bryne. Bustadhus, teikna av arkitekt Gustav Helland. Bygd i 1917-18; klassisisme. Seinare påbygg med veranda på baksida av huset bryt med opphavleg stil, elles stor grad av autentisitet. Fin representant for dåtidas “finare” byarkitektur. Byggeskikkprisen i 2020.
TB10	Sagatun, bustadhus med uthus, Bryne sentrum Solberghuset	2/42 Arne Garborgs veg 62, Bryne	1121-0007-008 bustadhus SEFRAK-klasse C 1121-0007-009 uthus SEFRAK-klasse C	I KPA 2018- 2030 vist med formål «Bustad» I plan 0145.00 regulert til bustadformål		Sagatun. «Solberghuset» ligg i Arne Garborgs veg. Bygd i 1900. Vert pietetsfullt restaurert av nåverande eigar (2025).
TB11	Bustadhus Erland, Bryne	2/43 Arne Garborgs veg 60, Bryne	1121-0007-016 SEFRAK-klasse A	I KPA 2018- 2030 vist med formål «Bustad» og med omsynssone Bevaring kulturmiljø. H570 I plan 0145.00 regulert til bustadformål		Magdeborg: Teikna av arkitekt Gustav Helland, og bygt i 1919 i jugend/seinbarokk. Stor grad av autentisitet. Første bustad i Time med innlagt vassklosett. Tidstypisk “finare” byarkitektur. Er tilbakeført til opphavleg utsjånad med trekledning. Kulturvernprisen i 2010.
TB12	Brynevoll - Haugehuset	1/177 Bryne-vegen 23, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål», samt vist med omsynssone H570_3_ I plan 0043.00 regulert til formål «bustad».		Brynevoll. Haugehuset ligg i Solhøgda kvartalet. Bygd ca. 1920. Tilbygg i same stil rundt 2000.
TB13	Solheim	1/134 Torggata 10, Bryne	1121-001-031 SEFRAK-klasse A Uthus Sefrak-B obj. 1121/001/032	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad» og vist med omsynssone H570_2_ I reguleringsplan 0043.00 regulert til formål «bustad».		Solheim. Bustadhus i Bryne sentrum. Sveitserstilvilla frå 1913. Autentisk grunnform. Grunnplan ukjend. Svært fine, originale utskjeringar i gavlane, på mønespir, ved inngangspartiet og ved utgangen frå glasverandaen. Delvis jugendvindauger. Få bygningar av denne typen igjen i original form. Kulturvernprisen i 2007. Det ligg et uthus på same

						eigendommen, som er registrert Sefrak C.
TB14	Solhøgda - Norderhov - Dalhuset	1/178 Bryne- vegen 21, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad» og vist med omsynssone H570_3_ I regulerings-plan 0043.00 regulert til formål «bustad».		Norderhov. Dahlhuset er eit bustadhus i Solhøgda. Byggeår ukjent, men truleg rundt 1920.
TB15	Natvighuset, bustad- eigedom i Solhøgda, Bryne sentrum	1/206 Solhøgda 4, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad» og vist med omsynssone H570_3_ I plan 0043.01 regulert til formål «Forretning»		Natvighuset. Bustadeigedom i Solhøgda. Byggeår ukjent, truleg mellom 1910-1920. Restaurert av nåverande eigar. Kulturvernprisen i 2009.
TB16	Varatun	1/175 Ørna- haugen 3, Bryne		I KPA 2018- 2030 vist med formål «Bustad» Uregulert		Varatun. Hóvehuset er eit bustadhus på Brynehaugen. Bygd 1921. Restaurert av nåverande eigar, ved sivilarkitekt Per Line. Kulturvernprisen i 1997.
TB17	Ingelin, bustadshus, Bryne	1/243 Tinghaugv egen 4, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad» og vist med omsynssone Bevaring kulturmiljø H570_2.		Ingelin. Bustadhus i funksstil, bygd av murar Olav Garborg i 1935. I familiens eige.
TB18	Storåker, bustadshus Bryne- haugen	1/227 Bryne- vegen 5B, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad» og vist med omsynssone H570_3.		Storåker. Bustadhus på Brynehaugen. Mansardtak. Bygd i 1928 av Rasmus Garborg.

				Uregulert		
TB19	Sælands- huset, Bryne sentrum	1/154 Øgåards- bakken 6, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_3_ I plan 0507.00, regulert til formål «Blanda formål» og vist med omsynssone bevaring kulturmiljø - H_570.		Nedre Dalheim. Sælandshuset er eit stort bustadhus i Meierigata/Øgaardsbakken bygt i 1920. Inneheld i dag fleire husvære.
TB20	Solhaug, bustads- og forret- nings- bygg i Bryne sentrum John Stenslan dhuset	1/873 Storgata 39, Bryne	1121-0001-014 SEFRAK-klasse C	I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_1_ I plan 0427.00, vist med omsynssone bevaring kulturmiljø - H_570.		Solhaug. Bustad- og forretningshus i Bryne sentrum. Bygd i 1918 av tannlege Vagle. I 2023 flytta til Storgata 37 (gnr. 1/873). Gjennomgåande restaurert og flytta, er nå del av eit lite miljø saman med «Aarresmiå». Har framleis bevart både uttrykk og særpreg. Byggeskikkprisen i 2024 saman med Aarresmiå.
TB21	Nerdal, bustads og forretnings- bygg i Bryne sentrum Haualand huset	1/173 Hulda Garborgs veg 2, Bryne	1121-0001-004 SEFRAK-klasse B	I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_1_ I plan 0175.00 regulert til «Sentrumsformål» og vist med omsynssone spesialområde bevaring.		Nerdal. "Haualandshuset" etter tidlegare eigar, vart bygd i 1918. Teikna og bygd av byggmeister Reier Time. Tidlegare husvære, frisørsalong og kafé, nå kontor og utleigehusvære. Fint restaurert. Fekk Kulturvernprisen i 2003.

TB22	Grand hotell, Bryne sentrum	1/68 Hulda Garborgs veg 4, 4344 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål» og vist med omsynssone H570_1_ I plan 0175.00 regulert til formål «Bustad, forretning, kontor hotell» .		Grand Hotell. Bygt av Br. Hetland mellom 1915 og 1920. Hotell og kafé, og urmakarforretning frå 1919 til 1977, deretter restaurert og brukt til kontor og husvære.
TB23	Målfridstua, "Kjos Hansen huset", Bryne sentrum	1/42 Storgata 17, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål» og vist med omsynssone H570_3_ I plan 0071.00 regulert til formål forretningsbygg		Målfridstua. Kjos-Hansen huset vart bygd av doktor Peter Kjos-Hansen i 1938. Det særprega huset har hatt legekontor i første høgda, og bustad i andre. Både dei arkitektoniske kvalitetane og funksjonen i Bryne si historie gjer det til eit eksempel på eldre busetnad av ein spesiell og særmerkt type. Huset er om- og påbygd til restaurant og skjenkestad mm. Deler av den opphavlege utsjånaden er tekne vare på, særleg andre høgda, samt loft og tak.
TB24	Kårhaug Erlandsbygg et	1/24 Storgata 18, Bryne	1121-0001-007 SEFRAK-klasse C	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål» og vist med omsynssone H570_3_ Regulert til formål forretning/kontor i plan 0101.00		Kårhaug. Forretnings- og kontorlokale i Storgata. Bygd i 1898. Tidlegare eigar Erlands Maskin. Butikk og utleigebustader.
TB25	Bellesenhuset	1/24 Storgata 16, 4340 Bryne	1121-0001-006 SEFRAK-klasse C	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål» og vist med omsynssone H570_3 Regulert til		Storgata 16. Forretnings- og bustadhus i Bryne sentrum. Bygd i lafta tømmer 1898, seinare påbygd og endra på. "Bellesenhuset" er viktig for gatebildet i Storgata. Har husa malarforretning, klesforretning, sportsforretning og reisebyrå. Nå butikklokale og husvære til

				formål forretning/ kontor i plan 0101.00		utleige.
TB26	Torget 3 Moien	1/196 Torget 3, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_3		Forretnings- og bustadhus på Torget. Bygd av Tor Ree i 1918. Tidlegare slaktarforretning, seinare klesbutikk mm.
TB27	Torget 5 Bjørnsenhuset	1/199 og 1/275 Torget 5, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrums- formål» I plan 0016.00 regulert til kontor, forretning, lager handverk og lettare industriell verksemd»		Vågane. Mursteinsbygg frå 1939/40, bygt av kjøpmann Ingolf Bjørnsen. Jernvare og møbelforretning, husvære på toppen. Seinare m. a. kafé og kontorlokale.
TB28	Eiden	1/9 Storgata 7, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_3		Bryne. Forretnings- og bustadhus i Bryne sentrum på Bryne torg. Bygd 1910. "Eiden på Torget" var i mange år kolonialbutikk, med bakeri og lager. I dag er det restaurant i lokala på gateplanet.
TB29	Norabakken «Apoteket»	1/141 Meierigata 4, Bryne	1121-001-026 SEFRAK-klasse A	I KDP Bryne sentrum 2015- 2026 vist med formål «Sentrumsformål » og vist med omsynssone H570_2_ Uregulert.		Norabakken. Kontorbygg i Bryne sentrum. Bygd ca. 1920 som apotek/bustad av apotekar Arff. Ein spesielt fin representant frå tida i ei blanding av klassisisme og seinbarokk. Nær på autentisk grunnform. Markert etasjeskilje. Ein del originale detaljar i eksteriøret. Gjennomgåande restaurert av Ole Helmer Sjø fra om lag 1970. Prioritert kulturminne i Fylkes- plan for kulturminne. Kulturvernprisen i 2005.

TB30	Oppheim	1/99 Meierigata 6, 4340 Bryne	1121-0001-024 Bustadhus SEFRAK-klasse B 121-0001-025 Bakgårdsbygning SEFRAK-klasse C	I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Sentrumsformål» og vist med omsynssone H570_3 Uregulert		Oppheim, «Fjogstadhuset», i Meierigata. Bustadhus frå starten av 1900-talet. Bakgårdsbygning/verkstad intakt.
TB31	Østerlide - Gundersenhuset	1/112 Gamle Hognestad-vegen 9, 4340 Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Blanda formål og vist med omsynssone H570_3 I plan 0239.00 regulert til bustad/forretning		Østerlide. Atelier og bustadhus. "Gundersenhuset" vart bygd i 1911. Tidlegare m. a. veterinærkontor, og frisørsalong.
TB32	Funkis bustad Kvernhusbakken Rudin Reehuset	1/437 Kvernhusbakken 9, Bryne		I KDP Bryne sentrum 2015-2026 vist med formål «Bustad». Ikkje regulert		Rudin Ree huset; teikna av arkitekt Brandsberg-Dahl, og bygt i 1957. Det syner arkitektens særpreg og kvalitet på bustadhus i 1950 åra. Huset er velplassert, ligg godt synleg på ei fint tilpassa tomt i nedre del av Brynehaugen. Byggeskikkprisen i 2017.

3.12. Andre prioriterte bygningar og anlegg (SEFRAK B)

Oversikta i Kulturminneplanen 2008-2019 er ikkje systematisk gjennomgått. Med det kommunen veit nå er det, samanlikna med oversikta i Kulturminneplan 2008-2019, i alle fall 10 av 67 objekt som er att på denne oversikta i svært dårleg forfatning; har vorte rivne eller fått løyve til riving.

Følgande SEFRAK B- registrert objekt, som ikkje inngår i høgt prioriterte kulturmiljø eller kulturminne, er igjen:

Nummerering Kulturminneplan 2008-2019	Gnr.	Bnr.	Adresse	SEFRAK ID
Bustadhus/forretning				
109	3		Kolhaug 1 A	1121/001/038
120	6	1	Hauglandsvegen 95	1121/002/030
123	64	2	Grødemsvengen 107	1121/002/037
144	17	11	Timevegen 120	1121/003/056-057
154	39	11	Eikelandsmyrane 36	1121/004/033
159	45	4	Litlaundheimsvegen 141	1121/005/010
160	45	19	Litlaundheimsvegen 147	1121/005/026
193	28	84	Frøylandsvegen 15	1121/006/063
196	24	1	Njåvegen 84	1121/006/085
167	51	5	Buevegen 1233	1121/005/100
Driftsbygninger				
117	13	3	Garborgvegen 260	1121/002/025
	6	1	Hauglandsvegen 95	1121/002/031
153	38	9	Ålgårdsvegen 912	1121/004/012
155	39	11	Eikelandsmyrane 36	1121/004/034
157	63	1	Maulandsvegen 26	1121/004/034
192	26	1	Kvernelandsvegen 237	1121/006/061
166	49	7	Tjålandvegen 94	1121/005/097
168	51	5	Buevegen 1233	1121/005/101
192	28	84	Frøylandsvegen	1121/006/063
Uthus				
107	1	134	Torggata 10	1121/001/032
110	3	36	Kolhaug 1 A	1121/001/039
111	3	36	Kolhaug 1 A	1121/001/040
186	24	22	Stabbur	1121/006/040
Potetkjellar, jordkjellar				
116	13	3	Garborgvegen	1121/002/024
134	57	1	Høylandsvegen 155	1121/003/031
139	14	2	Løgevegen	1121/003/041
140	15	1	Løgevegen	1121/003/044

143	58	1	Timevegen	1121/003/049
Bru				
142	16	2	Skrudland	1121/003/047
183	29	1	Frøylandsåna	1121/006/018
184	29	1	Frøylandsåna v/Kalbergloen	1121/006/019
Steingard				
Naust				
125	20	12	Kvernelandsvegen	1121/003/002
Ruin				
136	57	2	Høylandsvegen	1121/003/034
137	57	2	Høylandsvegen	1121/003/035
141	16	2	Timevegen	1121/003/045
172	45	11	løe	1121/005/109
173	45	11	bustadhus	1121/005/110
174	45	11	potetkjellar	1121/005/110
178	45	11	Geil	1121/005/114
191	24	19	gjetarhytte	1121/006/063
190	24	1,19	støl	1121/006/049
187	24	19	Ruinar etter tun	1121/006/046
Damanlegg				
181	27	3		1121/006/016

4. Handlingsprogram

Tiltaksplanen omfattar prioriterte tiltak for komande fireårsperiode, og skal rullerast kvart år og koplatt til økonomiplanen. Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale føringar, regionale mål og kommunen sine eigne ambisjonar, mellom anna i omsynssone-områda. Tiltaka er fordelte på innsatsområda:

- *Bevaring (B)*
- *Forvalting (FV)*
- *Verdiskaping (VS) og*
- *Formidling (FM)*

Tiltaka skal følgast opp fortløpande i kommunale planprosessar, og vil verta vurderte og prioriterte i forbindelse med kommunen sin årlege budsjettprosess.

Innsats-område	Tiltak	Omtale	2025-2028	2029-2032	2033-2036
B	Bevara dei jærhusa som er att i Time	• Laga ein strategi for jærhus som er att. • Gjennomføra ei registrering av dei gjenværande husa. • Utarbeida ein eigen bevaringsplan med føresegner og tilrådingar. • Infoskriv til eigarar av jærhus • Ved revidering av kommuneplanane vurderer om jærhusa skal inn med juridisk bindande verknad (krav til listeføring, grunngeving, utvida medverknad m.m.)	X		X X x
B	Gå gjennom registreringar i SEFRAK-registret-	Ein del av dei SEFRAK-registrerte bygga er rivne og registeret må oppdaterast etter det. Dagens tilstand for SEFRAK-bygga bør kartleggast. Dette vil vera grunnlaget for å vurdere om nokre av dei bør ha ei høgare prioritering. Etter politisk handsaming vil dei då kunna koma inn i kulturmiljøplanen.			X
B	Kartlegga status og vurdere objekt i Kap. 3.12	Objekt med status SEFRAK B – status og tilstand bør kartleggast. Vurdere om desse bør ha omsynssone H570_1 i kommune(del)planane		X	
B	Gå gjennom Kulturmiljøplanen sine vedlegg 3 og 4	Visa meir nøyaktig stad for å kunna kartfesta dei.		X	
B	Prioritera kulturlandskap for vidare vern	Gå gjennom gjeldande, eldre regionale og nasjonale kulturlandskap, og moglege nye, lokale kulturlandskap. Dette med eit særleg fokus på område med verneverdige steingardar. Sjekka ut om dei nasjonale kulturlandskapa fortsett gjeld, eventuelt fjerna dei som ikkje omhandlar kulturminne og -miljø, og som ikkje er aktuelle for vidareføring i			X

		kommunale planar. Legga til nye landskap - med eksakt avgrensing - for å kunna leggest inn som omsynssone H570. Dei to nye kulturmiljø og landskapsområda av nasjonal interesse i Time, som inngår i Riksantikvaren sitt register for Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland (2021), skal inngå.	KPA 2026-2037		
B	Bevara steingardar	Innarbeida føresegner og retningslinjer for steingardar i KPA Vurdera tiltak og mål i samband med revidering av landbruksplan	X		
B	Laga ei oversikt over krigsminne	Laga ei oversikt over krigsminne i kommunen. Registrera, evaluera og listeføra krigsminne med tanke på vern.		X	
FV	Vurdera å tilsetta ein fagkonsulent med kulturmiljø- kompetanse, eventuelt inngå samarbeid om interkommunal rådgjevarordning	Av kommunane i Jærrådet har Hå og Klepp begge eigen kulturvernrådsgjevar, mens Sandnes har byantikvar. Gjesdal og Time er utan kulturvernrådsgjevar. På same måten som to eller fleire av desse kommunane samarbeider om andre oppgåver, bør det drøftast i Jærrådet om det er grunnlag for samarbeid om kulturvernoppgåvene i kommunane.	x		
FV	Ha fokus på kulturmiljøa sine verdiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Føra vidare tiltak i kulturmiljøplanen ved rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA)	Sikra at viktige kulturminne og kulturmiljø frå kulturmiljøplanen, med mellom anna omsynssoner, vert innarbeidd i kommune(del)planane.	x		
FV	Bruka det kommunale innkjøpsreglementet til å sikra rett kompetanse ved kjøp av tenester for rehabilitering av verneverdige bygg.	Setta krav til dokumentert fagkompetanse og erfaring i konkurransegrunnlag.	x	x	x
FV	Ha fokus på steingardar i forvalting av tilskotssystemet	Leggja til grunn retningslinjer i landbruksplanen og KPA i samband med søknadar som fjerning av steingardar	x	x	x
FM	Kunnskapsformidling	Informera grunneigarar om verdiar og tilskotsordningar for restaurering og vedlikehald av steingardar.	x	x	x
VS	Fotlandmiljøet – framtidig bruk.	Utarbeida mogleighetsstudie for området inkludert mølla, kraftstasjonen og uteområdet ved fossen og elva. Vurdera å søka RFK om midlar.			X

VS	Gamle, verna forsamlings- og skulelokale – framtidig bruk.	Utarbeida tilstandsvurdering og moglegheitstudie som grunnlag for prioriteringar og best mogleg løysing for vidare bruk. Vurdera å søka RFK om midlar.			X
VS	Gamle, verneverdige industribygg – ny bruk.	Utarbeida tilstandsvurdering og moglegheitstudie som grunnlag for prioriteringar. Vurdera å søka RFK om midlar.			x
FM	Kursing av folkevalde og nye saksbehandlarar	Omfattar kulturmiljøplanen sine prioriteringar, offentleg kulturmiljøpolitikk, rådgevingstenester med meir.	x		
FM	Skilt og merking av fornminne, eldre ferdselsårer, verna bygg og kulturmiljø	Utarbeida ein plan for kva som skal skiltast/merkast, samt ein plan for gjennomføring, kostnad og ansvar. Det må utarbeidast ein mal for utforming.			x
FM	Kunnskapsformidling	Det bør, der det er aktuelt, verta vurdert å stilla krav om ein eller fleire informasjonstavler om kulturminna i området i reguleringsplanar.	x		
FM	Kunnskapsformidling	Kvart år leggja inn ein tur gjennom/langs område med kulturminne i det årlege heftet «10 turar i Time».	x		
FM	Digital informasjon om kulturminne og kulturmiljø	Etablere ei kommunal faktaside om kommunen sine kulturminne, for eksempel kor ein finn informasjon i tekst og kart (bygg og område), gamle vegfar som kan nyttast som turvegar, opplysningar om tilskotsordningar mm.		x	



Figur 20: Raunefjell, bruk 4 av Kartavoll, sett mot aust omkring 1910. Sitjande ser me forpaktarparet. Fotograf er ukjend. Kjelde: Jærmuseet.

5. VEDLEGG

Denne planen har følgende vedlegg:

Vedlegg 1: Forslag til retningslinjer for saksbehandling i Time kommune

Vedlegg 2: Oversikt over endringar i temaplanen i høve til Kulturminneplanen 2008-2019

Vedlegg 3: Høgt prioriterte synlege fornminne

Vedlegg 4: Registrerte fornminne langs Orrevassdraget og Håelvvassdraget

Vedlegg 3: Aktørane i kulturmiljøforvaltinga

Vedlegg 4: Definisjonar og ordforklaringar

Vedlegg 5: Tilskotsordningar (per november 2023)

Vedlegg 6: Rammer for planen

Vedlegg 1- Forslag til føresegner og retningslinjer i kommune(del)planar

20.1. Automatisk freda kulturminne (pbl. § 11-9 pkt 7)

- 20.1.1 Før område- og detaljplanar kan verta vedtekne, må kulturminnestyremaktene vurdere om føreslått arealdisponering vil føra med seg konflikt i forhold til automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.

Dette gjeld alle område i kommuneplanen som ikkje tidlegare er frigjevne av kulturminnemynda. Tiltak unnatekne det generelle plankravet skal sendast kulturminnestyremaktene for vurdering i. h. Lov om kulturminne §§ 3, 8 og 9.

Dette gjeld også for tiltak innanfor formåla grønstruktur og LNF. Alle tiltak i sjø og vassdrag skal avklarast med kulturminnestyremaktene, jf. Kulturminnelova §§ 8, 9 og 14. Dette gjeld også for tiltak kor det ikkje er plankrav – som leidningar, akvakultur, mudring, mindre utfyllingar med meir.

20.2 Nyare tids kulturmiljø og kulturminne (pbl §11-9 pkt 7)

- 20.2.1 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Time kommune skal ivaretakast. Kulturmiljøplan for Time kommune skal leggjast til grunn for vurderingar og forvaltning i plan- og byggesaker.

Alle tiltak som kan verka inn på verneverdige eller freda kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap skal sendast på uttale til regional kulturmiljømynde.

- 20.2.2 Bygg, konstruksjonar, anlegg og andre kulturminneobjekt som er vist med omsynssone H570_1 (kulturminne) skal søkast bevart og kan ikkje rivast eller endrast før det føreligg løyve til tiltak eller godkjend reguleringsplan.

- 20.2.3 Kulturmiljø H570_2 (kulturmiljø) skal forvaltast slik at kulturminne, kulturmiljø og den visuelle opplevinga av byrommet eller landskapet dei inngår i, blir oppretthalden. Nye tiltak skal tilpassast og underordnast eksisterande verneverdiar.

- 20.2.4 Ved tiltak på bygg innanfor H570_1 kan det krevjast at takform, fasade, materialbruk og fargar vert oppretthaldne eller tilbakeførte for å ivareta bygget sin verneverdi. Eventuelle tilbygg må tilpassast og underordnast den eksisterande bygningen sine kvalitetar med omsyn til plassering, utforming, storleik, material- og fargebruk. Tilbygg som reduserer eksisterande bygning sin verneverdi skal ikkje tillatast.

- 20.2.5 I planforslag og søknad om byggeløyve skal kulturminne og kulturmiljø dokumenterast, og det skal visast korleis viktige kulturminneinteresser blir ivaretekne.

- 20.2.6 For å ivareta verdiane til kulturminne og kulturmiljø kan krav til uteareal og parkering fråvikast, dersom dette blir vurdert å vera naudsynt.

32 Retningslinjer for omsynssone H570, Bevaring kulturmiljø (pbl. §11- 8 pkt. c)

H570_1 (Kulturminne) og H570_2 (Kulturmiljø)

For område og bygg vist med omsynssone H570_1 og H570_2 skal det takast særleg omsyn til bevaring av kulturminne- og kulturmiljøverdiar. Dette inneber at kulturminne og kulturmiljø blir sikra og ivaretatt og at deira særpreg og eigenart blir oppretthaldne. Ved

tiltak kan det i naudsynt grad setjast krav om tilbakeføring.

Nye tiltak skal plasserast og utformast slik at viktige element i eksisterande gate- og bygningsstruktur og landskapsformer blir ivaretekne, og gode overgangar blir sikra. Karakteren til miljøet innanfor den einskilde omsynssona skal vera retningsgjevande for byggehøgd, volum, utforming, materialbruk og fargar.

Lokaltypisk vegetasjon, gamle markante tre og gamle steingjerde skal bevarast som del av det heilskaplege miljøet.

Retningslinjer Kulturlandskap av nasjonal verdi (H570_3)

Kulturlandskapa av nasjonal verdi skal takast vare på. Det skal leggast spesielt vekt på å oppretthalda landskapa ved planlegging og gjennomføring av byggetiltak. Nye tiltak skal lokalisert og utformast slik at karakteren til kulturlandskapet med gardsbusetnad vert oppretthalden.

Heilskapleg omsyn og karakteristiske trekk i kulturlandskapet, som topografi, trerekker, vegfar, bruer, landskapsrom, vegetasjon, steingardar og liknande skal takast vare på.

Tiltak må verta utforma og plasserte på ein måte som ikkje gir oppstykking og fragmentering av kulturlandskapa.

Område med heimel i Kulturminnelova H730 (bandlegging etter andre lover) pbl 11-8 d)

KPA 33.7

Det er ikkje tillate å utføra tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå Kulturminnestyremakta, jf. Kulturminnelova §§3 og 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor område viste som utbyggingsområde skal, med tilstrekkeleg vernesone, jf. Kulturminnelova § 6, søkjast bevarte gjennom omsynssoneregulering i kombinasjon med grønstruktur.

Føresegner og retningslinjer til formål LNF

Kap 23 (føresegner og retningslinjer til arealformål LNF) (pbl §11-7. pkt 5)

23. xx Ved plassering av nye tiltak skal det takast omsyn til landbruk, natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.

Ved søknad om riving av steingardar vert det i utgangspunktet ikkje gitt løyve for skiftegardar og steingardar der arealet på teigen er større enn 20 dekar; doble steingardar og steingardar som inngår i større kulturmiljø mellom ulike type areal, og godt synlege steingardar, t.d. langs hovudveggar

Retningslinjer

I LNF-område skal ein søka å lokalisera og utforma alle tiltak, også nye driftsbygningar og bustader, med respekt for lokal byggeskikk, slik at gardsbusetnaden sin struktur og landskapet sitt karakter vert oppretthaldne. Karakteristiske trekk i kulturlandskapet, som terreng, topografi, trerekker, vegfar, bruer, landskapsrom, vegetasjon, steingardar og liknande bør ivaretakast .

Lagring, rigging, massedeponering og anna bruk av ubyggd areal vert ikkje tillate når dette

ikkje er i tråd med intensjonen til kulturmiljøplanen.

Vedlegg 2: Oversikt endringar i Kulturmiljøplanen i høve til Kulturminneplan
2008-2019

Kulturminneobjekt som er tatt ut av Kulturminneplanen 2008-2019

Identitet Kulturminneplan 2008-2019	Objekt	Gnr./Bnr.	Grunngjeving
17.	Lite jærhus ved Tjålandsvatnet	49/2	Fått rivningsløyve på grunn av svært dårleg tilstand. Vurdert å vera umogleg å restaurera.
34.	«Sørli»	1/189, Øgårdsbakken, Bryne sentrum	Gjennom regulering gitt aksept for rivning (plan 0507.00)
40.	«Bolmehuset»	1/241 og 1/258 Storgata 41, Bryne sentrum	Gjennom plan 0427.00 (ingen omsynssone) og KDP Bryne sentrum 2015- 2026 (ikkje med på temakart 10) gitt aksept for rivning
55.4	Trafo	13/5 Garborgvegen 293	Fått rivningsløyve
63.	Industribygg Kverneland fabrikk	Kvernelandsvegen 63, Kverneland	Brann ned

Nye objekt som er tatt inn i Kulturmiljøplanen

Tema	Gnr./Bnr.	Adresse	Merknad
Kyrkjer mm.			
Undheim kyrkje	46/223	Bruavegen 2, Undheim	
Bryne kyrkje	1/571	Brynevegen 9, Bryne	
Samfunnsinstitusjonar			
«Klokkargarden»	17/26	Vestlyvegen 6, Vestly	
«Sollyset» (Frelsesarmeen)	1/131	Meierigata 8, Bryne sentrum	
Hognestad gamle skule	9/25,40	Hågenholen 1, Hognestad	
Bryne skule	1/193	Ola Barkveds veg 16, Bryne	Bryne skule er i plan 0461.00 vist med omsynssone Bevaring Kulturmiljø. Inngår i Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035.
Bustader i LNF og jærhus			
Jærhus «Raunefjell»	51/4	Buevegen 1206, Undheim	Under restaurering (2025)
Jærhus på Herigstad	11/2	Herigstadvegen 67, Hognestad	Ikkje nytt, men løfta fram til høgt prioritert
Jærhus på Tunheim	54/115	Tunheimvegen 20, Undheim	
Samferdsel			
Vasstårn ved Bryne stasjon	1/646,	Bryne stasjonsområdet	Einaste attverande, derfor viktig. Må avtalast med eigar.
Midgardsormen bru			

Næring, industri og vassdrag			
Trafo Herigstad	11/20	Herigstadvegen 98, Hognestad	
Trafo Løge	16/2	Løgevegen/Timevegen	
Trafo Årrestad	55/24	Sælandsvegen 727, Undheim	
Stavanger Aftenblad-bygget	1/654	Storgata 27A, Bryne sentrum	
Bustader			
Direktørbustad	28/783	Hauabakkvegen 6, Kvernaland	
«Sagatun»	2/42	Arne Garborgs veg 62, Bryne	
Torget 5	1/199 og 1/275	Torget 5, Bryne sentrum	
Funkis bustad	1/437	Kvernhusbakken 9, Bryne sentrum	

Vedlegg 3: Høgt prioriterte synlege fornminne i Time

Tabellen under er henta frå Kulturminneplan 2008-2019. Tabellen er ikkje oppdatert.

	Namn/område	Omtale av område/funnet	Prior.
V1	Ree, gnr. 3	Gardsanlegg på Hanaland, 5 gravhaugar, blant andre "Trollhauen" og "Ramshau". 514 F6-R4, 5, 9, 10, 11, 12	1
V2	Sæland, gnr. 37	Gardsanlegg på Lyngaland, hustuft, 2 gravrøyser. 514 C14-R1, 5, 6, 20	1
V3	Kalberg N, gnr. 30	Gardsanlegg, gravrøyser (av desse 9 på "Kvednaheiå") gravhaug. 514 C14-R1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12	2
V4	Åsland, gnr. 31	4 gravrøyser, av desse ei kalla "Tinghau" og ei "Skyttarhau", bygdeborg på Åslandsnuten. 514 C14-R21, 22, 23, 24	2
V5	Frøyland, gnr. 28	Gravfelt, rydningsrøyser, høystakktuft. 514 D14-R4	2
V6	Fjermestad, gnr. 32	Gravrøys kalla "Hauen". 514 D16-R3	2
V7	Fjermestad, gnr. 32	Gardsanlegg på "Storeklubb". 413 D16-R7	2
V8	Fjermestad, gnr. 32/ Bærland gnr. 6 i Gjesdal	Gardsanlegg på Røyseland. 514 D17-R1	2
V9	Bryne, gnr. 1	2 gravhaugar, den største vert kalla "Varen". 514 E10-R20	2
V10	Bryne, gnr. 1	Gardsanlegg- 514 E10-R24	2
V11	Norheim, gnr. 19	Gardsanlegg. 514 E12-R6	2
V12	Serigstad, gnr. 20	Gardsanlegg 514 E12-R25	2
V13	Ree, gnr. 3	3 gravhaugar/røyser, blant andre "Steinhau" og "Eidelhau". 514 F6-R6, 7, 8	2
V14	Line, gnr. 5	2 gravhaugar kalla "Grønhau" og "Kyrkjehau". 514 F6-R16, 17	2
V15	Auglend, gnr. 10	Helleristningsfelt. 514 F8-R1	2
V16	Løge Ø & V, gnr. 14-15	Gardsanlegg, 11 gravrøyser, blant andre "Pigghau" og "Ljoshau". 514 F10-R1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9	2
V17	Oma store, gnr. 13	4 gravrøyser 514 F10-R10	2
V18	Skrudland, gnr. 16	Gravrøys og gravhaug. 514 F10-R11, 12	2
V19	Vestly, gnr. 22	Gravfelt, gravhaugar, blant andre "Olshau", gardfar. 514 F10-R14, 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33, 38	2
V20	Vestly, gnr. 22/ Holen, gnr. 21	Gravhaugar, gravrøyser 514 F10-R16, 17, 18, 19, 35, 36, 37	2
V21	Lye, gnr. 23	Gravfelt, gravhaugar, blant andre "Tingvollen", tufter, gardfar. 514 F10-R20, 21, 22, 23, 24, 25, 26	2
V22	Salen, gnr. 34	Gardsanlegg. 514 F12-R6	2
V23	Sæland, gnr. 43/ Taksdal, gnr. 44	2 gardsanlegg. 514 F14-R1, 2	2
V24	Hadland, gnr. 37	Gravhaugar, hustuft. 514 F14-R13, 14, 15, 16, 17	2

V25	Eikeland, gnr. 38	Gravhaug. 514 F16-R2	2
V26	Eikeland, gnr. 38	Gardsanlegg. 514 F16-R4	2
V27	Sæland, gnr. 43	13 gravhaugar, blant andre "Lighauane", "Århauane", "Kreglinghau", "Trollhau" og "Steinhau". Steinlegging, 2 hustufter. 514 F16-R13, 14, 15, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 24, 25	2
V28	Sæland, gnr. 43	2 hustufter, "Håvodl". 514 F16-R16	2
V29	Haugland N, gnr. 7	Gravhaug. 514 G6-R2	2
V30	Haugland N, gnr. 7	2 gravhaugar. 514 G6-R4, 5	2
V31	Haugland Ø, gnr. 8	Gravhaugar blant andre "Kyrkjeholen" og "Fladhau". Ei gravrøys kalla "Høgstihau". 514 G8-R3, 4, 5, 6, 7	2
V32	Haugland Ø, gnr. 8	Gravfelt, 2 gravhaugar, gardfar. 514 G8-R8, 9	2
V33	Hognestad gnr. 8/ Oma, gnr. 13	Gravhaugar, gravrøysar, høystakktufter, gardfar, rydningsrøysar. 514 G8-R12, 13, 14, 15, 23, 24	2
V34	Hognestad, gnr. 9	3 gravhaugar, blant andre "Skjevarshauen" og "Eplehauen". 514 G8-R16, 17, 18	2
V35	Oma, gnr. 13	3 gravhaugar, ein kalla "Lunnarhau". 514 G10-R2, 3, 4	2
V36	Mossige, gnr. 60	Gravhaugar, hustuft, steinlegging. Ein gravhaug og steinlegging på "Rudlå". 514 G10-R9, 10, 11, 12	2
V37	Fosse, gnr. 59	7 gravhaugar. 514 G10-R13, 14	2
V38	Lende, gnr. 56	Gravfelt, gravhaug og steinlegging på "Laudaberje". 514 G12-R1, 2	2
V39	Mossige, gnr. 60	Gardsanlegg. 514 G12-R4	2
V40	Mauland, gnr. 63	Gravrøys. 514 H8-R1	2
V41	Mauland, gnr. 63	Gardsanlegg. 514 H8-R7, X16, 17	2
V42	Tunheim, gnr. 54/ Risa, gnr. 31 i Hå	Gardsanlegg på "Nubbetuptene". 514 H11-R1	2
V43	Garborg, gnr. 62/ Risa gnr. 31 i Hå/ Gausland, gnr. 29 i Hå	2 gardsanlegg, 3 på Vedle. 2 gravhaugar. 514 H11-R6, 13, 15	2
V44	Tunheim, gnr. 54	Gardsanlegg på "Rigjere". 514 H13-R4	2
V45	Tunheim, gnr. 54	Gardsanlegg på "Torrhodl". 514 H13-R6	2
V46	Tunheim, gnr. 54	Gardsanlegg på "Bjønnhodl". 514 H13-R7	2
V47	Undheim, gnr. 46	Gardsanlegg på "Freistadbakkjen". 514 J14-R1	2

Kjelde: «Verneverdige område i Jærregionen». Regionplankontoret 1977.

Vedlegg 4: Registrerte kulturminne langs Orrevassdraget og Håelvassdraget

Tabellane under er henta frå Kulturminneplan 2008-2019 og er ikkje reviderte.

Kulturminne langs Orrevassdraget i Time (etter Aksjon Jærvassdragrapport nr 9 1996 pluss enkelte brunnregistreringar).

AJV-NR	Gardsnamn	Gnr./Bnr.	Kulturminne	Øk-kart
1121001030	Bryne	1/125	Høystakktuft	AK 018-5-3
	Norheim	19/1	Brunn 17 m, bygd ca. 1833, samt mindre brunn	
1121020004	Serigstad	20/7, 10	Naust	AK 018-5-4
1121020005	Serigstad	20/12	Nausttuft	AK 018-5-4
1121020006	Serigstad	20/13	Kvernhus	AK 018-5-4
	Njå	24/22	Brunn	
1121024002	Njå	24/7	Nausttuft	AK 018-5-2
1121026001	Netland	26/3	Høystakktuft	AK 018-5-2
1121028003	Frøyland	28/2	Kvernhus med trase	AK 019-5-3
1121028005	Frøyland	28/9	Demning med trase	AK 019-5-3
1121028006	Frøyland	28/9	4 hustufter	AK 019-5-3
1121029003	Søra Kalberg	29/1	Steinbru	AL 019-5-3
1121029004	Søra Kalberg	29/1	Steinbru	AL 019-5-3
1121029005	Søra Kalberg	29/1	Kvernhus	AL 019-5-3
1121029006	Søra Kalberg	29/1	Danseplass	AL 019-5-3
1121032002	Fjermestad	32/2	Ruin etter kvernhus	AL 018-5-2
1121032003	Fjermestad	32/2	Bru	AL 018-5-2
1121032004	Fjermestad	32/3,4	Stem	AL 018-5-2

Kulturminne langs Håvassdraget i Time (etter kommunal registrering 1995 til fleirbruksplan for Håelva pluss enkelte andre registreringar):

K-nr 1995	Gardsnamn	Gnr./Bnr.	Kulturminne
57	Haugland	7/11,15,16	Gangsteinar
58	Haugland	7/11,15,16	Ruin, kvernhus
	Haugland	7/29	Brunn i hagen, 3
61	Haugland	8/10,11,14	Bru
64	Hognestad	9/7	Ruin etter kverner/ tørke/slipefall
66	Hognestad	9/7	Ruin etter kvernhus
67	Grødem-Hognestad	64/12,13	Planke over elva
70	Grødem	64/5	Ruin etter kvernhus
71	Grødem	12/1,2	Ruin etter kvernhus
73	Oma	12/1,2	Ruin etter kvernhus/tørke/ Ombygd vasshjul
74	Fosse	59/8	Ruin etter vadmålsstampe
75	Oma	12/1,2	Ruin etter 2 kvernhus

76	Fosse – Oma	12/1,2, 13/1 og 59/8	Fosse bru
78	Fosse	59/8	Ruin etter 2 kvernhus
79	Fosse	59/9	Spor etter turke
83	Fosse	59/9	Ruin etter kvernhus
84	Fosse	59/8	”Polkhus”. Overnattingsstad
88	Skrudland	16/7	Ruin etter 2 kvernhus
91	Skrudland - Fotland	16/7 og 58/9	Fotland bru
92	Skrudland	16/1,2,3,4,5	Steindemning og kanal
93	Fotland – Skrudland	16/1 og 58/1	Gangsteinar
94	Vestly	16/4	Ruinar etter 2 kvernhus
95	Garpestad	57/2	Ruinar etter kvernhus
96	Høyland	35/3	Ruinar etter kvernhus/ elektrisitetsverk
99	Høyland – Garpestad	35/1 og 57/1	Vad og planke
100	Garpestad	57/1	Ruin etter kvernhus/el-verk
102	Salen	34/1	Ruinar etter kvernhus og slipefall
104	Hadland	37/3	Fangstanlegg for fisk, og kvernkanal
105	Hadland	37/2	Ruin etter kvernhus
106	Taksdal		Ruin etter kvernhus
107	Taksdal		Ruin etter kvernhus
108	Taksdal	44/2,3,9,10,11	Gammal bru over tidlegare elfefar
109	Taksdal	44/2,3	Ruin etter kvernhus
112	Taksdal – Litla Undheim	44/7 og 45/3	Bru/planke
113	Litla Undheim	45/5	Produksjonsstad for kiselgur i 1930-åra
117	Litla Undheim	45/4	Ruin etter kvernhus
118	Litla Undheim – Årrestad	45/7 og 55/15	Vad og gangsteinar ”Skårlandsvadet”
	Årrestad	55/18	Brunn ca. 10 m djup, attfylt. Graven av Arne Martinsen
119	Årrestad	55/14	Kanal til planlagt teglverk
	Undheim	46/17	Brunnen til Nordhus fram til ca. 1962
121	Undheim	46/18	Ruin etter kvernhus
127	Undheim	46/56,72	Steinkvelvbru bygd 1901
128	Undheim	46/16	Stem i elva og kanal til Undheim elverk frå 1931. Ruinar etter kverner
129	Undheim	46/6	Restar etter skyttarlagsanlegg
131	Undheim	46/15	Ruin etter kvernhus
132	Undheim	46/16	Klopp
133	Undheim	47/1,2,6,8,12	Ålekjer
134	Undheim	47/1,2,6,8	Slipesteinsfall
135	Undheim	47/1,2,6,8,9	Ålekjer

136	Undheim	47/9,13	Ålekjer
137	Undheim	47/1,2,6,8	Ålekjer
	Undheim	46/17	Brunn. 10 m. Graven av Torger på Slettene
140	Tjåland	46/7,9	Kvernhus og tørke, manglar tak
142	Tjåland	46/54	Ruin etter kvernhus
	Tjåland	49/13	Brunn. 10 m. Bygd 1910. Graven av Ola Tjåland
144	Kartavoll	51/1,14	Ruin etter kvernhus
147	Kartavoll	51/1,14	Demningsanlegg (bygd 1913-15)
149	Kartavoll	51/5	Ruin etter kvernhus
150	Mellomstrand	50/2	Ålekjer
151	Mellomstrand	51/4	Ålekjer
152	Mellomstrand	51/4	Vad
153	Mellomstrand	51/4	Kyrkjevegen for Mellemstrand fram til ca. 1880-åra
154	Mellomstrand	51/4	Nedlagt vegstykke
	Mellomstrand	50/2	Ruin etter kvernhus
	Mellomstrand	50/2	Restar
	Mellomstrand	50/1,6	Ruin etter kvernhus
155	Hadland	37/2	Kvernstem
156	Hadland	37/2	Ruin etter kvernhus
157	Sæland	43/7,9	Ruin etter kvernhus
158	Sæland	43/7,9	Ruin etter kvernhus
161	Sæland	43/7,9	Ruin etter fjøs
162	Sæland	43/7,9	Grisehus. Bygd i tida 1800-99.
163	Sæland	43/7,9	Uthus. Bygd ca. 1850
164	Sæland	43/7,9	Fjøs. Bygd 1825
166	Sæland	42/1	Ruin etter stem og kvernhus
168	Eikeland	40/1,2,3	Spor etter vasshjul
169	Eikeland	40/1,2,3	Spor etter trøskjehus
170	Eikeland	38/1,33	Ruin etter kvernhus
171	Eikeland	38/1,33	Ruin etter kvernhus
173	Eikeland	38/19	Ruin etter kvernhus
174	Eikeland	38/19	Spor etter vasshjul og trøskjeverk
175	Eikeland	38/19	Ruin etter kvern og tørke
176	Eikeland	39/5,7,18	Ålekjer
177	Eikeland	39/2,4,10,12,13	Kverndam
180	Sæland/Bjødnaia	45/11	Ruin etter gardsbruk
181	Sæland/Skogen	41/1	Ruin etter gardshus. Bygd 1854, fråflytta 1900
182	Sæland/Skogen	41/1	Ruin etter kvernhus
184	Snørestad	47/4,5,10	Inngjerding sauegjæting
185	Mauland	63/5	Planke over Tverråna
186	Mauland	63/7	Vad

187	Mauland	63/1,2	Gangsteinar, vad og planke. Kyrkjeveg Mauland-Grødem- Oma-Løge-Time
188	Mauland	63/2	Ruin etter kvernhus og tørke
189	Garborg	62/9	Ruin etter kvernhusdam
191	Garborg		Kopargruva Garborgåsen (start 1775, periodevis i drift til ca. 1880)
192	Garborg	62/5	Spor etter trøskjefall
193	Garborg	62/6	Vatningsdammar
	Mossige	60/5	Brunn 8 m. Bygd 1917
194	Mossige	60/2	Ruinar etter 3 kvernhus og ein kverndam
196	Mossige	60/4	Gamle husmurar
197	Mossige	60/1	Stem i bekken (ukjend bruk)
198	Mossige	60/11	Husrestar (ukjend bruk)
199	Tjensvoll	61/2	Ruinar etter 2 kvernhus
200	Tunheim	54/8	Smie (tak borte)
201	Tunheim	54/8	Ruinar etter trøskjefall
202	Tunheim	54/12	Hus brukt til desinfeksjon av klede
203	Tunheim	54/12	Ruinar etter kvernhus
204	Helland	52/1	Ruin etter kvernhus
206	Sikvaland	48/1	Ruin etter kvernhus
207	Sikvaland	48/1	Kvernhus (tak borte)

Vedlegg 5: Aktørane i kulturmiljøforvaltinga

Miljøverndepartementet (MD) formar ut den nasjonale kulturmiljøpolitikken, og har det overordna ansvaret for kulturmiljøvernet. Det er òg departementet som treffer endeleg avgjerd i plansaker der det er motsegn, og er klageinstans i saker der Riksantikvaren gjer vedtak etter Kulturminnelova. MD har ei eiga kulturmiljøavdeling som arbeider med slike saker.

Riksantikvaren har som direktorat for kulturmiljøforvalting under MD ansvar for gjennomføringa av den nasjonale kulturmiljøpolitikken. Riksantikvaren er rådgjevar for MD, er utøvande instans innanfor fagfeltet og vedtar fredingar. Direktoratet skal leggja til rette for at kommunen innarbeider kulturminneinteressene i sine planar og forvaltar kulturminne, kulturmiljø og landskap som viktige ressursar og miljøelement.

Riksantikvaren kan i enkelte tilfelle fremja motsegn dersom nasjonale kulturminneinteresser er trua, og direktoratet er klageinstans i saker der den regionale forvaltinga fattar vedtak etter Kulturminnelova.

Fylkeskommunen har ulike rollar knytte til kulturmiljøfeltet, som kulturmiljøstyremakt, planmynde og regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen er delegert kulturmiljømynde på regionalt nivå, og varetek dei samla verneinteressene knytt til kulturminne i plan- og utbyggingssaker. Fylkeskommunen har avgjerdsrett i saker som angår fleire kulturminne, den fører tilsyn med freda kulturminne, kan foreta mellombels freding etter Kulturminnelova, og kan reisa motsegn mot planar etter Plan- og bygningslova.

Fylkeskommunen deltek i kommunen si planlegging med rettleiing, kulturmiljøfaglege innspel, vurderingar og utsegner til planforslag. Dersom planforslag truar regionale og nasjonale kulturmiljøinteresser skal regional kulturmiljøforvalting fremja motsegn, eller varsle Riksantikvaren i dei tilfella der nasjonale kulturmiljøinteresser er trua.

Sametinget er ein del av den regionale kulturmiljøforvaltinga og har ansvar for alle samiske kulturminne. Sametinget er delegert kulturminnemynde etter Kulturminnelova.

Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger har ansvaret for vitenskaplege undersøking av freda fornminne i Rogaland, med unntak av kulturminne frå mellomalderen og i sjø og vatn. Det gir vurderingar og tilrådingar til Riksantikvaren i forbindelse med søknad om dispensasjon frå Kulturminnelova for arkeologiske kulturminne.

Stavanger maritime museum (MUST) er eitt av fem museum i Noreg som har forvaltingsansvar for kulturminne under vatn. Det gir vurderingar og tilrådingar til Riksantikvaren i forbindelse med søknad om dispensasjon frå Kulturminnelova for skipsfunn med meir.

Kommunen er plan- og bygningsstyremakt og dermed ansvarleg for at nødvendig arealplanlegging finn stad, irekna at kulturminneinteresser vert innarbeidd i planane. Kommunen er i førstelinja og skal sørgja for at lovfesta og tilfredsstillande samarbeid med kulturminneforvaltinga finn stad. Kommunen skal handheva vedtekne planar. Somme kommunar har egne tilsette som arbeider med kulturminne.

Statsforvaltaren i Rogaland fører tilsyn med at kommunen overheld reglane i Plan- og bygningslova og at regionale og statlege fagstyremakter, under dette kulturmiljøforvaltinga, medverkar i planarbeidet i kommunen. Dersom det er reist motsegn, har Statsforvaltaren ansvaret for eventuell meklung. Statsforvaltaren er også klagestyremakt for kommunale enkeltvedtak med omsyn til reguleringsplanar, samt i bygge- og delingssaker. Vidare har Statsforvaltaren også motsegnsstyremakt når det gjeld

landskapsomsyn.

Fylkesmusea i Rogaland, og lokale museum kan bidra med informasjon, innspel, lokal kompetanse og formidling som gjeld kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Norsk institutt for kulturmiljøforskning (NIKU) er eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter innan kulturminneforskning. NIKU utfører oppdrag for mellom anna nasjonal og regional kulturmiljøstyremakt.

Interesseorganisasjonar og historielag varetek kulturminneinteresser på vegne av lokalsamfunnet og folk flest. Dei kan gje innspel til planarbeid, delta i høyringar som gjeld plansaker og drive informasjonsarbeid. Dei kan sjølv fremja planforslag og klager på reguleringsplanvedtak og vedtak i byggesaker.

Eigarane av kulturminna er den viktigaste ressursen for eit godt kulturminnevern. Eigar har eit formelt ansvar i samsvar med krava i lov og forskrifter, både etter Plan- og bygningslova og Kulturminnelova.

Vedlegg 6: Definisjonar og ordforklaringar

Askeladden/ Kulturminnesøk: Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Deler av databasen Askeladden er gjort ålment tilgjengeleg for publikum gjennom nettstaden kulturminnesøk. Her kan publikum registrera nye kulturminne, uavhengig om dei er freda ved lov eller ikkje.

Autentisitet: Autentisitet vert brukt om kor opphavlege/bevarte objekta er. Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

Arkeologiske kulturminne er fysiske spor og leivningar etter tidlegare tiders liv og verksemd, der utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av samfunnet i fortida. Arkeologiske kulturminne kan vera spor heilt fram til vår tid, som for eksempel krigsminne frå 2. verdskrig.

Automatisk freda kulturminne: Kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537) og bygningar eldre enn 1650 er automatisk freda etter Kulturminnelova (KML). Det same gjeld samiske kulturminne og skipsfunn viss desse er eldre enn hundre år. Skipsfunn eldre enn hundre år, der det ikkje finst nokon eigar, er staten sin eigedom. På Svalbard er alle spor etter menneskeleg verksemd frå før 1946 automatisk freda, i samsvar med forskrift for kulturminne på Svalbard. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne.

BARK: Riksantikvarens bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne.

BERG: Riksantikvarens bevaringsprogram for bergkunst.

Bergkunst: Bergkunst er bilete og symbol som er hogne, slitte eller måla på berg. Bergkunst finn me i Noreg som helleristningar, slitte bergbilde, holemåleri eller hellemåleri.

Byggeskikk: Bygningar si utforming og plassering i forhold til kvarandre og i landskapet. Byggeskikken vart mellom anna påverka av naturforhold, sosiale forhold og impulsar utanfrå, og omfattar materialbruk, handverksteknikkar, dimensjonar og proporsjonar, uavhengig av stiluttrykk. Byggeskikken har tradisjonelt endra seg mykje langsamare enn byggestilen.

Dispensasjon: Ein dispensasjon betyr fritak frå i eit enkelt tilfelle av å følgja ei lov, eit vedtak eller ei forskrift. Innan kulturminneforvaltinga inneber dette 1) dispensasjon frå automatisk freding, dvs. at det vert tillate inngrep i eller ved det automatisk freda kulturminnet, eller 2) dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. at det vert gjort unntak frå fredinga for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet, eller 3) dispensasjon frå vern gjennom Plan- og bygningslova, dvs. at kommunane gjer unntak frå planreglar om vern.

Faste kulturminne er stadbundne, for eksempel gravhaugar, bygningar og bruer, til forskjell frå eksempelvis pilspissar, fartøy, rullande materiell og møblar.

Forskriftsfreda kulturminne: Nemninga vert brukt om vedtaksfreda bygningar eller anlegg, i statleg eige på fredingstidspunktet, og som er freda ved forskrift etter Kulturminnelova § 22a.

Freda: Omgrepet vert bare brukt om kulturminne som er freda (gitt strengaste vern) etter Kulturminnelova, eller om område freda etter naturmangfaldlova. Enkeltojekt som bygningar kan fredast ved enkeltvedtak etter Kulturminnelova § 15, område rundt eit freda kulturminne etter §19. Kulturmiljø av internasjonal, nasjonal og regional verdi kan

fredast med medhald i Kulturminnelova § 20. Freding etter Kulturminnelova inneber innskrenka råderett. Meirkostnadar som følgje av sikring og istandsetting kan søkast heilt eller delvis dekte av antikvarisk styremakt. Slikt arbeid kan påleggast eigar etter Kulturminnelova § 17.

Immaterielt kulturminnevern: Med immaterielle kulturminne forstår me verdier som ikkje kan dokumenterast gjennom gjenstandar. Munnleg tradisjonsstoff som eventyr, fortellingar og segner er eksempel på immaterielle kulturminne. Musikk, stadnamn og «manns minne» er andre eksempel. Notat av tradisjonsstoff skjer i stor grad i regi av universiteta eller av musea. Her er det etablert faste rutinar for arkivering til Nasjonalbiblioteket, Riksarkivet og Statsarkiva.

Istandsetting: Istandsetting er eit reparasjonsarbeid for å bringa ein bygning, deler av ein bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at bare løpande vedlikehald vil vera nødvendig seinare. Ei antikvarisk istandsetting inneber at reparasjonen vert basert på bruk av materiale og teknikkar tilpassa eigenarten til bygningen eller anlegget.

Kopiering: Laga nye deler ved hjelp av handverksteknikkar, materiale og mål nøyaktig tilsvarande dei som er nytta på originalen.

Kulturarv: Kulturarv vert brukt som samleomgrep for materiell og immateriell kultur. Nemninga kulturarv vert særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, Arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Kulturlandskap: Ein brei definisjon av omgrepet kulturlandskap er: «Det menneskeomforma eller menneskepåverka landskapet».

KULA: Gjennom prosjektet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) vel Riksantikvaren ut nasjonalt viktige landskap over heile landet. Dette vert gjort i samarbeid med regional kulturminneforvalting, med involvering av kommunane. Oppføring i KULA-registeret inneber ikkje formelt vern, men fastslår at området har store kulturhistoriske verdier som det bør takast vare på for framtida. Det er laga ein rettleiar (2021) om KULA retta mot kommunal og regional forvalting for at dei skal bidra til å vareta desse områda. Rettleiaren gir informasjon korleis landskapa bør forvaltast gjennom arealplanlegging og andre verkemiddel.

Kulturmiljø: Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng, for eksempel bygningsmiljø i byar og tettstader og jord-, skog- og seterlandskap. Omgrepet omfattar alle grader av kulturpåverknad, også landskapssamanhengar det knyter seg hendingar, tru og tradisjon til.

Kulturminne: Med kulturminne siktar ein til alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet vårt, irekna lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Kulturmiljøfagleg kompetanse: Kompetanse om kulturminne og kulturmiljø og korleis dei skal bevarast og forvaltast som del av ei samfunnsmessig utvikling. Vanleg fagbakgrunn eller fagkombinasjonar er arkeologi, kunst- og kulturhistorie, sivilarkitekt, planfagleg eller konservatorutdanning. Handverkarar med spesialkompetanse utgjer ein sentral kompetanse i bevaringsarbeid.

Listeført: Kyrkjer frå før 1850 og ein del utvalde nyare kyrkjer har ein eigen vernestatus – dei er «listeførde». Dette betyr at dei finst på ei eiga, statleg liste, og i

kyrkjelova og kyrkjerundskrivet er det eigne reglar for forvaltinga av desse kyrkjene. Riksantikvaren skal inn i dei fleste typar saker. Kyrkjer som er frå før 1650 er i tillegg automatisk freda (sjå dette).

Lause kulturminne: Lause kulturminne er kulturminne som ikkje er bakkefaste, for eksempel bilar, båtar og reiskapar. Sjå også «Faste kulturminne».

Midlertidig freding: Vert nytta dersom eit kulturminne eller eit kulturmiljø er trua, og der det er behov for å vurdera verneverdien med tanke på permanent freding.

Miljøovervaking: Miljøovervaking er ei systematisk innsamling av data ved hjelp av metodar som kan etterprøvast, som baserer seg på hypotesar om samanhengen mellom årsak og verknad. Overvakinga omfattar både påverking, effektar og miljøtilstand. Målet er å dokumentera miljøtilstanden og utviklinga av denne.

Motsegn: Riksantikvaren, fylkeskommunane, Sametinget og ei rekkje andre styremakter kan fremja motsegn, det vil seia ein protest eller innvending mot forslag til arealplanar etter Plan- og bygningslova. Så lenge det ligg ei motsegn, kan kommunen ikkje vedta planen endeleg.

NB! Registeret: Database som omfattar byar og tettstader i Noreg med historisk viktige kulturmiljø. Registeret skal i første rekke vera eit verktøy for kulturminne- og planforvaltinga på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. Databasen vil òg kunna vera nyttig for aktørar innan eigedomsnæringa som treng informasjon om kulturminneverdiar i bydelar der dei planlegg aktivitet.

Ombygging: Gjennomgripande forandring av form, struktur eller uttrykk, inkluderer ofte standardheving. Ofte lite samsvarande med bevaring av den arkitektoniske eller historiske verdien i bygningen.

Omsynssone bevaring: Reguleringsformål etter Plan- og bygningslova. Regulering som omsynssone bevaring kan mellom anna omfatta objekt og område som er verdfulle i eit lokalt og regionalt perspektiv. Også interiør i verneverdige bygningar kan regulerast til omsynssone bevaring. Omsynssone bevaring etter Plan- og bygningslova § 12-5 nr 5 er også det tilrådde reguleringsformålet for freda kulturminne. Sjå regulering til bevaring.

Regulering til bevaring: Reguleringsformål i den førre Plan- og bygningslova som kan nyttast til å verna bygningar, bygningsmiljø og areal. Reguleringsformålet kunne kombinerast med andre formål. Sjå omsynssone bevaring.

Rehabilitering: Gje tilbake tapt verdigheit ved modernisering/standardheving, med eit visst omsyn til tidlegare kvalitetar.

Restaurering: Inneber ei tilbakeføring til ein tidlegare, dokumentert tilstand med originalmateriale eller kopi. Kulturminneforvaltinga brukar omgrepet om antikvarisk istandsetting og dokumentert tilbakeføring. I daglegtale vert omgrepet brukt i ein vidare forstand og omfattar gjerne fornying og endring av gamle hus.

SEFRAK: Eit nasjonalt bygningsregister, ei forkorting for *Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg*, er det organet som starta registreringane. Registeret skulle innehalda alle bygningar i Noreg bygde før 1900. Mange stader er bygningane også evaluerte med tanke på verneverdi. Registeret vart hovudsakleg utarbeidd mellom 1970- og 1990-talet, men det vart aldri komplett.

Skjøtsel: Med skjøtsel siktar ein til regelmessige vedlikehaldstiltak, for eksempel

vegetasjonspleie, for å vareta eit kulturminne og/eller eit kulturmiljø. Vedlikehald av eventuelle skilt, stiar og rampar inngår også i skjøtelsomgrepet.

Statens kulturhistoriske eigedommar: Administrativt freda kulturminne var utvalde kulturminne som staten eig. Desse var ikkje formelt freda etter Kulturminnelova, men vart frå 1920 føresett behandla som om dei var freda. Lista over administrativt freda kulturminne vart publisert i 1933 og 1934 i Fortidsminneforeininga sine årbøker. Lista har sidan 2005 vore under justering som ein del av prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Administrativt freda objekt skal vurderast av Riksantikvaren ved avhending, og kan fredast ved forskrift (Kulturminnelovas §22a). Sjå forskriftsfreda kulturminne.

Universell utforming: Innan kulturminneforvaltinga inneber universell utforming at kulturminnet vert gjort tilgjengeleg for flest mogleg. Dette inneber tilrettelegging for besøk og/eller formidling av kunnskaps- og opplevingsverdien av kulturminnet på annan måte.

Vedlikehald: Så hyppig pleie at det ikkje oppstår varige skadar.

Verdsarv: Verdsarven er kulturarv og/eller naturarv som er innskriven på UNESCOs verdsarvliste. Verdsarvstadene utgjer ein felles arv som er umisseleg for heile menneskeslekta, på tvers av landegrensene.

Verdiskaping: Verdiskaping i ein brei samanheng karakteriserer korleis kulturarven kan aktiviserast som ressurs i arbeidet med å skapa både økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige verdiar.

Verneverdig: Omgrepet vart brukt om kulturminne og kulturmiljø som det knyter seg kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi til. Omgrepet viser til at kulturminnet bør takast vare på, og gjerne korleis. Dette inneber ikkje at kulturminnet formelt sett er verna gjennom lovverk. Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna, men mange vert likevel tekne vare på fordi dei er oppfatta som verdfulle av eigarar og brukarar. Sjå freda og omsynssone bevaring. Bevaringsverdig er eit anna ord som brukast om verneverdig.

Kjelde: Riksantikvaren og Asplan Viak, Kommunedelplan kulturminner Sola kommune, 2019.

Vedlegg 7: Tilskotsordningar (per november 2023)

Eigarar av verneverdige og freda bygningar, anlegg og kulturmiljø kan søka om tilskot til istandsetting frå fleire instansar, både offentlege og private. Dei ulike instansane opererer med eigne søknadsskjema, krav og søknadsfristar.

Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune brukar søknadssystemet Digisak, sjå meir her:

[Tilskudd - Riksantikvaren](#)

Følgande tilskotsordningar kan søkast til Riksantikvaren via Digisak:

- [Tilskot til freda kulturminne i privat eie \(post 71\)](#), [Tilskudd til fredete kulturminner i privat eie - Riksantikvaren](#)
- Private eigarar av freda kulturminne og kulturmiljø kan søka om tilskot til istandsetting og vedlikehaldstiltak. Tilskotet skal dekkja meirkostnader, heilt eller delvis, som følgje av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel.
- [Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne](#), [Bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne - Riksantikvaren](#)
- Tilskotsordninga skal medverka til å setta i stand og sikra forvaltning, drift og vedlikehald av dei tekniske og industrielle anlegga som er valde ut for spesiell oppfølging.
- Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, [Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet - Riksantikvaren](#)

Kommunen, musea, organisasjonar, bedrifter og privatpersonar kan søka til prosjekter der offentlege og private aktørar inngår forpliktande samarbeid om:

- formidling og tilrettelegging for berekraftig bevaring og bruk
- kompetanseutvikling, nettverk og samarbeid
- nærings-, stads- og lokalsamfunnsutvikling.

Prosjekt som får støtte, skal bidra til at kulturmiljøet får ei tydeleg rolle i lokal og regional utvikling. Søknad om tilskot skal sendast skriftleg til Riksantikvaren på e-post eller brev.

- Norsk kulturminnefond, [Søknad | For deg som skal søke Kulturminnefondet](#)
Kulturminnefondet er ei tilskotsordning for private eigarar av verneverdige (ikkje freda) kulturminne. Det er ingen søknadsfrist og søknadane vert behandla fortløpande. Det kan søkast om tilskot mellom anna til bygningar, anlegg og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, sikringstiltak, fagseminar og formidling.

Fylkeskommunale tilskotsordningar

- [Tilskot til verneverdige bygg og anlegg](#), [Tilskudd til verneverdige bygg og anlegg - Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](#)
- Tilskotsordninga skal bidra til å bevare bygg og anlegg av særleg kultur- og/eller arkitekturhistorisk lokal og regional verdi, og er meint å dekke noko
- av meirkostnadane ved vedlikehold og istandsetting etter antikvariske prinsipp. Søkarar kan vera privatpersonar, stiftingar og styret i organisasjonar. Søknadsfrist er 1. november kvart år.

Kommunale tilskotsordningar

- [SMIL-midlar \(spesielle miljøtiltak i landbruket\)](#), [Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket \(SMIL\) \(landbruksdirektoratet.no\)](#)

Gjeld tilskot til tiltak som fremjar natur- og kulturverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og reduserer forureininga frå jordbruket. Det kan blant anna søkast om midlar til verneverdige bygningar i landbruket, men også skjøtsel av området omkring gravhaugar. SMIL-midlane er avhengig av kommunen sine prioriteringar og tiltaksstrategi. Søknad skal sendast til Time kommune.

Tilskot frå private stiftingar og fond

- [Stiftelsen UNI | Stiftelsen UNI \(stiftelsen-uni.no\)](#)
- Stiftelsen UNI er ei stifting med ideelt formål å fremja allmennyttig verksemd innan skade-

og miljøvern, for med det å bidra til ei trygg utvikling i det norske samfunnet. Bidraget til stiftinga skal i første rekke vera økonomisk støtte til prosjekt og påskjønning til institusjonar og enkeltpersonar.

- Lån i Husbanken
- Husbanken kan gje utbettringslån til bustadhus med antikvarisk verdi. Ved utbettring/rehabilitering av bygningar med antikvarisk og kulturhistorisk verdi, må tiltaka vera i samsvar med tilråding frå ansvarlege myndigheiter. Sjå her: [Lån til å oppgradere eksisterende bolig - Husbanken](#)

Kjelder er oppgitt under kvart punkt.

Vedlegg 8: Rammar for planen

Nasjonale, regionale og lokale mål og føringar.

Regjeringa sitt mål for kulturmiljøpolitikken er mellom anna å sikra eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø som bruksressurs og grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidde, skal gjevast varig vern gjennom freding.

Stortingsmeldingar.

St. meld. nr 16 (2019-2020) om «Nye mål i kulturmiljøpolitikken» presenterer tre nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken, med vekt på engasjement, berekraft og mangfald. Kulturmiljø er eit felles gode og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Den erstattar St.meld. nr 16 (2004-2005) «Leve med kulturminne» og St.meld. 35 «Framtid med fotfeste» (2012-2013). Meldinga er retningsgjevande for kulturminneforvaltinga i Noreg.

Regionale utviklingstrekk i Rogaland, Rogaland fylkeskommune (2022) omstiller for ei meir berekraftig retning, òg der me får andre bein å stå på i forhold til kva me skal leva av.

Samtidig vert befolkninga eldre og dei sosiale forskjellane aukar. Dette understrekar viktigheita av ikkje bare miljømessig og økonomisk, men også sosial berekraft. I denne samanhengen er FNs berekraftmål relevante. Dei mest sentrale måla er

- Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
- Konkurransedyktig region
- Helsefremjande og inkluderande samfunn
- Attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar

Time kommunes kulturminneplan 2008-2019 *Med fortid og nåtid - inn i framtida.*

Kulturminneplanen gir grunnlag for eit målretta vedlikehald og god informasjon om, og tilrettelegging av, kulturminna. Ved dette ønsker ein å arbeida for auka kunnskap om, og positive haldningar til, kulturarven. Fagleg forsvarleg forvalting av eit breitt utval av faste kulturminne i kommunen er ei overordna målsetting.

Planen handlar i hovudsak om faste kulturminne frå nyare og eldre tid, og kommunen sitt ansvar for forvalting av desse.

Lovverket

Nasjonale mål for arbeidet med vern av kulturminne er nedfelt i ei rekke lover, rundskriv, utgreiingar, stortingsproposisjonar og stortingsmeldingar, og dessutan statlege planretningslinjer. Kulturminnelova og Plan- og bygningslova står i ein overordna posisjon.

I samsvar med gjeldande forskrifter til lov om kulturminne (Kulturminnelova) er fylkeskommunen delegert det statlege ansvaret for å vareta dei samla verneinteressene knytt til kulturminne i plan- og byggesaker i fylket. Dette vert gjort ved å gje uttale til alle typar utbyggingssaker, i mange tilfelle etter synfaringar og registreringar. Delegeringa gir eit spesielt ansvar for både automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

Fylkeskommunen skal gje uttale til følgjande planar og tiltak etter Plan- og bygningslova: kommuneplanar og -delplanar, konsekvensutgreiingar, konsesjonssøknadar, reguleringsplanar (områderegulering og detaljregulering) og søknadar om dispensasjon.

Kulturminnelova (kml)

Verksemda til kulturminnevern knytt til vern og forvalting av kulturminne og kulturmiljø er først og fremst regulert etter Kulturminnelova, som er ei særlov. Det inneber at formålet med Kulturminnelova skal vega tyngst når det vert fatta vedtak etter anna lov som gjeld kulturminne. Det sterkaste verkemiddelet lova gir, er freding; anten direkte gjennom lova (automatisk freda

kulturminne) eller gjennom vedtak eller forskrift. Kulturminnelova legg slike føringar for forvaltning av freda kulturminne og bygningar eldre enn 1850. Alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda. Bygningar eldre enn 1650 kan vedtakast automatisk freda av Riksantikvaren. Kulturminne yngre enn 1536 kan vedtaksfredast av Riksantikvaren.

Det er fylkeskommunen som forvaltar Kulturminnelova i første instans. Fylkeskommunen skal elles driva skjøtsel og vedlikehald av automatisk freda kulturminne, med unntak av ruinar og ståande bygningar frå mellomalderen. Det er også fylkeskommunen som har løpande ansvar for å følge opp vedtaksfreda bygningar og anlegg og skal godkjenna tiltak på freda bygningar. Styremakta er avgrensa til å kunna gje dispensasjon for mindre vesentlege endringar. Ved vesentleg endring må saka sendast over til Riksantikvaren. Etter Kulturminnelova § 25 skal fylkeskommunen givast høve til å uttala seg til alle saker som omhandlar riving eller vesentleg endring av byggverk oppført før 1850. Med omsyn til arkeologi er det Riksantikvaren som er delegert styremakt til å dispensera frå Kulturminnelova for frigiving av automatisk freda kulturminne.

Forskrift om fagleg ansvarsfordeling etter Kulturminnelova av 9. februar 1979, sist endra 1. januar 2007, set reglar for kva instansar som er rette styremakt i forhold til dei ulike paragrafane i kml (Riksantikvaren, dei arkeologiske landsdelsmusea, sjøfartsmusea, fylkeskommunane/Sametinget, NIKU - Norsk institutt for kulturminneforskning).

Plan - og bygningslova (pbl)

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 med endringar sist av 1. juli 2010 er den viktigaste reiskapen for kommunane til å ta vare på kulturarven for framtida. Pbl vart ofte namngitt som «kommunane si eiga vernelov», sidan ho gir gode moglegheiter for vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne og kulturmiljø kan gjennom denne lova i første rekke sikrast gjennom arealdelen eller reguleringsplanen i kommuneplanen.

Kommunane kan gjennom pbl regulera til omsynssoner for kulturmiljø C eller D. Dette er eit verkemiddel der kommunane gjennom vedtaksstyremakta si er gitt høve til å sikra kulturminne og kulturmiljø av nasjonal så vel som regional og lokal verdi.

Som planstyremakt har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturarven. Kommunen kan ved bruk av plan - og bygningslova sikra vern av kulturminne og kulturmiljø på to nivå:

Kommuneplannivå, jf. § 11 - 8

Reguleringsplannivå, jf. § 12 – 6

Anna lovverk

Naturvernlova heimlar landskapsvern, og gir heimel for vern av område og bygningsmiljø (§ 5).

Lov om kyrkjegardar og kyrkjers omgivnader

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelegheitslova).

Gjennom ratifisering av internasjonale konvensjonar forpliktar Noreg til å forvalta den fysiske kulturarven vår på ein forsvarleg måte. Gjennom UNESCO konvensjon om natur- og kulturarven i verda, Europarådets konvensjon om vern av Europas arkitekturarv, Europarådets konvensjon om den arkeologiske kulturarven, UNIDROITS konvensjon om stolen eller ulovleg utførte kulturgjenstandar, Haag-konvensjonen (konvensjon om vern av kulturminne i tilfelle væpna konflikt), konvensjon om tiltak for å forby og forhindre ulovleg import og eksport av kulturminne og ulovleg overføring av eigedomsrett til kulturminne og den europeiske landskapskonvensjonen er Noreg forplikta til å forvalta og sikra den fysiske kulturarven vår på ein forsvarleg måte. Internasjonalt arbeid skal bidra til å sikra kulturelle rettar, utveksla kunnskap og etablera kulturminnevern som ein viktig del av eit sektorovergripande miljøvern.

Kjelder

[Kulturminneplan Time kommune 2008 - 2019](#) Vedteken av Time kommunestyre 04.11.2008

Time kommunes kartportal og Kommuneplanen 2018-2030 arealdelen, Time kommune

Planar Time:

- [Kommunedelplanar - Hovedportal \(time.kommune.no\)](#)

- [Kommuneplan - Hovedportal \(time.kommune.no\)](#)

Kulturminneplan Sola kommune, Asplan Viak, vedteken 2019

Riksantikvaren si nettside [Riksantikvaren - direktoratet for kulturmiljøforvalting](#)

Rogaland fylkeskommune, Regional plan for kulturmiljø, 2023.

Rogaland fylkeskommune, Regionale utviklingstrekk Rogaland 2022

Kverneland fabrikker, nettside.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) [Oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse - Riksantikvaren](#)

Riksantikvaren sin database Askeladden med SEFRAK

Jærmuseet

Google maps/ Google street view

1881 Kart

Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekrefat og mangfold

Miljødirektoratet, [Meld. St. 16 \(2019-2020\) \(regjeringen.no\)](#)

Utskiftingskart: [Eiendommer med jordskiftesaker i TIME kommune: \(domstol.no\)](#)

Bryne: [Time kommune - 20.12.22 - Kulturmiljø av regional interesse \(rogfk.no\)](#)

Regional kartportal: [Saksbehandling - kultur \(temakart-rogaland.no\)](#)

[Kommunevis oversikt over kulturmiljø i pdf - Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](#)

[Regionalplan for kulturmiljø - Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](#)

Andres KU-rapporter: [KU-rapport for Kommuneplanens arealdel-Fase 2 \(time.kommune.no\)](#)

Lindanger B. & Waula J. E. Time: Gard og ætt bind I-V

Haavaldsen, P. (1997) Lavteknologisk jernframstilling i Rogaland i jernalder og middelalder. I Selsing, L. (red.) Fire fragmenter fra en forhistorisk virkelighet, pp. 69-93. Stavanger: Arkeologisk museum i Stavanger

Andre kjelder:

Medverkingsverknad

Sigbjørn Reime

